

## **Potensielle årsakar til bidialektale språkpraksisar og syskenflokkar som bidialektale praksisfellesskap**

Ein studie av bidialektale språkbrukarar med fokus på den fasen i den dialektale sosialiseringprosessen der dei bidialektale språkpraksisane utvikla og konsoliderte seg, og av syskenflokkar som bidialektale praksisfellesskap

ELINE ÅSLAND THORSLAND

RETTLEIAR

Elin Gunleifsen

**Universitetet i Agder, 2023**

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag



## **Forord**

Etter fem fine år ved Universitetet i Agder er det avsluttande masterprosjektet ved vegs ende, og eg vil av den grunn rette ein velfortent takk til ei rekkje menneske som på ulike måtar har bidrege til at dette prosjektet har latt seg gjennomføre.

Tusen takk til min dyktige rettleiar Elin Gunleifsen for gode innspel, positivitet og oppfølging gjennom året.

Tusen takk til dei hyggelege og reflekterte informantane som sette av tid til å delta i masterprosjektet mitt, det er eg svært takknemleg for.

Tusen takk til gode vennar for all støtte og for sunne avbrekk frå skriveprosessen med jamne mellomrom.

Tusen takk til mamma Britt Enny for uendeleg mange timar med telefonsamtalar og for all omsorg, hjelp og støtte du har gitt.

Tusen takk til pappa Edvin for at du er ein solid støttespelar med ei urokkeleg tru på meg og mine evner.

Tusen takk til Ingrid og Jørund for varmande ord, korrekturlesing og oppmuntring når behovet for ein motivasjonstale har meldt seg.

Og ikkje minst, tusen takk til mannen min Stig André for alt du har gjort for meg dette året og for at du alltid hjelper meg med å løfte blikket når eg treng det som mest.

*Eline Åsland Thorsland, Kristiansand, mai 2023*

# Innholdsliste

<b>Forord</b> .....	<b>1</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 <i>Bakgrunn for val av tema</i> .....	1
1.2 <i>Føremål og forskingsspørsmål</i> .....	2
1.3 <i>Struktur og avgrensingar</i> .....	3
<b>2 Teoretisk grunnlag for bidialektisme som språkleg fenomen</b> .....	<b>5</b>
2.1 <i>Bidialektisme i ein sosiokulturell lingvistisk tradisjon</i> .....	5
2.2 <i>Tidlegare studiar på bidialektisme</i> .....	9
2.3 <i>Omgrepsavklaringar</i> .....	12
2.3.1 <i>Bidialektisme og bidialektale språkpraksisar</i> .....	13
2.3.2 <i>Den dialektale sosialiseringprosessen</i> .....	20
2.3.3 <i>Dialektale og bidialektale praksisfellesskap</i> .....	29
<b>3 Metode</b> .....	<b>34</b>
3.1 <i>Kvalitativ metode</i> .....	34
3.2 <i>Planlegging og gjennomføring av intervju</i> .....	37
<b>4 Resultat og analyse</b> .....	<b>42</b>
4.1 <i>Informantportrett</i> .....	42
4.2 <i>Refleksjonar og tankar rundt den dialektale sosialiseringprosessen</i> .....	48
4.3 <i>Refleksjonar og tankar rundt dialektale og bidialektale praksisfellesskap</i> .....	58
<b>5 Drøfting av forskingsspørsmåla</b> .....	<b>63</b>
<b>6 Litteraturliste</b> .....	<b>73</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Sjå føre deg at du i ein samtale får spørsmål om kvifor du snakkar på den måten du gjer eller med den dialekten du gjer. Kanskje handlar svaret ditt om staden du har vakse opp, korleis foreldra dine snakkar eller kanskje har du ingen god forklaring på kvifor du snakkar slik. I det norske språksamfunnet finn ein eit mangfald av språkbrukarar som beherskar og brukar ei rekkje ulike språklege variantar. Ei gruppe av språkbrukarar som nok ofte har opplevd å få spørsmål om kvifor dei snakkar slik dei gjer, er dei såkalla bidialektale språkbrukarane. Det vil kort sagt seie språkbrukarar som «*har mulighet og vilje til å fungere på to (eller flere) dialekter*» (van Ommeren, 2016, s. 50). Dialekt vert i denne samanhengen forstått som nemning på eit «*geografisk bestemt språkssystem*» (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 25–26).

Gjennom det som vert omtala som den språklege sosialiseringsprosessen lærer nye språkbrukarar korleis dei skal ta del i eit språksamfunn gjennom å tileigne seg språkleg kompetanse og normer for språkbruk (Neteland, 2017, s. 35). Ulike faktorar av kulturell, sosial og økonomisk art verkar inn på den språklege sosialiseringa, i kombinasjon med språkbrukaren si aktive rolle i «*de sosiale strukturene de er sosialisert inn i*» (Bugge, 2015, s. 87). Det er altså ei rekkje element ein kan utforske når det gjeld kvifor og korleis språkbrukarar utviklar visse mønster og praksisar for språkbruk. Når det gjeld bidialektale språkbrukarar, er det interessant å få innblikk i kva faktorar som kan liggje til grunn for at nokre syskenflokkar utviklar bidialektale språkpraksisar, medan andre ikkje gjer det.

Eit slikt spørsmål aktualiserer den språklege sosialiseringsprosessen den bidialektale språkbrukaren går gjennom, i form av kva som har kjenneteikna og verka inn på denne. Etersom det er snakk om ein språkleg sosialiseringsprosess der utviklinga og konsolideringa av to parallelle dialektar står i fokus, vert nemninga dialektal sosialisering brukt til fordel for språkleg sosialisering. Omgrepet dialektal sosialisering er henta frå Mæhlums (1992) studie på språklege strategiar blant barn og ungdom i Longyearbyen, og eg kjem tilbake til innhaldet i både omgrepet og studien på eit seinare tidspunkt. Ein interesse og nysgjerrigheit rundt dialektal sosialisering, kombinert med van Ommeren sine tankar om moglege vegar vidare for

studiar på bidialektisme (van Ommeren, 2016, s. 379), vart grunnlaget for å fastsetje temaet i denne masteroppgåva.

## 1.2 Føremål og forskingsspørsmål

Målet med denne studien er å tilby ei potensiell forklaring eller kunne peike på nokre faktorar som seier noko om kvifor utvalde syskenpar/syskenflokkar utviklar bidialektale språkpraksisar og strategiar. Måten dette vert gjort på er gjennom å intervju eit utval av bidialektale informantar for å få innsikt i deira tankar og refleksjonar rundt eigen dialektale sosialiseringsspross. Tidlegare studiar på bidialektisme har i hovudsak hatt perspektiva og betraktningane til einskildindividet i fokus (Indrehus, 2014; Isaksætre, 2022; Klynderud, 1999; Nilsen, 2005; van Ommeren, 2016). Denne studien kan av den grunn tilby ei alternativ tilnærming til fenomenet gjennom sitt fokus på syskenpar/syskenflokkar som ei gruppe av praktiserande bidialektale i eit såkalla praksisfellesskap. Omgrepet praksisfellesskap vert nærmare handsama i del 2.3.3, men handlar kort sagt om mindre, sosialt konstruerte språkgrupper med relevans for den einskilde språkbrukar på grunnlag av til dømes felles normer for språkbruk (van Ommeren, 2016, s. 69).

I denne studien vert det mellom anna undersøkt kva forhold informantane opplever at har verka inn på den fasen i den dialektale sosialiseringa der dei bidialektale språkpraksisane har utvikla og konsolidert seg, med blick på relevante sosiale grupper og sosiale institusjonar som familie (derunder sysken), vennar, barnehage og jamaldrande barn. Vidare vert dei bidialektale praksisfellesskapa utforska, der ein ser på det språklege samspelet mellom bidialektale sysken og på språklege normer og strategiar innanfor praksisfellesskapet.

Med utgangspunkt i desse synsmåtane er det formulert eit overordna forskingsspørsmål, som ein igjen kan dele inn i to underordna spørsmål. Det overordna forskingsspørsmålet er:

*Kvifor utviklar nokre språkbrukarar bidialektale språkpraksisar, og korleis fungerer dei bidialektale språkpraksisane innanfor praksisfellesskapet av eit syskenpar/ein syskenflokk?*

1. Kva forhold har verka inn på den fasen i den dialektale sosialiseringssprossen der dei bidialektale språkpraksisane har utvikla og konsolidert seg?

2. Kva kjenneteiknar syskenpar/syskenflokkar som bidialektale praksisfellesskap, og kva funksjon har dei bidialektale praksisfellesskapa hatt i utviklinga, konsolideringa og vedlikehaldet av dei bidialektale språkpraksisane?

### **1.3 Struktur og avgrensingar**

Oppgåva består av til saman fem delar. Fyrste kapittel inneheld presentasjon av tema og forskingsspørsmål, samt ein oversikt over strukturen i oppgåva og dei avgrensingane som er gjort. I kapittel to kjem det fyrst eit historisk overblikk over den sosiokulturelle lingvistiske tradisjonen, med mål om å setje bidialektisme som studieobjekt inn i ein større fagleg samanheng. Deretter vert det presentert ein oversikt over tidlegare norske studiar på fenomenet bidialektisme. Til slutt vert det gjort greie for teoretiske perspektiv og sentrale omgrep, for å kunne etablere ei felles forståing for det omgrepsteoretiske grunnlaget som studien springer ut frå.

Studien brukar kvalitative individuelle intervju og gruppeintervju som metode for innsamling av materiale. I kapittel tre vert det derfor gjort greie for kvalitativ metode, og grunnlaget for val av metodisk tilnærming, i ljøs av den sosiokulturelle lingvistiske tradisjonen studien føyer seg inn i. Vidare vert sentrale faktorar som validitet, representativitet og reliabilitet presentert, med vekt på korleis omsynet til desse er forsøkt sikra. Til slutt kjem det ein oversikt over kva vurderingar som er gjort i samband med førebuing og gjennomføring av intervju, slik som grunngeving for utval, praktiske vurderingar og moglege innvendingar.

I kapittel fire vert det gjort greie for det innsamla materialet gjennom å presentere dei utvalde informantane og deira dialektale bakgrunn i form av eit informantportrett. Vidare vert opplevingane, erfaringane og refleksjonane til dei bidialektale informantane lagt fram og forsøkt systematisert inn under hovudtemaa dialektal sosialiseringsprosess og dialektale og bidialektale praksisfellesskap. I denne delen er informantane sine utsegn frå intervju (jf. vedlegg 1) brukt undervegs, både som døme på momenta som vert handsama og for å knyte empiri og teori tettare saman.

I kapittel fem vert datamaterialet frå kapittel fire drøfta med utgangspunkt i dei tre forskingsspørsmåla. Strukturen i kapittelet følgjer same prinsipp som i kapittel fire, og

kapittelet er organisert slik at dei to underordna forskingsspørsmåla vert handsama kvar for seg, i likskap med temaa i underoverskriftene i kapittel fire. Til slutt vert hovudpunkta frå drøftinga samanfatta i forsøk på å kunne leggje fram nokre svar eller synsmåtar på det overordna forskingsspørsmålet. I tillegg vert det reflektert kort over kvifor nye perspektiv på bidialektisme som språkleg fenomen kan vere av språkvitskapeleg verdi.



## 2 Teoretisk grunnlag for bidialektisme som språkleg fenomen

### 2.1 Bidialektisme i ein sosiokulturell lingvistisk tradisjon

I forsøk på å posisjonere studien innanfor ein fagleg tradisjon, framstår det som sentralt å gjere greie for den lingvistiske retninga som studiar på bidialektisme har sitt utspring i. Generelt sett handlar posisjonering innanfor språkvitskapen i hovudsak om kva tilnærming ein har til språket som analyseobjekt. Historisk sett har metodisk tilnærming hatt stor betydning i spørsmålet om språkvitskapen kan reknast som naturvitskapeleg eller humanvitskapeleg. Medan ein i den naturvitskapelege tradisjonen føretek studiar på «språkets systematiske natur og lovmessige utvikling», vert det i den humanvitskapelege tradisjonen lagt vekt på kulturelle og sosiale sider ved språket (Hårstad et al., 2017, s. 15).

Sjølv om ein vanskeleg kan omtale sosiolingvistikken som ein einsarta forskingstradisjon, kan likevel ulike retningar kjenneteiknast av at dei fokuserer på dei sosiale sidene ved språket (Hårstad et al., 2017, s. 105 og 122). Av den grunn har sosiolingvistikken tradisjonelt sett vore rekna for å vere ein typisk humanvitskapeleg lingvistisk retning. Når det gjeld røtene til fagområdet, har sosiolingvistikken opphav i ulike lingvistiske retningar, slik som den historisk-komparative lingvistikken, fleirspråklegheitsforskninga og dialektologien (Hårstad et al., 2017, s. 113; Koerner, 1991, s. 65). Særleg koplinga til fleirspråklegheitsforskninga og dialektologien framstår som sentralt i relasjon til studiar på bidialektisme.

At sosiolingvistikken har røter i ulike lingvistiske retningar bør sjåast i samanheng med ein såkalla periodiseringsproblematikk. Omgrepet refererer til utfordringane med å konkret tidfeste etableringa av ein ny fagdisiplin, og rører også ved spørsmålet om ein i det heile tatt står ovanfor ei ny lingvistisk retning (Mæhlum, 1996b, s. 175). Trass i periodiseringsproblematikk, er mange samde om at ein i alle fall kan snakke om sosiolingvistikkk som fagdisiplin frå 1950-talet (Hårstad et al., 2017, s. 93; Koerner, 1991). I nordisk samanheng tidfestar Mæhlum framveksten av sosiolingvistikken til rundt 1970, sjølv om ho i likskap med Hårstad et al. er tydeleg på at det også tidlegare enn dei nemnde årstala har vorte gjennomført studiar som i dag ville falt innanfor den sosiolingvistiske eller sosiokulturelle kategorien (Hårstad et al., 2017, s. 93; Mæhlum, 1996b, s. 175).

Det gjeld særleg innanfor fagdisiplinen kalla dialektologi. Mæhlum argumenterer for at forholdet mellom sosiolingvistik og dialektologi innanfor nordisk språkforskning både kan vere uttrykk for fagleg kontinuitet og som eit faghistorisk brot (Mæhlum, 1996b, s. 176). Ho viser til at ulike faktorar kan tale for anten kontinuitet eller faghistorisk brot, gjennom å liste opp og gjere greie for ei rekkje moment. Kort fortalt har sosiale og psykologiske element, også før sosiolingvistikken tid, vorte vektlagt i språkstudiar. Samstundes skil sosiolingvistikken og dialektologien seg tydeleg frå kvarandre på andre område, slik som kva som er primærintensjon, metodisk tilnærming og type informantar. Mæhlum (1996b) skriv:

At store deler av den sosiolingvistiske forskningen i realiteten hviler på den grunnmuren de klassiske dialektologene har bygd, er for øvrig et faktum som gjør det generelt vanskelig å operere med noe klart disiplinært skisma i denne forbindelsen. Dette problemet er ikke minst påtakelig når det gjelder å klassifisere den typen moderne forskere som vel aldri kan sies å ha foretatt noen konvertering til sosiolingvistikken, men som like fullt har en naturlig og integrert «sosiolingvistisk» dimensjon i sine for øvrig rotfestete tradisjonelle dialektologiske arbeider. (s. 197)

Banda til dialektologien kan mellom anna kome til uttrykk gjennom at bidialektisme tidlegare har vorte omtala i samband med studiar på dialektendringar. Ein kan mellom anna sjå til situasjonar der dialektar er utsette, til dømes gjennom konkurranse frå eit regionalt talemål eller eit standardtalemål. Dialektar kan i slike tilfelle anten verte verne om, verte erstatta med ein annan eller døy ut. Ofte gjer fleire faktorar seg gjeldande når ein skal utforske kvifor ein skilde dialektar vert verna om, medan andre ikkje. Særleg faktorar som økonomi og sosial status vert trekt fram som sentrale i slike dialektendringsprosessar (Mæhlum et al., 2008, s. 65).

Ein kan seie at den såkalla dialektgeografien har vore del av grunnlaget for Labov sin svært tydingsfulle sosiolingvistiske studie på dialektvariasjon på øya Marthas Vineyard i USA i 1962 (Hårstad et al., 2017, s. 116). Med denne studien viste Labov korleis ein kunne studere og utforske språkleg variasjon samstundes som ein tok i bruk tilnærmingar og metodar som verna om studiane sin vitskapelegheit (Hårstad et al., 2017, s. 116–117). Eit anna kjenneteikn ved studien frå Marthas Vineyard er bruken av etnografisk orienterte metodar, gjennom mellom anna å utforske språkleg variasjon og endring i ljøs av den sosiale meininga til språklege trekk (Eckert, 2012, s. 88; Hårstad et al., 2017, s. 116). Med eit fokus på sosial

meining i språkleg variasjon skil denne studien seg frå studien som fire år seinare markerer startskotet for det Eckert omtalar som fyrste bølge av variasjonistiske studiar, nemleg Labov sin studie på «*Social Stratification of English in New York City*» (Eckert, 2012, s. 88).

Ifølgje Eckert bevegar variasjonistiske studiar i fyrste bølge seg bort frå etnografiske tilnærmingar og lokale kategoriar, slik som i studien på Marthas Vineyard, og i retning surveyar og primærkategoriar. Det same gjeld omdreiinga frå fokus på sosial mening i 1962-studien, og over til å leggje vekt på såkalla makrososiologiske kategoriar i 1966-studien (Eckert, 2012, s. 88). Skiftet i fokus handlar om at ein no forsøker å finne korrelasjonar mellom dei makrososiologiske kategoriane og språklege variasjonar. Dei makrososiologiske kategoriane omfattar sosioøkonomisk klasse, etnisitet, kjønn, alder og klasse (Eckert, 2012, s. 87). Ein kan til dømes sjå ein type språkbruk som uttrykk for språkbrukarens klasse eller posisjon.

Makroperspektivet som er typisk for den labovianske tradisjonen gjer seg særleg gjeldande i fyrste bølge, og studiane rettar fokuset mot språkleg variasjon på språksamfunnsnivå (Eckert, 2012, s. 88 og 90; Hårstad et al., 2017, s. 116 og 122). Eckert (2012) skriv at val av metode og førehandsbestemte kategoriar resulterer i at:

[...] studies in the first wave interpreted the social significance of variation on the basis of a general understanding of the categories that served to select and classify speakers rather than through direct knowledge of the speakers themselves and their communities. (s. 90).

I Eckerts andre bølge vert etnografiske tilnæringsmåtar tatt i bruk for å kunne få eit betre innblikk i variasjonsdynamikk på eit meir lokalt og individorientert nivå. I forsøk på å betre forstå språklege variasjonsmønster vert makrososiologiske kategoriar som til dømes kjønn, klasse og alder sett i ljøs av lokale, konkrete kategoriar (Eckert, 2012, s. 90–91). På same tid vert det også i den andre bølge brukt det som framstår som statiske kategoriar av språkbrukarar. Ein annan likskap med fyrste bølge er at identitet vert sett på som uttrykk for tilhøyrse til ein type kategori (Eckert, 2012, s. 93).

Vektlegginga av den etnografisk orienterte metodologien vert vidareført i den tredje bølge, men her vert den kopla saman med eit meir utprega stilistisk perspektiv (Eckert, 2012, s. 93).

Det stilistiske perspektivet inneber at ein tilskriv språkbrukaren ei aktiv rolle i det å skape sosial meining, deriblant sosial identitet, gjennom eigen språkbruk (Hårstad et al., 2017, s. 123; Hårstad et al., 2021, s. 34). Den språklege variasjonen som kjem til uttrykk gjennom språkbruken kan dermed verte sett på som uttrykk for «performativ utnyttelse av semiotiske ressurser, og dermed noe som ikke reflekterer sosial tilhørighet og identitet, men konstituerer dette» (Eckert, 2012, s. 93–94; van Ommeren, 2016, s. 66). I den tredje bølga vert språkbruken sett på som heilt vesentleg i konstruksjonen av ein sosial identitet, noko som står i klar kontrast til det å sjå språkbruken som refleksjon av kategoritilhøyrse, slik som Labov hevda i sin sosialklassemodell (Hårstad et al., 2017, s. 123).

Eit slikt syn på sosial identitetskonstruksjon framstår som eit relevant perspektiv når ein skal utforske potensielle årsaker til utvikling og konsolidering av bidialektisme. Eit anna element frå den tredje bølga som er relevant i denne samanhengen, er måten språkbruken som stilistisk praksis vert studert i ljøs av omgrepet praksisfellesskap. I staden for at språkleg variasjon og endring vert studert innanfor ramma av eit språksamfunn, vert det heller føreteke studiar innanfor sosialt konstruerte fellesskap. Slike fellesskap kan på ein annan måte enn den analytiske størrelsen språksamfunn vere av sosial relevans for språkbrukaren ein skal studere (van Ommeren, 2016, s. 66). Ved hjelp av tilgjengelege semiotiske ressursar kan ein språkbrukar konstruere sin språklege stil, slik at stilen vert uttrykk for deira funksjon og tilhøyrse til ulike praksisfellesskap (van Ommeren, 2016, s. 67).

Ein ser tydelege teikn til inspirasjon frå den tredje bølga i nyare studiar på bidialektisme. Korleis inspirasjonen meir konkret kjem til uttrykk vil sjølvstund variere mellom dei ulike studiane og deira føremål. I korte trekk kan ein hevde at det generelt sett handlar om eit utprega fokus på å utforske korleis dei bidialektale språkpraksisane både kan produsere og reprodusere sosial meining. Sentrale element vil vere konstruksjon og realisering av identitet, og måten bidialektale språkbrukarar kan bruke sine bidialektale språkpraksisar til å skape og uttrykkje identitet, både ovanfor seg sjølv og i relasjon til andre. Eit anna aspekt er måten «[s]pråklige enheter som bærer visse verdier eller sosiale betydingar» kan tas i bruk for å etablere sosiale skiljelinjer (Hårstad et al., 2021, s. 34), til dømes gjennom språklege praksisfellesskap.

Med denne avgrensa presentasjonen av sosiokulturell lingvistikk, vart det gjort forsøk på å gjere greie for den historiske bakgrunnen for fagtradisjonen som denne studien teoretisk og metodologisk har sitt utspring i. I likskap med Hårstad et al. (2021) vert nemninga sosiokulturell lingvistikk brukt til fordel for sosiolingvistikk. Bakgrunnen for valet er eit ynske om hindre forveksling med den labovske variasjonslingvistikken, ettersom den ofte vert tett assosiert med nemninga sosiolingvistikk (Hårstad et al., 2021, s. 33). Ein kan sjølvsagt diskutere om ein framleis burde omtale retninga som sosiolingvistikk, om enn «ikkje i si fulle breidd, men i moderne drakt» (Røsstad, 2022, s. 243), men eg vel å ikkje gå djupare i den diskusjonen her. Presentasjonen er altså på fleire måtar avgrensa til å berre røre i overflaten av nokre retningar innanfor sosiokulturell lingvistikk, men håpet er at den likevel kan fungere som eit føremålstenleg grunnlag for vidare utgreiing av studiar på bidialektisme og av relevante omgrep. Samstundes er skildringa meint til å gje eit innblikk i at den sosiokulturelle lingvistikken rommar eit metodisk, teoretisk og analytisk mangfald, og derfor best kan forståast som ei samlenemning på studiar som omhandlar sosiale aspekt ved språk (Hårstad et al., 2017, s. 122; van Ommeren, 2016, s. 4 og 53).

## **2.2 Tidlegare studiar på bidialektisme**

Når det gjeld presentasjon av tidlegare studiar på bidialektisme, vert utvalet i dette tilfellet avgrensa til å omfatte korte innblikk i eit utval norske studiar. Grunngevinga er eit forsøk på å avgrense teoretisk materiale med omsyn til oppgåvas omfang. Bidialektisme, eller kodeveksling mellom norske varietetar, har tidlegare vorte tematisert i studien til Blom og Gumperz frå 1972, den nemnde doktorgradsavhandlinga til van Ommeren (2016), samt eit utval hovud- og masteroppgåver (Indrehus, 2014; Isaksætre, 2022; Klynderud, 1999; Nilsen, 2005). Sjølv om denne studien teoretisk og metodisk plasserer seg innanfor same retning som dei føregåande studiane, er tilnærminga justert og tilpassa i forsøk på å bringe fram nye innsikter i fenomenet.

Sjølv om studien til Blom og Gumperz (1972) er kraftig kritisert av mellom anna Mæhlum (1996a), er den likevel ein av få studiar som har skildra bidialektisme i form av kodeveksling i Noreg. Studien skildrar det som er ei tilsynelatande kodeveksling mellom den lokale dialekten ranamål og talt bokmål blant busetnaden på Hemnesberget i Nordland. Ifølgje Blom og Gumperz vert den lokale dialekten og talt bokmål haldt tydeleg frå kvarandre, i den forstand at dei høvesvis representerer ulike område i samfunnet og vert tileigna ulike verdiar.

Det vert lagt til grunn at begge varietetane spelar tilnærma like stor rolle i språkbruken til innbyggjarane på Hemnesberget (Blom & Gumperz, 1972).

Kritikken Mæhlum (1996a) rettar mot nemnde studie handlar i hovudsak om metodeval og det som framstår som mangelfull kjennskap til talemålssituasjonen i Noreg. Ei dialektveksling tilsvarande den Blom og Gumperz (1972) skildrar på Hemnesberget, står i klar kontrast til andre norske språksamfunn som har vorte studert og kartlagt. Det på same tid som det ikkje verkar å vere sosiokulturelle faktorar ved Hemnesberget som språksamfunn som tilseier at det skulle representere eit slikt språkleg unntak i norsk samanheng (Mæhlum, 1996a, s. 752). Vidare kritiserer Mæhlum måten Blom og Gumperz skildrar forholdet mellom dialekt og standard i Noreg som eit disglossisk forhold, ettersom det ikkje er eit korrekt bilete av språksituasjonen i Noreg (Mæhlum, 1996a, s. 754). Dei metodologiske manglane ved studien kjem mellom anna til uttrykk gjennom informantrekrutteringa, observasjonen av språk i ikkje-autentiske omgjevnadar og det som vert omtala som «deductive reasoning supported by a unstructured ethnographic observation» (Blom & Gumperz, 1972, s. 426; Mæhlum, 1996a, s. 757). Mæhlum konkluderer med at det er svært uheldig at Blom og Gumperz (1972) sin teoretiske modell har fått empirisk status, når nettopp det empiriske grunnlaget har såpass alvorlege mangler (Mæhlum, 1996a, s. 760).

Den mest omfattande studien på bidialektisme i Noreg er gjennomført av van Ommeren (2016). Gjennom å anleggje ei utforskande tilnærming til fenomenet, gjennomfører ho ein kvalitativ studie av språkpraksisane til bidialektale språkbrukarar. Doktorgradsavhandlinga samanfatar omtale av og forskning på fenomenet, både i Noreg og utanlands. I ljøs av ulike teoriar, samt kategoriar av bidialektisme og fleirspråklegheit, vert det gjort forsøk på å formulere ein definisjon som tek omsyn til ulike aspekt ved bidialektisme, slik som kompetanse, haldning og funksjon. Vidare utforskar ho bidialektisme både som språkleg fenomen, gjennom språklege data frå bidialektale språkbrukarar, og som sosiolingvistisk fenomen. Sistnemnde handlar om element som bakgrunn og motivasjon for utvikling og bruk av bidialektale språkpraksisar, samt handsaming av normer og ideologiar som kan vere styrande for deira deltaking i ulike språklege praksisfellesskap (van Ommeren, 2016).

I likskap med van Ommeren (2016), inneheld også studien til Klynderud (1999) språklege data frå bidialektale språkbrukarar. Klynderud brukar mor si som informant, og opptaka av henne i ulike samtalsituasjonar dannar grunnlaget for å kunne seie noko om kva situasjonar

som aktualiserer veksling mellom dialektar, samt skildre den intrasituasjonelle vekslinga som finn stad. Studien relaterer i stor grad informantens bidialektale språkpraksisar til omgrep som kodeveksling og kodeblanding. Analysen rettar fokuset mot dei språklege aspekta og på såkalla kodevekslingsstrategiar (Klynderud, 1999).

Studien til Nilsen (2005) har som siktemål å utforske opplevingane og erfaringane til bidialektale språkbrukarar. Ho skildrar mellom anna hennar og syskena sin språklege utvikling og kvardag, og deira opplevingar med å beherske og bruke to ulike dialektar. Syskena fungerer på den måten som djupneinformantar. Hennar empiriske grunnlag baserer seg på samtale med djupneinformantane, i tillegg til spørjeskjema svara på av 11 andre bidialektale språkbrukarar. Desse vert omtala som sideinformantar. Informantane si dialektveksling vert sett i ljøs av konstruksjon og realisering av identitet, der ho kjem fram til at to internaliserte dialektar opnar for å realisere identitet på ulike måtar. Sjølv om identitet og dialektveksling ser ut til å vere tett kopla, viser ho samstundes til at det er store sprik i svara når det gjeld kva innverknad dialektvekslinga har på identitetskjenning (Nilsen, 2005, s. 98–99).

Indrehus (2014) rettar også i sin studie fokus mot samanhengen mellom bidialektal veksling og identitet. Gjennom å studere fire informantars opplevingar og perspektiv på bidialektale språkpraksisar, søker ho å utforske koplinga mellom bidialektisme, identitetskjenning, sosiale roller og relasjonar. Ho tek mellom anna i bruk ulike identitetsteoriar i forsøk på å forklare dei språklege vala til informantane. Sjølv om Indrehus trekkjer fram at det kan vere vanskeleg å konkludere på basis av eit datamateriale bestående av individuell variasjon, så hevdar ho likevel at materialet gjev grunnlag for å kunne omtale dei bidialektale språkpraksisane som relasjonsmarkørar. Ho hevdar at det mellom brukarane av same dialekt vert etablert eit slags språkleg fellesskap, slik som til dømes mellom informanten June og systera hennar (Indrehus, 2014, s. 86). På den måten vil kodevekslinga mellom dialektane kunne ha ein tydeleg funksjon, i form av å inkludere og ekskludere språkbrukarar i samtalsituasjonar. Kva dialekt dei bidialektale vel å bruke, sender tydelege signal om kven dei vender seg til (Indrehus, 2014).

Å rette fokuset mot informantane sine opplevingar med bidialektisme, og derunder basere seg på rapportert bidialektal språkbruk, er eit likskapstrekk mellom studiane til Nilsen (2005), Indrehus (2014) og Isaksætre (2022). På andre måtar skil dei seg frå kvarandre, slik som i

metodisk tilnæringsmåte. Indrehus tek i bruk kvalitative intervju, medan Isaksætre brukar ein kombinasjon av kvalitativ gruppesamtale og kvantitative spørjeskjema. Den metodiske tilnærminga følgjer av Isaksætre sitt forsøk på å setje det ho omtalar som fleirdialektisme, inn i ein større språkleg samanheng. Måten ho gjer dette på er ved å utforske fleirdialektalisme i ljøs av haldningar til dialektar generelt sett, og sambandet mellom dialektbruk og uttrykking av identitet (Isaksætre, 2022).

Årsakene eller bakgrunnsfaktorane for utvikling av bidialektale språkpraksisar har altså vorte handsama på ein meir overflatisk måte, som følgje av at tidlegare studiar har hatt meir eksplisitt fokus mot andre aspekt ved bidialektisme som språkleg fenomen. I tillegg er dei også alle individsentrerte, i den forstand at dei utforskar og handsamar korleis bidialektale individ utviklar og brukar dei bidialektale språkpraksisane. Til skilnad vil denne studien i større grad opne opp for å anleggje eit gruppeperspektiv, gjennom å utforske korleis sysken kan utgjere bidialektale fellesskap og kva språklege praksisar, normer og strategiar som gjer seg gjeldande i desse fellesskapa.

I forlenginga av omtale av tidlegare studiar på bidialektisme, kan ein også nemne at det for tida vert gjennomført ein studie på bidialektisme ved Universitetet i Tromsø. Forskarar skal i denne studien kartleggje korleis hjernen handterer bidialektisme ved å analysere aktiviteten i hjernen til norske språkbrukarar. På den måten søker forskarane å få oversikt over korleis språkprosessane i hjernen handterer og vert påverka av ulike formar for språkleg og dialektal variasjon (Aarskog, 2022).

### **2.3 Omgrepsavklaringar**

Forskingsspørsmåla aktualiserer ei rekkje omgrep, slik som bidialektisme, dialektal sosialisering og praksisfellesskap. Omgrepa står i nær relasjon til kvarandre, som følgje av at dei er uttrykk for sentrale sider ved det å utvikle og bruke bidialektale språkpraksisar, individuelt sett og som del av ei gruppe. Tileigning av bidialektal språkkompetanse og normer for språkbruk vil vere sentrale delar av den bidialektale sin dialektale sosialiseringsprosess, ein prosess der ulike sosialiseringsagentar og språklege praksisfellesskap gjer seg gjeldande. I kraft av å dele dei bidialektale språkpraksisane kan syskena seiast å utgjere eit språkleg praksisfellesskap, eit fellesskap som kan vere av relevans og betyding for deira dialektale sosialiseringsprosess. Som følgje av at forkingsspørsmålet i denne oppgåva er formulert med bakgrunn i arbeidet til van Ommeren (2016), er inspirasjon



henta derifrå, i likskap med nokre sentrale definisjonar. I tråd med oppgåva sin karakter vert det samstundes gjort forsøk på å utforske grunnlaget for dei bidialektale språkpraksisane i ljøs av andre relevante og komplementerende perspektiv.

### **2.3.1 Bidialektisme og bidialektale språkpraksisar**

Tidlegare har det ikkje vorte arbeidd ut frå ein felles utforma definisjon med kriterium for kva det vil seie å vere bidialektal. Det kan ein sjå i samanheng med at bidialektisme ikkje har vore eit einsarta forskingsområde, men i staden har kome opp som eit relevant omgrep i samband med forskning på andre område (van Ommeren, 2016, s. 9–10). Eg vil i denne oppgåva ta utgangspunkt i definisjonen som vart formulert og teoretisk grunngjeve av van Ommeren (2016), som seier at ein språkbrukar kan reknast som bidialektal om vedkommande:

*[...] har mulighet og vilje til å fungere på to (eller flere) dialekter i samsvar med de sosiokulturelle kravene til et individs kommunikative og kognitive kompetanse som stilles av individet selv og medlemmer av de praksisfellesskapene de inngår i, samt har mulighet til å identifisere seg positivt med begge (eller alle) språkgruppene (og kulturene) eller deler av dem. (s. 50)*

Definisjonen vart formulert på bakgrunn av diskusjon rundt tidlegare utforma definisjonar av bidialektisme og bilingvisme, sett i ljøs av føremålet med sociolingvistisk forskning på fenomenet (van Ommeren, 2016, s. 36–51). Der bidialektisme handlar om å beherske to dialektar, vil omgrepet bilingvisme referere til liknande praksis, berre med språk (Simonsen, 2018). Som følgje av likskapstrekk mellom dei språklege praksisane, kan definisjonar på bilingvisme vere til hjelp i samband med studiar på bidialektale språkbrukarar. Før ein kan utforme ein definisjon av omgrepet bidialektisme, må ein skilje fenomenet frå andre liknande tilfelle og ta stilling til eksistensen av reelle bidialektale språkbrukarar (van Ommeren, 2016, s. 24).

I arbeidet med å utforme ein produktiv og anvendeleg definisjon må ulike omsyn stillast opp mot kvarandre. I ulike definisjonar av bilingvisme kan ein leggje varierende vekt på element som kompetansekrav, funksjonalitet eller identifikasjon (Skutnabb-Kangas, 1981, s. 85–93). Liknande variasjon kan ein vidareføre til ein definisjon av bidialektisme, der ulik vektlegging vil by på ulike utfordringar. Til dømes vil ein utprega kompetansebaserte definisjon fyrst og fremst reise spørsmål ved kva kompetanseomgrepet omfattar. Definisjonen til Hazen (2001, s.

92) legg til grunn eit kompetansekrav han hevdar at ingen dialektbrukarar vil kunne innfri. Til skilnad vert det i definisjonen til van Ommeren (2016) ikkje sett opp noko krav om ein produktiv munnleg kompetanse tilsvarande ein innfødd dialektbrukar.

Det ville av mange grunnar vore svært vanskeleg å foreta ei samanlikning mellom ein bidialektal språkbrukar og ein innfødd dialektbrukar når det gjeld kompetanse i språkbruk og språkleg variasjon i ein varietet, eit poeng som vert trekt fram av Anderson (2011, s. 300–301). Anderson problematiserer mellom anna kven ein skal samanlikne den bidialektale sin dialektkompetanse med. Ei rekkje faktorar kan vere relevante i ein slik utvalsprosess, slik som alder, bustad og dialektkompetanse i formell og sosiolingvistisk forstand. Sett i samanheng med at dialektar på ulike område og måtar er i ein kontinuerleg endringsprosess (Mæhlum & Røyneland, 2012), vil utvalskriteria leggje klare føringar for kven som vert rekna som bidialektal. Sjølv om det kan vere logisk å samanlikne den bidialektale språkbrukaren med sine jamaldrande, kan ein likevel stille spørsmål ved kven av dei jamaldrande ein skal samanlikne med, innanfor ein språkleg kontekst forma av jamleg endring og utvikling. I tillegg er det problematisk å avgjere kva dialektale trekk ein skal leggje vekt på i ei slik vurdering, særleg om ein dialektbrukar til dømes innehar dei karakteristiske morfologiske trekka i ein dialekt, men ikkje dei fonologiske. Tanken om ein ideell språkbrukar er ifølgje Anderson derfor svært problematisk (Anderson, 2011, s. 300–301).

I tillegg til utfordringane som Anderson (2011) gjer greie for, vil også ei samanlikning mellom ein bidialektal språkbrukar og ein innfødd dialektbrukar medføre metodologiske implikasjonar i form av korleis ein skal gå fram for å innhente eit gyldig samanlikningsgrunnlag (Skutnabb-Kangas, 1981, s. 85–88). Spørsmålet er korleis ein skal kunne gjere greie for faktisk språkbruk og språkleg variasjon hjå innfødde og bidialektale språkbrukarar. Her vil ein kunne støyte på praktiske utfordringar, slik som den potensielle skilnaden mellom rapportert språkbruk og faktisk språkbruk, og korleis ein skal vere i stand til å sikre at dei språklege dataa er uttrykk for autentisk bruk av dialektale uttryksmåtar. I tillegg ville ein få store utfordringar med å avgrense det språklege samanlikningsgrunnlaget frå begge parter si side.

Definisjonen til van Ommeren (2016) legg i staden meir vekt på individet si oppfatning av å vere bidialektal. Formuleringa «*mulighet og vilje til å fungere på to (eller flere) dialekter*» (van Ommeren, 2016, s. 50) siktar til at det sentrale er om dei bidialektale opplever og vurderer seg sjølv som innehavar av kompetanse til kunne bruke to eller fleire varietetar, ikkje

eit faktisk krav om såkalla innføddlik kompetanse. At definisjonen belagar seg på kommunikative og kognitive kompetansekrav av sosiokulturell art, krav som vert sett av individet sjølv og relevante praksisfellesskap, underbyggjer ei slik forståing (van Ommeren, 2016, s. 50). I ljøs av dei nemnde innvendingane mot eit utprega kompetansekrav, kan den generelle formuleringa til van Ommeren potensielt skape utfordringar i vurderinga av moglege bidialektale språkbrukarar. På den andre sida kan mangel på kompetansekrav gjere at definisjonen framstår som ufullstendig og useriøs, i den forstand at vurderinga baserer seg utelukkande på haldningsbaserte faktorar. Ein kan mellom anna stille spørsmål ved om kor reelle bidialektale ferdigheiter og praksisar ein faktisk studerer, når det er opplevingane og vurderingane til språkbrukaren som står i sentrum for definisjonen. Viktige nyanseringar kan gå tapt som følge av eit manglande eller svakt fokus på den bidialektale sin kommunikative kompetanse i dei respektive dialektane (van Ommeren, 2016, s. 39).

Identitet er eit anna sentralt trekk ved definisjonen til van Ommeren. Identitetsaspektet handlar i hovudsak om kva haldningar den bidialektale har ovanfor gruppene eller kulturane dei kan seiast å delta i eit dialektalt praksisfellesskap med. I definisjonen vert det føreset at den bidialektale språkbrukaren har moglegheit til å positivt identifisere seg med dei dialektale gruppene dei høyrer til. Ein kan sjå på identifikasjonskriteriumet som ei forlenging av haldningsaspektet (van Ommeren, 2016, s. 38). Det er i den samanheng relevant å poengtere at definisjonen føreset at språkbrukaren «*har mulighet til å identifisere seg positivt med begge (eller alle) språkgruppene (og kulturene) eller deler av dem*» (van Ommeren, 2016, s. 50), og dermed ikkje set opp faktisk positiv identifikasjon som eit kriterium. Kriteriet er i staden utforma med føresetnad om at moglegheita for positiv identifikasjon er til stades.

Van Ommeren trekkjer sjølv fram at definisjonen hennar kan vere for omfattande, og av den grunn ikkje gjev bidialektismeomgrepet eit konkret referansepunkt (van Ommeren, 2016, s. 50). Ein annan mogleg svakheit er mangelen på «målbare kriterier», der definisjonen i staden listar opp og viser til «en kategori av observasjoner» (van Ommeren, 2016, s. 51). Mangelen på målbare kriterium kan ein sjå i samanheng med måten Engen og Kulbrandstad (2004) omtalar bilingvisme som «noe man kan være på ulike måter og i forskjellig grad» (s. 62). Dersom ein overfører tankegangen til bidialektisme, verkar målbare kriterium både å vere vanskeleg å utforme og lite føremålstenleg, ettersom ingen bidialektale vil vere heilt like. Sjølv om definisjonen har klare haldningsbaserte trekk, er den likevel eit forsøk på å uttrykke korleis bidialektisme er eit samansett og komplekst fenomen der også krav til funksjon og

kompetanse har ei viktig rolle. At definisjonen i tillegg synleggjer det sosiale og individuelle aspektet ved fenomenet, kan også verte rekna som ein styrke (van Ommeren, 2016, s. 51). Styrker og potensielle svakheiter tatt i synsmåte, framstår likevel definisjonen til van Ommeren som eit fornuftig utgangspunkt for å handsame språkfenomenet bidialektisme.

I tråd med definisjonen, vel eg også å bruke dialektomgrepet i denne oppgåva, på kostnad av andre alternative omgrep som til dømes varietet eller geolekt. Ofte vert dialektomgrepet brukt som eit slags paraplyomgrep som både rommar variasjonar mellom ulike geografiske stader og språkvariasjon innanfor sosiale grupper, slik som til dømes generasjonsvariasjon (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 26). Av den grunn kan valet om å bruke eit slikt omgrep by på praktiske utfordringar i form av at ulike individ kan leggje ulike forståingar i omgrepet. Det er årsaka til at det i denne samanhengen vert lagt til grunn ei forståing av dialektomgrepet som eit talemål tilhøyrande eit geografisk avgrensa område (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 25–26). Dialektane som dei bidialektale vekslar mellom vert i det følgjande omtala som deira D1-dialekt og D2-dialekt, der fyrstnemnde siktar til dialekten dei omtalar som hovuddialekten eller morsmålsdialekten. Sistnemnde refererer til den andre dialekten som informantane beherskar og vekslar til i bestemte situasjonar.

Eit anna moment ved dialektomgrepet handlar om kvar ein skal trekkje opp grensene mellom ulike dialektområde, då det ofte er ein glidande overgang mellom tilgrensande dialektar (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 25–27). Når ein snakkar om veksling mellom dialektar, er det naturleg merke seg at ulike tilnærmingar til kva språk er, vil leggje ulike kriterium til grunn i vurderinga av om talemåla er ulike språk eller ulike dialektar. Slike kriterium kan vere av både språkleg, sosiopolitisk og historisk art, og ein bør sjå på kriteria på som delar av ei heilskapleg vurdering (Mæhlum et al., 2008, s. 18). Til dømes bør ikkje språklege kriterium som lingvistisk avstand eller gjensidig forståing åleine avgjere om det er snakk om ulike språk eller dialektar. Det handlar også om at dei språklege kriteria ikkje er objektive og enkelt målbare. Ein kan avgjere den lingvistiske avstanden på ulike måtar, og haldningar til språk vil leggje klare føringar for den gjensidige forståinga (Mæhlum et al., 2008, s. 20).

Eit illustrerande bilete på utfordringane med å setje opp tydelege kriterium for skiljet mellom språk og dialekt er dei såkalla dialektkontinuuma. Omgrepet referer til «*eit område der grannedialektane over alt er innbyrdes forståelege*» (Torp, 1998, s. 20). Noreg vil vere det av det ein kallar det skandinaviske dialektkontinuumet, som omfattar norske, danske og svenske dialektar (Torp, 1998, s. 20). Det skandinaviske dialektkontinuumet er eit geografisk

dialektkontinuum, og det inneber at skiljet mellom språk og dialektar i dei skandinaviske landa ikkje er trekt på eit lingvistisk grunnlag, men på eit politisk. Ein kan også finne sosialt baserte dialektkontinuum, slik som på Jamaica (Mæhlum et al., 2008, s. 20–22). I korte trekk kan dialektkontinuum og det uklare skiljet mellom språk og dialektar illustrere at bidialektisme er eit språkleg fenomen som er vanskeleg å avgrense om ein ikkje er tydeleg på kva ein legg i omgrepet dialekt.

Omgrep som ofte trer fram i samband med studiar på bidialektisme er kodeveksling og kodeblanding (Blom & Gumperz, 1972; Klynderud, 1999; Nilsen, 2005; van Ommeren, 2016). Kodeveksling inneber «å skifte mellom ulike språk, dialekter eller sosiolekter i en samtale» (Svennevig, 2021). Bidialektale språkbrukarar kan, i samsvar med definisjonen, veksle mellom dei ulike dialektane i ein og same samtale, men det er ikkje naudsynleg slik vekslinga går føre seg. Ein kan også trekkje inn korleis «kode» er eit meir opent og nøytralt omgrep samanlikna med til dømes «dialekt», i tillegg til at det vil vere definisjonsavhengig om alle bidialektale språkbrukarar kan verte rekna som kodevekslarar (van Ommeren, 2016, s. 12). I si avhandling handsamar van Ommeren (2016) samanhengen mellom dei tilgrensande omgrepa på ein meir vidtgåande måte. Som følgje av at fokuset i denne oppgåva ikkje er retta mot distinksjonen mellom kodeveksling og bidialektisme, vil det i denne samanhengen ikkje vere rom for ei utgreiing på området.

På grunnlag av intervju med bidialektale språkbrukarar kjem van Ommeren (2016) fram at dialektvekslinga kan vere motivert av ulike faktorar, slik som samtalepartnar, geografisk stad og samtaleemne (s. 243–256). Innsiktene som intervjuet gjev i motivasjonen for dialektvekslinga, vert samanfatta og inndelt i tre kategoriar med utgangspunkt i dei nemnde faktorane. Den fyrste kategorien handlar om samtalepartnar og korleis vekslinga kan verte utløyst av talemålet til samtalepartnar eller relasjonen mellom den bidialektale og samtalepartnaren (van Ommeren, 2016, s. 258–259). Neste kategori rettar fokuset bort frå samtalepartnar og over på situasjonelle forhold ved samhandlinga, til dømes ved at samtaleemne vert skifta (van Ommeren, 2016, s. 259). I den siste kategorien er det snakk om «performativ veksling», som vil seie at dialektvekslinga i slike situasjonar har ein sosial funksjon. Til dømes kan den bidialektale gje att dialogar på den andre dialekten for å skape ein slags språkleg effekt (van Ommeren, 2016, s. 259–260).

Eit gjennomgåande trekk ved rapporteringane til van Ommeren sine informantar er at dei omtalar dialektvekslinga som automatisk i større eller mindre grad. Med det verkar

informantane å tydeleg distansere seg frå andre typar viljestyrt språkleg tilpassing. I den samanheng vert mellom anna knoting trekt fram som noko særst negativ, ettersom dette i større grad vert sett på som noko ein *vel* å gjere, med *intensjon* om å til dømes nærme seg talemålet til samtalepartnaren (van Ommeren, 2016, s. 231). Til dømes skriv Nilsen (2005) at hennar bidialektale språkpraksisar har vorte omtala av andre som knoting (s. 11). Sandøy skriv om at talemål kan fungere som ein måte å uttrykkje «sosial identitet og ei markering av gruppelojalitet» (Sandøy, 2008, s. 187). Omgrepet knoting refererer til ein praksis der ein språkbrukar brukar «ein varietet som viser at ein bryt med denne lojaliteten» (Sandøy, 2008, s. 187). Ei folkeleg forståing av omgrepet refererer til tilfelle der ein språkbrukar endrar dialekten sin og snakkar på ein såkalla penare måte enn det som er naturleg dialektbruk for den aktuelle språkbrukaren. Endringa går som oftast i retning av eit talemål med meir prestisje (Hårstad et al., 2021, s. 15).

I forlenging av det Sandøy (2008) skriv om koplinga mellom talemål og sosial identitet, kan ein vende blikket mot bidialektisme som ein type «grenseoverskridende språkbruk» (Hårstad et al., 2021, s. 85). Ei slik forståing av bidialektisme inneber at vekslinga mellom to dialektar står i kontrast til «utbredte folkelige forestillinger om hvordan språkbruken vår skal uttrykke identiteten vår» (Hårstad et al., 2021, s. 85). Slike førestillingar byggjer på forståinga av at vi har ein identitet, og at språket er uttrykk for identiteten vår gjennom å seie noko om kvar vi kjem frå, kven vi er og kva som er viktig for oss. Det å overskride språklege grenser, til dømes gjennom bidialektal veksling, kan altså utfordre slike førestillingar (Hårstad et al., 2021, s. 85–86). Oppfatningar om at språket skal vere ekte og reint, kan leggje føringar for korleis språkbrukarar som bryt med eller utfordrar språklege skiljelinjer vert oppfatta (Hårstad et al., 2021, s. 86).

Kort oppsummert dreier det seg om at den bidialektale vekslinga verker å følgje mønster for når dei ulike dialektane vert preferert og/eller utløyst (van Ommeren, 2016, s. 227). Det sentrale er at valet av dialekt vanlegvis ikkje er medvitent, og den bidialektale vekslinga fungerer som ein «språklig «autopilot»» (van Ommeren, 2016, s. 242). Unntaka skjer når dei bidialektale er i situasjonar der ulike faktorar står i krysspress, og ingen av dialektane er eit naturleg språkleg val (van Ommeren, 2016, s. 237 og 242). Trass i at sjølve vekslingspraksisen og motivasjonen for den ikkje står i sentrum for denne oppgåva, dannar likevel momenta eit interessant og relevant bakteppe for å svare på forskingsspørsmåla. Det handlar om at motivasjonen for dialektvekslinga, samt vekslinga i seg sjølv, kan ha

samanheng med faktorane som ligg til grunn for at dei bidialektale språkpraksisane har utvikla og etablert seg.

Når det gjeld årsakene til utviklinga og konsolideringa av bidialektisme, trekkjer van Ommeren fram bakgrunnsfaktorane «flerdialektalitet i familien» og «mobilitet» (2016, s. 221–222). Termen fleirdialektalitet i familien refererer til at familiemedlemmar har fungert som primærkjelde til kunnskap og normer om dialektmønster og dialektbruk, slik at dei bidialektale språkbrukarane har vorte mykje eksponert for den ikkje-lokale dialekten. Det har resultert i at fleire av hennar informantar omtalar familiens dialekt som D1-dialekten, på kostnad av den lokale dialekten (van Ommeren, 2016, s. 224). Prosessen med å lære D2-dialekten skjer utanfor sosialiseringsrammene som familien utgjer og handlar om at «familien [har] fungert som en form for «språkboble» der de har tilegnet seg og brukt en kode før de har blitt introdusert for språket i lokalmiljøet» (van Ommeren, 2016, s. 225).

Mobilitet som bakgrunnsfaktor dreier seg fyrst og fremst om geografisk mobilitet. Ein kan sjå koplinga mellom bidialektisme og geografisk mobilitet i ulike perspektiv, men det dreier seg om bidialektisme som eit «språkkontaktfenomen på individnivå» (van Ommeren, 2016, s. 18). Eit perspektiv handlar konkret om korleis bidialektisme er resultatet av språkmøter som følgje av forflyting mellom dei geografiske stadene som dialektane er heimfesta til. Anten kan dei bidialektale sjølv ha flytta og tileigna seg dialekten på begge stader, eller så dei er såkalla «*ikke-mobile bidialektale*» (van Ommeren, 2016, s. 223). Nemninga viser til at dei bidialektale sjølve ikkje har vore geografisk mobile, men at deira fleirdialektale oppvekstmiljø er resultatet av at ein eller begge foreldra har endra bustad.

Generelt sett er den norske befolkninga i dag kjenneteikna av ein aukande geografisk mobilitet, i betydning at dei flyttar på seg i større grad enn tidlegare (Statistisk sentralbyrå, 2022b). Ein kan sjå føre seg at aukande geografisk mobilitet blant innbyggjarane sannsynlegvis vil få implikasjonar for dialektvariasjonen og dialektmangfaldet. I staden for at barn veks opp på relativt dialektalt homogene stader, kan oppveksten i staden vere prega av eksponering for ei rekkje andre dialektar enn den lokalt tilhøyrande. Slike oppvekstvilkår kan resultere i bidialektisme som nøytralitetsstrategi. Det nøytrale aspektet ved strategien inneber at språkbrukarar vekslar mellom dialektar og dermed tilpassar dialektbruken etter samtalepartnar, slik at dei brukar meir liknande uttrykksformer som samtalepartnaren (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 143–144). Sjølv om geografisk mobilitet eller fleirdialektalitet i familien vert rekna som sentrale premiss for utvikling av bidialektisme, er

det ikkje slik at dei automatisk leier til eit slikt språkleg utfall. Sannsynlegvis må også andre faktorar gjere seg gjeldande for at bidialektale ferdigheiter og språkpraksisar skal verte resultatet (van Ommeren, 2016, s. 226).

### **2.3.2 Den dialektale sosialiseringprosessen**

Språklæring handlar om å tileigne seg såkalla kommunikativ kompetanse, som vil seie kunnskap om grammatikk, tekstsamanheng og pragmatikk. Barn vil i ein slik prosess mellom anna utvikle forståing for ord si tyding, ordbøying, intonasjon og språkrytme, samt frase- og setningskonstruksjon (Cejka et al., 2017, s. 16–18). I tillegg har tileigning av språk også sosiokulturelle aspekt ved seg, i form av å vere del av sosialiseringprosessen som barn går gjennom i løpet av oppveksten. Omgrepet sosialisering refererer til prosessen der individ tileignar seg «normer, praksiser og atferdsmønstre» i samfunnet (Skirbekk & Tjora, 2020). Som del av den språklege sosialiseringprosessen vil individ ta opp «kunnskap, normer og førestillingar om kva språket skal vere, og korleis det kan brukast – dei blir sosialiserte inn i eit språksamfunn» (Neteland, 2017, s. 35).

Barn som vert fødd i dag veks opp i eit samfunn prega av stort språkleg mangfald, derunder eit stort spekter av dialektar (Neteland, 2017, s. 36). I 1994 skreiv Omdal om at «dagens språkbrukere [ikke lever] i små, enhetlige og isolerte språksamfunn, slik at de for de meste hører stedets lokale talemål praktisert når innbyggerne kommuniserer med hverandre» (Omdal, 1994, s. 19). I tråd med ein aukande geografisk mobilitet, er det ingen grunn til å tru at språksituasjonen er annleis i dag, og dermed kan ein tenkje seg at ulike sosialiseringssagentar kan vere representantar for ulike dialektar. Det inneber at barn i reine norskspråklege miljø også vil vere vitne til stor språkleg variasjon (Neteland, 2017, s. 50).

I prosessen med å tileigne seg språk og dialektar, er barn påverka av ei rekkje ulike faktorar, som verkar på same tid og med ulik effekt (Bugge, 2016, s. 63). Påverknaden skjer til dømes i samhandling med ulike språksosialiseringssagentar, slik som familie eller skule. I modellar for språkleg sosialisering vert språkbrukaren sett i relasjon til dei omkringliggjande norminstansane (Bugge, 2015, s. 89). Modellane er meint til å illustrere korleis barn står i sentrum for «skiftende og gradvis meir komplekse sosialiseringssrammer gjennom barndommen», og korleis «kontinuerlige identitetsforhandlingsprosesser og de sosiale kontekstene individet til enhver tid skal uttrykke seg i» er retningsgivande for korleis språkbrukarar tek i bruk den tosidige kompetansen (Bugge, 2016, s. 77) .



Ettersom denne studien omhandlar korleis språksosialiseringprosessen har resultert i tileigning av fleire dialektar, vel eg i hovudsak å bruke omgrepet «dialektal sosialisering», med inspirasjon frå Mæhlum (1992). Bakgrunnen er at omgrepet vert opplevd som meir dekkjande i samband med utforsking av bidialektale språkpraksisar, ettersom det uttrykkjer eit tydeleg fokus mot dei spesifikt dialektale sidene ved språksosialiseringprosessen. Det inneber mellom anna å rette fokus mot dei sosiale aktørane og institusjonane som kan ha hatt direkte eller indirekte innverknad på dialekttileigninga. Eg vil vidare forstå og bruke omgrepet dialektal sosialisering som uttrykk for prosessen som individ gjennomgår når dei veks opp og tileignar seg kompetanse i ulike dialektar, både i grammatisk, leksikalsk og sociolingvistisk forstand, som følgje av sosial omgang med ulike sosialiseringssagentar. Språkleg sosialisering og språktileigning vert brukt i tilfelle der den relevante teorien brukar omgrepet, eller som meir generelle nemningar.

Ofte vert det peika på korleis foreldre har ei heilt grunnleggjande rolle i sosialiseringa av barn, gjennom den såkalla primærsosialiseringa (Bugge, 2016, s. 69; Mæhlum, 1992, s. 73; Skirbekk & Tjora, 2020). Bugge skriv om korleis ein i den språklege sosialiseringprosessen kan trekkje opp eit skilje mellom «*de heime* og «*de andre*» (2016, s. 64), eit tankesett ein også finn hjå Mæhlum (1992, s. 323). Skiljet illustrerer at familien og andre språklege sosialiseringssagentar kan kome i konflikt med kvarandre, i tillegg til at deira moglegheit til språkleg innverknad vil variere gjennom oppveksten (Bugge, 2016, s. 64). Derfor er det interessant å utforske familien si rolle i den dialektale sosialiseringprosessen, gjennom å synleggjere kva innverknad språknormkonfliktar og varierende styrkeforhold mellom språksosialiseringssagentar, kan ha på utviklinga og konsolideringa av bidialektale språkpraksisar. Ein kan i den samanheng også gjere eit poeng ut av rolla sysken, særleg eldre, kan ha som sosialiseringssagent (Bugge, 2015, s. 92; 2016, s. 66 og 72).

Hazen samanfattar dåverande forsking om familiens påverknad på språkleg variasjon i fem punkt (2002, s. 518). Punkta omhandlar korleis tileigninga av språklege variasjonsmønster skjer i innanfor ein kontekst der familie og andre sosialiseringssagentar, slik som jamaldrande, har ulik påverknadskraft som følgje av situasjonsavhengige faktorar. Nokre gonger kan påverknaden frå familie og jamaldrande stå i kontrast til kvarandre, slik som når dei språklege variasjonsmønstera i familien avviker frå språkvariasjonsmønstera blant jamaldrande. Andre gonger kan dei verke forsterkande, slik som når språkvariasjonsmønstera mellom dei nemnde

sosialiseringsgruppene samsvarar (Hazen, 2002, s. 518). Dei fem punkta dannar eit interessant bakteppe når ein skal utforske kvifor og korleis nokre språkbrukarar som barn utvikla og konsoliderte to dialektar, og av den grunn har valt ein slags delt dialektal strategi gjennom å tileigne og bruke dialekten til familien, i tillegg til den lokale dialekten. Ei slik todeling samsvarar med det Hazen kallar den tredje typen familiemønster, der den språklege strategien til barnet er å internalisere både foreldra og samfunnet sine normer for språkbruk (Hazen, 2002, s. 504–505).

Bugge (2016) set opp ein modell der ho deler inn barns språklege sosialisering i tre ulike fasar, basert på faktorar som alder og kjenneteikn ved den språklege utviklinga i denne aldersgruppa. Modellen viser mellom anna korleis påverknadskrafta til familien og andre sosialiseringsagentar endrar seg med åra. Den fyrste fasen vil i hovudsak dreie seg om avkoding og tileigning av eit grunnleggjande språkssystem, samt ei byrjande evne til å forstå språk innanfor ein kontekst av sosiale og kulturelle forhold. Familien er den mest relevante sosiale institusjonen for barnet i den fyrste fasen, og vil av den grunn vere sentral i prosessen med å tileigne seg språkkunnskap. Fasen vert tidfesta til barnet sitt fyrste leveår, og sjølv om den kan vere kjenneteikna av lite verbal produksjon, vert den likevel rekna for å vere heilt grunnleggjande for vidare utvikling av språkkompetanse, i både grammatisk og sosiolingvistisk forstand (Bugge, 2016, s. 69–70).

Ein bør merkje seg at Bugge ikkje legg til grunn at familien er den einaste kjelda til språkkompetanse i den fyrste fasen, men heller at familien vert sett på som primærkjelde (Bugge, 2016, s. 70). Det er i tråd med korleis Mæhlum (1992) tidlegare har retta kritikk mot ei for tydeleg vektlegging av tradisjonelle sosialiseringmodellar. Ho hevda at slike modellar kan vere «en klar overforenkling i forhold til en moderne virkelighet» og at det er «god grunn til å tro at det vil foregå en viss forskyvning i de ulike normeringsinstansenes relative innflytelse etter hvert som også andre sosialiseringsinstitusjoner enn hjemmet blir stadig vanligere» (Mæhlum, 1992, s. 68–69).

Talespråkleg reorganisering og dobbeltsosialisering er kjenneteikna på det som vert kalla den andre fasen i den språklege sosialiseringprosessen. Barnet er i denne fasen frå dei er rundt eit år til fem år. I løpet av den tida skjer det endringar med omsyn til kva praksisfellesskap barnet deltek i. Det handlar også om kor stor språkleg påverknad foreldra har kvart som barna vert eldre, særleg i samanlikning med påverknaden frå dei jamaldrande. Der familien tidlegare har

hatt ei heilt sentral og meir einerådande rolle, får no også andre partar ein tydelegare posisjon (Bugge, 2016, s. 70). Omgrepet dobbeltsosialisering refererer til korleis barn i denne fasen beveger seg over i ein posisjon der både familien og andre utanfor familien er heilt sentrale kjelder til språkkompetanse. Sistnemnde omfattar til dømes vaksne omsorgspersonar, slik som barnehagetilsette (Dencik, 1999, s. 246–248). Talespråkleg reorganisering viser at barnet i større grad vender seg språkleg sett mot jamaldrande, og tileignar seg deira talemål (Bugge, 2016, s. 71). Dobbeltsosialisering kan vere uttrykk for rammene rundt, medan språkleg reorganisering er resultatet.

Den tredje fasen i Bugges språksosialiseringmodell handlar om «[s]tabilisering, homogenisering og ny variasjon» og varer frå barn er seks år til dei er 12 år (Bugge, 2016, s. 74). Stabilisering viser til at etter at barn har tileigna seg elementære element ved det grammatiske systemet, vil vidare språklæring innebere ei stabilisering av allereie eksisterande grammatisk kompetanse og utbygging av denne (Høigård, 2019, s. 82). Homogenisering refererer til at talemålet brukt blant jamaldrande vert meir likt (Bugge, 2016, s. 74). Nye variasjonsformer kan kome til uttrykk gjennom møte med nye referansegrupper, og dermed andre språkbruksnormer. Som følgje av denne perspektivutvidinga i form av nye sosiale kontekster, kan det i likskap med andre fase også her skje ei språkleg reorganisering (Bugge, 2016, s. 74). Modellen gjev eit generelt bilete av korleis familien og andre sosialiseringssagentar står i eit skiftande styrkeforhold gjennom språksosialiseringssprosessen.

Ettersom familien vert trekt fram som ein særleg sentral sosialiseringssagent i delar av språksosialiseringssprosessen, kan ein stille spørsmål ved om det er føremålstenleg å differensiere mellom ulike familiemedlemmar. Det har det ofte vorte trekt opp eit skilje mellom mor og far, der mor står i ei særstilling med omsyn til barna si språktileigning. Labov er ein av dei som omtalar fenomenet, og grunnlaget for å hevde at mor har ei unik rolle byggjer på eit premiss om at det fyrste språket barn lærar vil vere språket til mor eller andre kvinnelege omsorgsgivarar (Labov, 2001, s. 307). Ifølgje Bugge er det derimot «liten grunn til å tro at norske mødre i dag monopoliserer rolla som første språklige forbilde for norske barn» (2015, s. 122). Ho viser til korleis det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret knytt til uttak av omsorgspermisjon har endra seg, og korleis mange barn i dag har far som primære omsorgsgiver i tida før dei byrjar i barnehage (Bugge, 2015, s. 122). I forlenginga av Bugges resonnementet kan ein trekkje fram korleis ein kan sjå føre seg at ein familie beståande av

foreldre med eit felles talemål i større grad vil kunne påverke barnets dialektnormer, til skilnad frå når foreldra brukar ulike dialektar (Mæhlum, 1992, s. 324).

Når det gjeld sysken, kan alderen deira vere med på å utfordre det tradisjonelt klare skiljet mellom familie og ikkje-familie i den dialektale sosialiseringa. Sysken kan reknast for å vere del av jamaldergruppa, samstundes som dei høyrer til familiegruppa (Bugge, 2015, s. 93). Som følgje av at det er større likskap mellom barn i ulik alder enn mellom vaksne og barn, vil yngre barn av naturleg grunn preferere eldre barn framføre vaksne som modellar og førebilete (Grindheim, 2003, s. 39). Det same kan gjelde i forholdet mellom sysken i ulik alder, i form av at dei eldre syskena kan vere kjelde til kunnskap om gjeldande språkbruksnormer. I kraft av rolla som språklege førebilete kan eldre sysken «opptre som mellomledd mellom familien og de utenomfamiliære fellesskapa», og på den måten «innlemme yngre søsken i jamaldringsgruppas normer for språkbruk før småsøskena sjøl går inn i ei dobbeltsosialisering» (Bugge, 2016, s. 72). På grunnlag av det kan barn med eldre sysken vakse opp i ein annan dialektal sosialiseringssituasjon enn syskena, gjennom at dei på eit tidlegare tidspunkt får kjennskap og innføring i språkbruken blant jamaldrande og dermed tidlegare kan ta fatt på ei språkleg reorganisering (Bugge, 2016, s. 72).

Forholdet mellom familien og jamaldrande er i Bugges modell i eit vekslende samspel, der dei ulike sosialiseringssituasjonane kan fungere som representantar for ulike talemålsnormer. I eit bidialektalt perspektiv, kan ein sjå føre seg at jamaldrande på den eine sida fungerer som normeringsinstans for den lokale dialekten, medan foreldra er tilsvarande for ein annan dialekt. Labov (2001) skriv om når mor har annan dialekt enn den stadstilhøyrande:

It is now well established that when the mothers speak a language or dialect different from that of the speech community, children quickly learn to disregard that linguistic system and acquire before the age of 5 a local dialect that is phonetically matched to the local pattern. (s. 307)

Også Hazen (2002, s. 500) og Omdal (1994, s. 19) hevdar at barn av tilflyttarforeldre ofte har eit talemål som i større grad samsvarar med dei jamaldrande enn med foreldra, og at dei lærer den lokale dialekten av dei på same alder. Sjølv om også Mæhlum et al. (2008) hevdar at det i situasjonar med konkurrerande dialektnormer vil vere ein «gjennomgående tendens [...] at barna tilegner seg den lokale dialektnormen, og at det dermed er jamaldringsgruppen som

fungerer som den viktigste språklige sosialiseringssagenten», så opnar ho likevel opp for at unntak finst (s. 100). Bidialektale språkpraksisar vil dermed både kunne vere døme på hovudregelen og på unntak frå denne.

Dialektal påverknad og sosialisering frå familie kan derfor fungere som premiss for å kunne leggje mobilitet og fleirdialektalitet i familien til grunn som generelle bakgrunnsfaktorar for utvikling og konsolidering av bidialektisme. Det springande punktet vert då *korleis* nokre barn tileignar seg og tek i bruk bidialektale språkpraksisar. Ulike tilnærmingar til språktileigning kan gje ulike svar. Om ein tenkjer seg at barn vel å bruke dei uttrykksformene dei vert mest eksponert for, står strukturelle forhold fram som sentrale i form av kven barnet brukar mest tid med (Bugge, 2016, s. 72). Ei anna tilnærming føreset at «språklig innflytelse er mulighet for interaksjon», som kan medføre ei demping av verknaden jamaldrande har, særleg på dei yngste (Bugge, 2016, s. 73).

Eit tredje perspektiv på språklæring ser føre seg at uttrykksformer vert valt basert på sosial relevans, og fungerer som uttrykk for barnet si tilknytning til og identifikasjon med ulike praksisfellesskap (Bugge, 2016, s. 72). Ein kan sjå poenget i samanheng med *korleis* Indrehus omtalar bidialektisme som ein relasjonsmarkør, gjennom å vere ein «auditiv «merkelapp» om kven dei *er* i den gitte situasjonen» (2014, s. 87). Om språklæring skjer på bakgrunn av sosial relevans, vil jamaldrande kunne ha å ei gradvis aukande betydning som kjelde til referansar og normer for språkbruk etter kvart som barn vert eldre (Bugge, 2016, s. 72–73). Det kan ein knyte til hypotesen som Bugge set fram om at «målet i reorganiseringsprosessen er å finne varianter som på en eller annen måte er sosialt gangbare i jamaldringsgruppa» (2016, s. 71).

Med omsyn til språklæring, derunder dialektlæring, er det også relevant å stille spørsmål ved om det finst ein såkalla kritisk fase for barns evne til å lære dialektar i djuptgåande forstand. Det vert mellom anna hevda at om barn er over 12 år, så vil dei ha vanskeleg for å tileigne seg uttalemåtar som svarar til ein innfødd dialektbrukar (Mæhlum et al., 2008, s. 100). Ein kan sjå det i samanheng med at den tredje fasen i språksosialiseringssmodellen til Bugge også har 12 år som ei slags øvre aldersgrense (Bugge, 2016, s. 74). Å setje ei øvre grense for læring eller tileigning av dialekt, kan få implikasjonar for vurderinga av kva språkbrukarar som ein kan rekne som bidialektale. Dersom ein legg til grunn eit slikt syn på dialektlæring, vil dermed språkbrukarar som i utgangspunktet går inn under definisjonen til van Ommeren (2016, s. 50), kunne falle utanfor.

Neteland (2017) skriv om korleis det å lære den lokale dialekten ikkje berre handlar om utvikling av språk, men i like stor grad om språkbruksnormene i samfunnet rundt (2017, s. 57). Dersom ein ser føre seg at barn får kjennskap til og tileignar seg normer under påverknad av ulike sosialiseringssagentar, vil det kunne oppstå såkalla normkonfliktsituasjonar. Nemninga refererer til sosiale situasjonar der forskjellige normer står i opposisjon til kvarandre, og der språkbrukaren må gjere eit val om kven dei skal språkleg tilpasse seg til (Mæhlum et al., 2008, s. 99). Ein normkonflikt kan til dømes oppstå i ein situasjon der den bidialektale skal snakke til ei gruppe menneske bestående av både personar med D1-dialekt og med D2-dialekt, slik som i ein bryllaupstale. Slike situasjonar omtalar van Ommeren som «risikosituasjonar», og ho peiker på at eit fellestrekk ved slike situasjonar er at det ikkje er sjølvstøtt kva dialekt som er mest sosialt akseptert å bruke (van Ommeren, 2016, s. 242).

Eit anna fellestrekk ved rapporteringane til informantane til van Ommeren er at dei opplever at dei i risikosituasjonar avviker frå automatikken som til vanleg pregar deira val av dialekt. I staden opplever informantane at dei må «gjøre språkvalg på et høyere nivå av bevissthet enn de opplever at de gjør ellers» (van Ommeren, 2016, s. 242). I tillegg skriv van Ommeren at rapporteringane tilseier at informantane opplever risikosituasjonane som usikre og vanskelege (van Ommeren, 2016, s. 243). Dei nemnde førestillingane om identitet, autensitet og språkleg purisme i del 2.3.1 kan vere med på å forklare kvifor nokre bidialektale språkbrukarar forsøker å unngå normkonfliktsituasjonar der dei kan ende opp med å avsløre sine bidialektale språkpraksisar.

Ifølgje Bugge kan styrkeforholdet mellom ulike sosialiseringssagentar i den språklege sosialiseringssprosessen kome til uttrykk gjennom ein varierende grad av sosial risiko for barnet (Bugge, 2016, s. 74). Omgrepet sosial risiko refererer i denne samanhengen til at barn vil ha ein vesentleg ulik posisjon innanfor dei forskjellige praksisfellesskapa dei tek del i. Til dømes vil barnet sannsynlegvis oppleve større tryggleik rundt si rolle i familien enn til dømes i vennegjengen. Situasjonar der dialektnormene i familien og blant jamaldrande kjem i konflikt, kan dermed innebere ein sosial risiko for barnet og gjere at barnet vel dei språklege uttrykksformene som vert akseptert av dei jamaldrande (Bugge, 2016, s. 74). Av den grunn kan slike normkonfliktsituasjonar også vere medverkande til utviklinga av bidialektale språkpraksisar (Mæhlum et al., 2008, s. 100; van Ommeren, 2016, s. 18).

Fordi barna veks opp i eit språkleg miljø prega av varierende og vekslande dialektnormer, utviklar dei bidialektale språkpraksisar gjennom å skilje mellom eit «hjemmespråk» og eit «utespråk» (Mæhlum et al., 2008, s. 100). Tilsvarande omgrepapar finn ein hjå van Ommeren, i form av termene «inne-kode» og «ute-kode» (2016, s. 225). Om lag halvparten av informantane hennar seier at dei har vakse opp med at familien har «fungert som en form for «språkboble» der de har tilegnet seg og brukt en kode før de har blitt introdusert for språket i lokalmiljøet» (van Ommeren, 2016, s. 225). Det inneber at for desse informantane skjer tileigninga av den andre dialekten, eller den såkalla ute-koden, utanfor rammene av primærsosialiseringa (van Ommeren, 2016, s. 225).

Kryssande dialektnormer kan ein også finne i barnehagen. 93,4 % av norske barn i alderen 1-5 år går i barnehagen (Statistisk sentralbyrå, 2022a). Barnehagen kan vere eit praksisfellesskap i likskap med familien, og det å lære språklege mønster og normer for språkbruk er vesentleg for medlemmane i fellesskapet (Grindheim, 2003, s. 38). Ein kan stille spørsmål ved om det har betydning for den dialektale sosialiseringa om barnet går i barnehage eller ikkje, og i så fall kor stor betydninga er. Bugge peikar på fråværet av barnehageplass ikkje inneber at mor står i særstilling heilt fram til skulealder, og at det verkar vanleg, både no og tidlegare, «at små barn tidlig får inngå i en eller annen form for utenomfamiliære praksisfellesskap med andre barn, enten disse fellesskapa er barnestyrt eller voksenstyrt» (Bugge, 2016, s. 72; Gullestad, 1984, s. 118–120).

Ettersom familien fungerer som primærkjelde til den ikkje-lokale dialekten, har utviklinga av bidialektale språkpraksisar skjedd som følgje av sekundærsosialiseringa (van Ommeren, 2016, s. 224). Omgrepet refererer til sosialiseringa som skjer utanfor familie, til dømes når barn startar i barnehage eller på skulen (Skirbekk & Tjora, 2020; van Ommeren, 2016, s. 224). Sjølv om det finst få studiar på barns dialektale utvikling, peikar dei eksisterande i retning av at talemålet til barn kan ha stor variasjon når dei kjem i skulealder, men at det vert gradvis likare i tråd med at det sosiale miljøet i klassen vert skapt (til dømes Kristoffersen, 1980, s. 155–156). Tileigning og utvikling av dialekt handlar ifølgje Neteland i like stor grad om kunnskap om dei gjeldande normene for dialektbruk som sjølve dialektutviklinga. Om normene har ein reell effekt på barns faktiske dialektbruk er usikkert. Ein kan likevel sjå føre seg at dei kan vere av betydning i fasar der barnet sitt talemål ikkje er fullt utvikla og konsolidert (Neteland, 2017, s. 57).

Oppsummert sett vert barndommen trekt fram som ein svært formande fase både med omsyn til dialektal sosialisering generelt, og bidialektisme spesielt. Tileigning og læring av dialektmønster, samt normer for språkbruk, skjer innanfor ein kompleks og samansett kontekst, under påverknad av ei rekkje faktorar. I studien av barn og unges språklege strategiar i Longyearbyen forsøker Mæhlum å liste opp kva «sosiale, psykologiske og språklige betingelser som er konstituerende for slike individuelle kodevalg; hvilke omstendigheter som vil kunne ha en kritisk funksjon i dette komplekse samspillet mellom individet og de sosiale omgivelsene» (Mæhlum, 1992, s. 324).

Bakgrunnsfaktorane handlar om den dialektale bakgrunnen til både foreldre og nære vennar i oppveksten, posisjonen til foreldra i det sosiale rangordenen, geografisk tilhøyrslø og forholdet mellom språklege varietetar i både sosiosemantisk og lingvistisk forstand. I tillegg kjem eigenskapar ved individet som alder, kjønn og personlegdom (Mæhlum, 1992, s. 324–330). Fleire av bakgrunnsfaktorane overlappar med aspekt ved Bugges modell for språkleg sosialisering (Bugge, 2016). Mæhlum hevdar at bakgrunnsfaktorane kan seie noko om kvifor barn og unge innanfor ein dialektal kompleks kontekst til dømes vel bidialektale språkpraksisar som språkleg strategi (Mæhlum, 1992, s. 324). Funna hennar dannar eit interessant bakteppe for å utforske dialektal sosialisering i eit bidialektalt perspektiv. Ein bør samstundes merke seg at Longyearbyen på Svalbard utgjer eit særlege og unikt språksamfunn, fordi innbyggjarane der er tilflyttarar og ein lokal dialekt er ikkje til stade på same måte som elles. Av den grunn er ikkje naudsynleg funna til Mæhlum uttrykk for generelle sider ved dialektal sosialisering.

Ifølgje van Ommeren (2016) kan som nemnd bidialektisme både vere resultatet av anten geografisk mobilitet, fleirdialektalitet i familien, eller ein kombinasjon av desse (s. 226). Ein kan sjå føre seg at bakgrunnsfaktorane fungerer i eit slags samspel innanfor rammene av den dialektale sosialiseringa. Det er likevel viktig å poengtere at ein språkbrukar ikkje berre er summen av dei omkringliggjande påverknadsfaktorane, men også vert «tillagt ei aktiv rolle i egen språkutvikling med evne til å motstå og påvirke de sosiale strukturene de er sosialisert inn i» (Bugge, 2015, s. 87; Ochs & Schieffelin, 2008, s. 9). Ein bør også merke seg at det ikkje er nokon automatikk i at ein av bakgrunnsfaktorane eller kombinasjon av dei medfører utvikling av bidialektale språkpraksisar. Som nemnd er det mange som i dag veks opp med foreldre som har ein annan dialekt enn den lokale varianten, utan at barna deira vert



bidialektale. Derfor fungerer dei nemnde bakgrunnsfaktorane berre som utgangspunkt for å vidare utforske potensielle årsaker til fenomenet, og ikkje som ein fastlåst fasit.

### **2.3.3 Dialektale og bidialektale praksisfellesskap**

I sin definisjon ser van Ommeren (2016) bidialektale språkbrukarar som del av praksisfellesskap (s. 50). I forlenging av definisjonen framstår konseptet praksisfellesskap som relevant og nyttig i forsøket på å betre forstå kvifor utvikling og konsolidering av bidialektale språkpraksisar finn stad i nokre syskenflokkar. Ein kan definere eit praksisfellesskap som ein «mindre enhet enn språksamfunnet, som [...] vanligvis avgrensas på grunnlag av medlemmenes subjektive opplevelser og egne uttrykk for skillelinjene mellom praksisfellesskapet på den ene sida og andre grupper på den andre sida» (Bugge, 2015, s. 34; Meyerhoff & Strycharz, 2013, s. 428). Ein annan definisjon viser til «et utviklet fellesskap som representerer et sett med verdier, kunnskaper og ferdigheter» (Bjørnsrud & Gjems, 2019, s. 9). Omgrepet vart opphavelig sett fram av Lave og Wenger (1991), og vart seinare introdusert til sosiolingvistikken gjennom Eckert og McConnell-Ginet (1992, s. 464). Sistnemnde sin definisjon av praksisfellesskap er sett om og skildra av van Ommeren (2016) som:

[...] ei gruppe som kommer sammen om en eller annen felles målrettet virksomhet. Omkring samhandlinga i dette fellesskapet vokser det fram måter å handle på, måter å snakke på, bestemte oppfatninger, verdier og maktforhold. Det er altså snakk om sosiale praksiser som vokser fram gjennom den felles virksomheten, deriblant språklige praksiser. Et praksisfellesskap er dermed sosialt konstruert, og ikke institusjonelt konstruert. (s. 69)

Formuleringa refererer til korleis medlemmar av eit slik sosialt konstruert praksisfellesskap kan påverke kvarandre i kraft av å vere språklege sosialiseringssagentar (Bugge, 2015, s. 89; Grindheim, 2003, s. 37). I tråd med Bugges språklege sosialiseringssmodell, vil ulike sosiale grupper på ulike tidspunkt i barn sitt liv kunne utgjere aktuelle og relevante praksisfellesskap. Ettersom primærsosialiseringa og store delar av fyrste fase i den språklege sosialiseringa skjer innanfor familiens rammer, vil familien utgjere det fyrste praksisfellesskapet barnet inngår i (Bugge, 2016, s. 77). Ein kan seie at bidialektale språkbrukarar har vorte dialektalt sosialiserte inn som del av praksisfellesskapet som ein familie eller syskenflokk kan utgjere. Vidare i

språksosialiseringprosessen vert, som nemnd, jamaldrande ei stadig viktigare kjelde til kunnskap om dialektmønster og dialektbruk. Språkbrukarar si deltaking i ulike praksisfellesskap er uttrykk for korleis omgrepet er sentrert rundt «*her-og-no-interaksjonar, praksis og identitet*» (Røyneland, 2008, s. 32).

Det kan vere naturleg å tenkje at det innanfor ein vennekrins eller ein familie, og derunder syskenflokk, vil vakse fram språkleg åtferd og praksisar som kjenneteiknar denne gruppa og som er uttrykk for deira felles konstituerte normer. Det kan til dømes vere normer for dialektbruk, der familien eller venner utgjer «den primære sosiale referansegruppa for de ulike kodene» (van Ommeren, 2016, s. 348). For at ein språkbrukar skal utvikle og konsolidere bidialektale språkpraksisar, verkar det å vere avgjerande at vedkommande i løpet av språksosialiseringprosessen tek del i ulike praksisfellesskap og på den måten samhandlar med representantar for forskjellige dialektar. Språkpraksisane til den bidialektale språkbrukaren vert omtala som å «gjøre familie», «gjøre steder», «gjøre gruppeidentitet», «gjøre relasjonar» og «gjøre roller» (van Ommeren, 2016, s. 295). Å gjere familie kan til dømes kome til uttrykk gjennom å beherske og bruke ein ikkje-lokal dialekt, medan å gjere relasjonar med vennar kan innebere tilsvarande praksis, berre med ein lokal dialekt.

Om ein språkbrukarar skal få opplevinga av å høyre til eller vere kopla til forskjellige språkgrupper over tid, er det sentralt at interaksjonen med desse gruppene skjer på jamleg basis. Det vil vere tilfellet om den ikkje-lokale dialekten vert brukt innanfor familien, slik at familiemedlemmar fungerer som representantar for staden som dialekten er geografisk knytt til. Dialekteksponering og samhandling kan til dømes også skje gjennom at språkbrukaren stadig vekk er på besøk til stadane der dialektane er lokalt forankra. Eit anna alternativ er at språkbrukaren relaterer og assosierer stader og språklege praksisar med fellesskap som vedkommande over tid opplever å inngå i fellesskap med. Ein kombinasjon av dei ulike engasjementa er også mogleg (van Ommeren, 2016, s. 295–296).

Oppsummert sett handlar det om at dei bidialektale språkbrukarane innehar ein såkalla «*sense of place*», som handlar om at kjensla av stadstilhøyrslø er ei subjektiv oppleving (van Ommeren, 2016, s. 344). Innanfor ulike praksisfellesskap, om det er familie eller ei vennegruppe, vil individ få erfaringar og opplevingar som ligg til grunn for deira «*sense of place*». Det inneber at språkbrukaren si subjektive oppleving av stadstilhøyrslø, i relasjon til forholdet mellom språk og stad, har innverknad på språkvala og dei språklege strategiane til

vedkommande (van Ommeren, 2016, s. 344). Ein bør leggje til at dei bidialektale språkbrukarane ikkje sjølv kan velje når deira dialektpraksis skal tolkast som uttrykk for kopling til spesifikke geografiske stader eller som tilhøyrslse til bestemte praksisfellesskap (van Ommeren, 2016, s. 366).

Tidlegare har konseptet praksisfellesskap vorte brukt som ein analytisk størrelse, fordi det kan verte opplevd som ein meir relevant einingsstørrelse for individet enn det meir vidtgående omgrepet språksamfunn (van Ommeren, 2016, s. 69). Nettopp einingsstørrelsen er med på å gjere omgrepet særleg relevant i denne samanhengen. I likskap med modellar for språkleg sosialisering, står også språkbrukaren i sentrum for praksisfellesskapet (van Ommeren, 2016, s. 69). Gjennom å bruke praksisfellesskap som teoretisk rammeverk, opnar ein for å sjå den einskilde språkbrukaren som del av mindre grupper som igjen er del av ein større heilskap, i staden for å kople språkbrukaren direkte til språksamfunnet. Til dømes slik familien som praksisfellesskap vil vere del av den større eininga språksamfunn (Hazen, 2002, s. 518). På den måten kan ein utforske korleis «familien som gruppe og hvert familiemedlem som individ samtidig forholder seg til et kollektiv språkssystem og språknormsystem i det større språksamfunnet» (Bugge, 2015, s. 35).

Som følge av at primærsosialiseringa skjer innanfor familiegruppa, vil familien som nemnd utgjere eit språkleg praksisfellesskap av særleg betydning. Praksisfellesskapet er kjenneteikna av «et felles repertoar av uttrykk og deler normer for språklig praksis innafor gruppa» (Bugge, 2015, s. 35). I relasjon til utvikling av bidialektisme, kan familien som praksisfellesskap både påverke dialektutviklinga blant medlemmane, i tillegg til å vidareformidle åtferdsnormer og haldningar til dialektbruk og stadstilhøyrslse. Sysken vil naturlegvis inngå i familiefellesskapet, samstundes som ein kan argumentere for at syskenflokken i seg sjølv kan utgjere eit eige språkleg praksisfellesskap. Ettersom syskenflokken tek i bruk fleire dialektar, utgjer dei eit såkalla fleirdialektalt praksisfellesskap. Ein slik språkleg åtferd eller praksis kan også kjenneteikne familiegruppa som heilskap eller jamaldergruppa. Det som derimot skil bidialektale syskenflokkar frå andre fleirdialektale praksisfellesskap, er ikkje at dei er kjenneteikna av to dialektar eller kodar, men sjølvvekslingspraksisen (van Ommeren, 2016, s. 296). Ein kan hevde at dei bidialektale språkpraksisane foreinar syskena saman i eit åtskilt praksisfellesskap, der dei kan bruke vekslingspraksisen som ein måte å markere tilhøyrslse til det språklege praksisfellesskapet (van Ommeren, 2016, s. 370).

Van Ommeren (2016) hevdar at konseptet praksisfellesskap gjev grunnlag for å trekkje fram mobilitet som bakgrunnsfaktor for bidialektisme, ettersom omgrepet kan seie noko om kva som ligg til grunn for utvikling av bidialektale språkpraksisar. Praksisfellesskap kan vere både reelle og førestilte (van Ommeren, 2016, s. 294). Termen førestilt skal illustrere måten medlemmane i eit slikt praksisfellesskap ser føre seg at alle handlar i tråd med eit sett med felles normer og praksisar, utan at medlemmane naudsynleg interagerer direkte med kvarandre. Det opplevde fellesskapet er i staden tufta på førestilt samhandling. Normene «traderes via sosialisering inn i konkrete språklige praksisformer og handlingsmønster, samt i mer eller mindre eksplisitte diskurser om språk» (van Ommeren, 2016, s. 295). Dei bidialektale språkbrukararane kan altså reknast for å inngå i same førestilte praksisfellesskap, foreina av felles bidialektale språkpraksisar (van Ommeren, 2016, s. 356). Dei felles språkpraksisane er mellom anna kjenneteikna av eit refleksivt perspektiv, som medlemmane i det førestilte praksisfellesskapet tileignar seg gjennom språksosialiseringssprosessen og i samhandling med andre medlemmar (van Ommeren, 2016, s. 372). Nemninga reelle praksisfellesskap refererer til fellesskapa der medlemmane kjem saman i «faktisk felles virksomhet» (van Ommeren, 2016, s. 295).

Som nemnd under punkt 2.3.2 vil barnehage og/eller skule utgjere relevante praksisfellesskap for dei fleste barn i dag. Praksisfellesskapa barnehage og skule utgjere kan ha som funksjon å vere det Bjørnsrud og Gjems (2019) omtalar som «læringsfellesskap», eit omgrep som refererer til korleis læring skjer i samspel med andre innanfor rammene som praksisfellesskapet utgjere. Leik og friminutt er døme på samhandlingssituasjonar der barn lærer gjennom å ha eit felles fokusområde og gjennom å gjere ting saman, slik som å løyse ei oppgåve (s. 9–10). Samhandlingssituasjonar vil ha språklege aspekt, i den forstand at språket opnar og legg til rette for læring (Bjørnsrud & Gjems, 2019, s. 13; Grindheim, 2003, s. 38). Språkpraksisar kan også vere uttrykk for fellesskapstilhøyrslø og identitet, i form av at samspelet mellom språkleg og sosial praksis kan resultere i bestemte språklege stilar (van Ommeren, 2016, s. 70).

På grunnlag av den føregåande framstillinga, kan dei bidialektale språkpraksisane seiast å ha hatt sitt opphav i ulike praksisfellesskap. Årsaka er at praksisfellesskapa kan utgjere både kjelde til ulik dialektal innputt og fungere som sosiale rammeverk for utvikling og konsolidering av ein bidialektal vekslingspraksis (van Ommeren, 2016, s. 375). Samstundes bør ein ha i synsmåte korleis praksisfellesskap av ulik størrelse alle inngår i heilskapen som

det norske språksamfunnet utgjør, med dei implikasjonane det inneber. Van Ommeren (2016) skriv at:

Det framgår av mine funn at bidialektale språkbrukere har relativt klare oppfatninger om at bestemte normer gjelder i det norske språksamfunnet, og at folk på bakgrunn av disse handler på liknende måter. De handler derfor ikke bare med utgangspunkt i kunnskapen og ressursene de har med seg som medlem av små, definerte praksisfellesskap, men like mye med internalisert kunnskap om hva som representerer «normal» – som i normmessig – adferd innenfor det større, forestilte språklige praksisfellesskapet Norge. (s. 359)

### 3 Metode

Denne studien føyer seg inn i rekkja av andre sociolingvistiske og sosiokulturelle lingvistiske studiar på fenomenet bidialektisme. Val av metode følgjer av forskingsspørsmåla, og er valt i forsøk på å få innsikt i erfaringane og refleksjonane til bidialektale språkbrukarar. I dette kapitlet vert det gjort greie for dei metodiske vala og vurderingane som er gjort, og grunngevinga for desse. Det gjeld mellom anna korleis eg gjekk fram for å innhente informantar og kva som ligg til grunn for det strategiske utvalet som er gjort. Vidare vert det tatt stilling til representativitet, validitet og reliabilitet, samt kva ein bør ta i synsmåte for å kunne sikre truverdet og pålitelegheita til studien. Til slutt vert førebuinga av intervjuar og sjølve intervjusituasjonane presentert, i tillegg til at det vert gjort greie for nokre praktiske og etiske vurderingar.

#### 3.1 Kvalitativ metode

Som nemnd har forskingsspørsmåla metodiske implikasjonar i den forstand at dei legg klare føringar for korleis ein bør gå fram for å innhente eit relevant og føremålstenleg empirisk grunnlag. Ettersom det er vanskeleg å svare på forskingsspørsmåla frå eit reint teoretisk perspektiv, vart det klart at eg måtte snakke med bidialektale språkbrukarar. Det følgjer av at forskingsspørsmåla søkjer etter å avdekkje og utforske sider ved bidialektal språkpraksis som berre bidialektale språkbrukararar sjølv kan gjere greie for. I likskap med til dømes Indrehus (2014) og Nilsen (2005), har altså denne studien også fokus på å få fram perspektiva og refleksjonane til eit utval bidialektale språkbrukarar.

Den kvalitative metoden har som fordel at den i stor grad opnar for at perspektiva og erfaringane til språkbrukaren kan kome til uttrykk. Slik Mæhlum et al. (2008) skriv, vil ein utprega kvalitativ studie ha som mål «å oppnå en dypere innsikt og *forståelse* av sammenhengene mellom språk og de konkrete individene som bruker språket» (s. 77). Dei subjektive opplevingane til dei einskilte språkbrukarane, samt deira tolking av eigen språkbruk og språklege omgjevnadar, vil stå heilt sentralt i ei kvalitativ tilnærming. Derfor er kvalitative studiar tydeleg individorienterte og har ofte eit mindre tal informantar (Mæhlum et al., 2008, s. 77–78).

Forskingsspørsmåla gjev eit tydeleg bilete av kven som er relevante og aktuelle informantar. For å kunne utforske bidialektale praksisfellesskap og bakgrunnen for utvikling av bidialektisme, er det naudsynleg å ta i bruk strategisk utval for å rekruttere bidialektale språkbrukarar som informantar. Når det gjeld rekruttering av informantar, kan det ha implikasjonar for utvalet at eg sjølv har stått for rekrutteringa av informantar. Bugge peikar på at ein då kan risikere å ende opp med informantar som har ein særskilt interesse av å delta i eit slikt forskingsprosjekt, eller språkbrukararar som av ein eller annan grunn passar særst godt som informantar, til dømes ved at dei er «spesielt *gode* dialektbrukere» (Bugge, 2020, s. 223). Det bør sjølvstas tas høgde for omstende som kan ha innverknad på både utvalsprosessen og resultatet ein kjem fram til, og det vart naturlegvis streva etter å ende opp med eit gjennomtenkt og fornuftig utval av informantar.

Når ein skal gjennomføre forskingsstudiar er det på generell basis heilt naudsynleg at ein føretekk vurderingar av i kva grad prosjektet vil kunne leie fram til eit gyldig og truverdig resultat. I den samanheng brukar ein omgrep som representativitet, validitet og reliabilitet. Når det gjeld representativitet, så var det i dette forskingsprosjektet ikkje eit mål om å finne fram til og rekruttere eit såkalla representativt utval, ettersom ein aldri vil kunne oppnå representativitet i ein studie som fullt ut baserer seg på individuelle opplevingar, erfaringar og refleksjonar. Ein vil av naturleg grunn ikkje kunne kome fram til statistisk generaliserbare resultat på grunnlag av intervju med fem informantar. Det er heller ikkje siktemålet til forskingsprosjektet.

I staden er føremålet å kunne kaste lys over sider ved bidialektisme som språkleg fenomen, sider som tidlegare ikkje har vorte grundig undersøkt og skildra. Alt i forsøk på å oppnå ein meir inngåande forståing av årsaker og bakgrunnsfaktorar for fenomenet. Av den grunn framstår intervju med informantane like fullt som verdifull innsikt, sjølv om svara deira ikkje kan fungere som uttrykk for generelle merknadar som vil gjelde for alle bidialektale språkbrukarar. I staden er relevansen og verdien av slike studiar kopla til at dei «synleggjør hvilke mekanismer som kan være bestemmende for enkeltindividers språklige atferd», og på den måten er «teoretisk interessant og dermed ha[r] prinsipiell interesse også utover de individene som faktisk er undersøkt» (Mæhlum et al., 2008, s. 78).

Moglegheita til å «trekke gyldige slutninger om det man har satt seg som formål å undersøke» (Dahlum, 2021), altså å sikre validiteten til studien, avhenger av at ein som forskar har gjort

eit grundig arbeid i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av intervju, og i måten ein gjer greie for og grunngjev vala og vurderingane som er gjort (Drageset & Ellingsen, 2010). Når det gjeld studiens validitet, handlar det i stor grad om at ein «har undersøkt det man skulle undersøke» (Drageset & Ellingsen, 2010). Det er av den grunn heilt sentralt at spørsmåla som vert stilt har relevans for forskingsspørsmåla. Sjølv om informantane har ulike dialektale bakgrunnar, verka det å vere føremålstenleg å ha visse spørsmål som eit slags felles utgangspunkt for samtale om dei bidialektale språkpraksisane. Dei opne spørsmåla gjer at samtalen samstundes kan utfalde seg på ein måte som er naturleg og som i større grad er individuelt tilpassa den konkrete informanten eller informantgruppa. Av den grunn vart semistrukturerte intervju eit naturleg val av metodisk tilnæringsmåte.

Sjølv om metodevalet kan føre til at materialet i heilskap vert meir uoversiktleg, er likevel fordelene ved å ha moglegheit til individuell tilpassing såpass framtrudande at metoden framstår som både relevant og føremålstenleg. At intervju er semistrukturerte inneber at det vert tatt utgangspunkt i ein intervjuguide, men at spørsmåla kan variere mellom informantane og etter kvart som intervju utfaldar seg. Det vart utforma forskjellige intervjuguidar til dei to typene intervju. Ein intervjuguide bør vere utforma med eit tydeleg utgangspunkt i forskingsspørsmåla, slik at den kan vere med på å sikre at spørsmåla og svara faktisk kan leie fram mot eit svar på forskingsspørsmåla (Neteland, 2020, s. 58).

Eit av grepa som vart gjort i forsøk på å sikre reliabiliteten, pålitelegheita, til studien, var å ta lydopptak av intervju ved hjelp av digital lydopptakar. Det å tenkje nøye gjennom praktiske forhold ved intervjuet, slik som opptak av lyd, vil kunne auke pålitelegheita (Drageset & Ellingsen, 2010). Slik Neteland skriv, vil ikkje intervju ha høg reliabilitet «hvis man forstår reliabilitet som at det samme resultatet skal kunne gjenskapas av deg eller en annen forsker» (Neteland, 2020, s. 65). Eit slikt syn på reliabiliteten til intervju inneber ikkje at den kvalitativt orienterte metoden er utan truverd, men handlar i staden om at «metoden krever gjennomsiiktighet, altså at vi synliggjør forskningsdataene våre slik at andre kan se hvordan vi har jobbet fra intervjupersonenes svar til vår tolkning» (Neteland, 2020, s. 65).

Å transkribere intervju i sin heilskap er også med på å støtte opp under reliabiliteten til studier (Bugge, 2020, s. 224). Intervju i denne studien vart transkribert i tråd med Jefferson-konvensjon (Skovholt et al., 2021, s. 135–136). I tillegg til ortografisk transkripsjonen av intervju, tok eg avgjerda om å også markere element som pausar, innpust/utpust, nøleord og



latter. Dette forlenga varigheita på arbeidet, men det var viktig for meg at transkripsjonane skulle vere så tru som mogleg mot den faktiske intervjusituasjonen, og gje att samtalan slik dei gjekk føre seg. Slik eg ser det, er faktorar som latter og nøleord med på å gje eit meir ekte og reelt inntrykk av intervjusamtalen, og noko ein kan ha i bakhovudet når ein skal gjere greie for og drøfte funna i heilskap. Ein bør sjølv sagt vere varsam med kor mykje ein legg i slike utanforliggjande element, men etter mi meining bør ein inkludere dei som del av intervjumaterialet ein skal transkribere. Ettersom ikkje dialektord eller dialektbruk i seg sjølv er analyseobjektet, vert intervju transkribert nært opp mot standard nynorsk, med få unntak. Som følgje av at informantane sine dialektar ligg tett opp mot denne normalen, vart det naturleg å transkribere dei på denne måten. Ved enkelte tilfelle er definisjonar og forklaringar til dømes markert som «[definisjon på bidialektisme]».

Det vart ikkje brukt transkripsjons-program, og all transkripsjon er gjort for hand. Lengda på intervjua varierte, men varte i gjennomsnitt 22 minutt. Fordelen med å transkribere intervju er at ein i arbeidet med transkripsjonen går svært nøye gjennom intervjua i ettertid, og på den måten får svært god kjennskap til og oversikt over kva som vart sagt. Ein får også moglegheit til å fange opp detaljar som elles kunne forsvunne i mengda av materiale, og djupneforståinga vert dermed forsterka. I tillegg aukar pålitelegheita til studien gjennom at ein får moglegheit til å gå tilbake i datamaterialet, og det kan auke informantane sin tryggleik om at utsegna deira kjem fram på måten dei vart uttrykt og i tråd med deira intensjon.

Eit anna grep som vart gjort for å sikre eit solid datamateriale, var at det i forkant av intervju vart gjennomført eit prøveintervju, også kalla pilotering (Neteland, 2020, s. 61). På den måten fekk eg som intervjuar øve på element ved intervjusituasjonen, slik som bruk av lydopptakar og det å stille spørsmål på ein måte som var enkel og forståeleg for informantane. Det gav meg i tillegg moglegheit til å justere og endre på spørsmål i intervjuguiden, til dømes om nokre spørsmål vart opplevd som utydelege eller utfordrande å forstå.

### **3.2 Planlegging og gjennomføring av intervju**

Informantane rekrutterte eg sjølv i eige nettverk eller gjennom kjende som fekk kjennskap til temaet for studien. Det vart sett opp krav om at informantane måtte ha beherska dei to dialektane i størstedelen av livet, ettersom forskingsspørsmåla rettar eit tydeleg fokus mot den dialektale sosialiseringprosessen. Som følgje av at oppgåva har eit kombinert individ- og

gruppefokus, vart utvalet vidare avgrensa til bidialektale språkbrukarar i syskenpar eller syskenflokkar. Resultatet vart fem informantar, fordelt på ein syskenflokk på tre og eit syskenpar. Omfanget til oppgåva tilsa at ei større mengde med informantar ville vere for omfattande.

Alle informantane vart fyrst intervjuar individuelt, før syskenparet eller syskenflokken vart intervjuar saman. Bakgrunnen for valet om å gjennomføre gruppeintervju i tillegg til individuelle intervju var samansett. Det dreia seg delvis om kva som var føremålet med dei respektive intervjuar. Spørsmåla i dei individuelle intervjuar vende seg i stor grad mot bakgrunnen for utvikling og konsolidering av bidialektale språkpraksisar, i form av kva forhold som kan ha verka inn på ein slik prosess. Eit individuelt intervju gjorde at eg som intervjuar fekk moglegheit til å verte betre kjend med informantane og deira dialektale bakgrunn, før ein tok til med å utforske syskenflokken eller syskenparet i fellesskap. På den måten kunne ein gå meir i djupna på den dialektale bakgrunnen til kvart individ, og tilpasse spørsmåla til den einskilde.

Det handlar også om at det var naturleg og ikkje minst føremålstenleg å intervjuar informantane i det praksisfellesskapet ein faktisk skal utforske. I tillegg at det gjev meg som intervjuar høve til å treffe syskena saman, så får også informantane moglegheit til å saman reflektere over og svare på spørsmål om det bidialektale praksisfellesskapet dei utgjer. Syskena kan supplere kvarandre sine utsegn, ettersom dei ikkje berre er i samtale med meg, men også med kvarandre. Ulempa er at dei då kan etablere ein type gruppedynamikk som gjer at dei tilpassar svara til kvarandre, og at ein dermed ikkje får fram nyansar i svara deira. På den andre sida får dei fordel av å kunne hjelpe kvarandre med å hente fram erfaringar og opplevingar dei har hatt med å vere bidialektale (Neteland, 2020, s. 55–56). Det kan gjere at dei saman kan gjere seg opp meiningar og refleksjonar rundt sine felles bidialektale språkpraksisar.

Ettersom ein ikkje kunne leggje til grunn at informantane tidlegare hadde reflektert over eigen språklege praksis, ynska eg å gjennomføre dei individuelle intervjuar før gruppeintervjuar. Håpet var at dei individuelle intervjuar kunne fungere som utgangspunkt for vidare refleksjon rundt dei bidialektale språkpraksisane i gruppeintervjuar. Kort sagt handlar det om at informantane på den måten fekk sjanse til å fyrst reflektere åleine, før dei skulle reflektere i fellesskap. Det gav også meg som intervjuar anledning til å stille spørsmål i gruppeintervjuar

som bygde på svar og refleksjonar frå dei individuelle intervju. På den måten vart det samanheng mellom dei to intervju, trass i at dei tok føre seg ulike, men til dels overlappende tema og moment.

Dei to intervju konsentrerer seg altså i hovudsak seg om ulike sider ved bidialektisme som språkleg fenomen. Saman med rekkjefølgja på gjennomføringa av intervju, kan ulikt hovudfokus tilseie eit skilje i datamaterialet i tråd med dei to forskingsspørsmåla. Det er ikkje tilfellet i denne samanhengen. I staden er det slik at grunngevinga for gjennomføringstidspunkt og spørsmåla i dei ulike intervju står i samanheng med kvarandre. Gruppeintervju kan syne likskapar mellom dei bidialektale sin språklege praksis og deira felles refleksjonar og tankar rundt bidialektale praksisfellesskap. Samstundes kan dei individuelle intervju vise at deira opplevingar, erfaringar og grunngevingar skil seg frå kvarandre. Begge intervju bør saman sjåast på som uttrykk for at den dialektale bakgrunnen til bidialektale språkbrukarar kan vere svært samansett og med individuelle nyansar og variasjonar. Det innsamla intervjumaterialet vil naturlegvis spegle den interindividuelle variasjonen og vil derfor samla sett danne grunnlaget for å svare på forskingsspørsmålet.

I forkant av intervju vart informantane kontakta per telefon, og dei fekk deretter tilsendt informasjonsskriv (jf. vedlegg 2) på e-post. Informasjonsskrivet gav oversikt over føremålet med forskingsprosjektet, og kva det innebar for dei å vere informantar. Dei vart orienterte om kva dei kunne kome til å få spørsmål om, med vekt på at det sentrale er deira tankar, erfaringar og refleksjonar rundt kvifor og korleis dei vart bidialektale. Det vart gjort greie for deira rettar som informantar, i tillegg til informasjon om korleis personvernet vert sikra. Etersom prosjektet handsamar personopplysningar, vart det søkt inn til og godkjent av Norsk senter for forskingsdata AS (NSD), no kalla Sikt (jf. vedlegg 3). Personopplysningane er sikra og handsama i samsvar med NSD sine retningslinjer for samtykke og datalagring. Informert samtykke vart innhenta i form av fysisk eller digital signering av informasjonsskriv.

Sjølve intervju vart gjennomført på ulike måtar. Fire av fem individuelle intervju vart gjennomført andlet-til-andlet, medan eit individuelt intervju vart gjennomført ved hjelp av ein digital kommunikasjonsplattform. Gruppeintervju vart anten gjennomført digitalt eller som ein kombinasjon av fysisk og digitalt møte. Sistnemnde innebar at enkelte av informantane deltok digitalt, medan andre sat fysisk saman med meg. Om intervjuet vart gjennomført fysisk, skjedde dette anten i heimen til intervjuobjektet eller i tilsvarande omgjevningar.

Mellom anna Neteland (2020) understrekar viktigheita av at intervju vert gjort i omgjevnadar der informanten kjenner seg komfortabel (s. 57).

I utgangspunktet var tanken at alle intervjuar skulle verte gjennomført fysisk, men av praktiske årsaker lot dette seg ikkje gjere. Ein kan sjølvstøtt problematisere om, og i så fall i kor stor grad dette verka inn på intervjusituasjonen. Ei utfordring kan vere samtalestruktur, i form av at digitale kommunikasjonsverktøy kan stå i vegen for det ein kan omtale som flyt i samtalen. Flyt i ein samtale kan både dreie seg om eigenskapar eller ferdigheiter ved ein samtaledeltakar, og ein «egenskap ved språklige interaksjoner – samtaler, dialoger» (Lind, 2004). Flyt kan omhandle fleire sider ved språkbruk, slik som munnleg flyt, innhaldsflyt og dialogisk flyt. Etersom graden av flyt i ein samtale vert etablert i interaksjonen mellom samtaledeltakarane, vil graden av flyt kunne variere (Lind, 2004).

Det digitale kommunikasjonsverktøyet kan innverke på flyten i ein samtale gjennom å påverke den ikkje-munnlege kommunikasjonen i samtalen. Det kan til dømes vere blick eller gestar som seier noko om når ein samtaledeltakar ynsker ein taletur. Forholdet mellom taleturar kan av den grunn verte opplevd som meir oppstykket. Til dømes kan det innebære at samtaledeltakararar lettare avbryt kvarandre, eller at dei let vere å supplere kvarandre, etersom konteksten rundt gjer dette vanskelegare. Trass i dei nemnde utfordringane, vart ynsket om fysisk møte sett til side til fordel for å imøtekomme informantane sin timeplan. I dei aktuelle intervjuar vart det gjort forsøk på å ta omsyn til dei nemnde utfordringane i størst mogleg grad, gjennom til dømes å vente litt lengre etter informantane sine svar, før det vart stilt nytt spørsmål.

Eit anna element ved intervjusituasjonen som ein kan problematisere, handlar eigenrapportering. I si masteroppgåve problematiserer Indrehus i kva grad ein kan setje lit til informantane si subjektive fortolking og vurdering av egne opplevingar og erfaringar (Indrehus, 2014, s. 34). Eg støttar meg til vurderingane som Indrehus gjorde, og vurderer det slik at i ein studie med føremål om å undersøkje bidialektale språkpraksisar i ulike fasar av livet, vil heilt objektive attgjevingar av opplevingane og erfaringane til dei utvalde språkbrukarane ikkje vere oppnåeleg mål. Eit anna aspekt ved eigenrapportering i intervjuar omhandlar forholdet mellom rapportert og faktisk språkbruk. I likskap med Nilsen (2005), Indrehus (2014) og Isaksætre (2022) vert informantane sin rapporterte språkbruk lagt til grunn som data i denne studien. Informantane får i intervjuet spørsmål om eigen dialektbruk, men

utover det vart det ikkje stilt noko krav om dokumentert dialektveksling. Bakgrunnen for det handlar i stor grad om utforminga av forskingsspørsmåla. Ein kan likevel nemne at tre av fem informantar uoppfordra veksla mellom dialektane sine undervegs i intervjuet.

## 4 Resultat og analyse

I den fyrste delen vert informantane presentert gjennom eit informantportrett. Her vert det kort gjort greie for kva dialektar dei vekslar mellom, kva dialektvekslinga deira er styrt av og kor ofte dei vekslar i dag. Vidare kjem ein kort presentasjon av informantane si oppleving av kor utbygde dialektane er, og deira tilknytning til dei geografiske stadene som dialektane kjem frå. I tillegg vert det sagt noko om kva informantane sjølv trekkjer fram som relevant for utviklinga av deira bidialektale språkpraksisar. I handsaminga av datamaterialet, vert nemningane «bygdedialekt» og «bydialekt» brukt som supplement til «D1-dialekt» og «D2-dialekt». Årsaka er at syskena i syskenflokken omtalar ulike dialektar som D1-dialekt, og omsynet til lesarvenlegheit talar derfor for å omtale dialektane som by- og bygdedialekt i desse tilfella.

I dei neste to delane kjem det ein presentasjon av det føreliggjande datamaterialet, sett i ljøs av temaa som forskingsspørsmåla rører ved. Delane følgjer overskriftene frå teoridelen, i form av at fyrste del omhandlar den dialektale sosialiseringsprosessen og informantane sine refleksjonar og tankar rundt denne. Neste del følgjer same mønster, men her med blick på dei dialektale og bidialektale praksisfellesskapa informantane kan seiast å ta del i. Sitat frå intervjua vert i begge delane brukt som supplement og døme. I sitata vert nemningane D1- og D2-stad brukt, og desse referer til staden som høvesvis D1- og D2-dialekten kjem frå. Undervegs i teksten er det i hovudsak brukt nemningar som «foreldra sin oppvekststad», «bygd» eller liknande for å omtale staden bygdedialekten kjem frå, og tilsvarande nemningar for staden bydialekten kjem frå.

### 4.1 Informantportrett

Dei fem informantane er i alderen 20–50 år, og av praktiske grunnar og med omsyn til anonymitet har eg valt å gje informantane namna Sofie, Nora, Lukas, Olivia og Jakob. Dei tre fyrste tilhøyrer same syskenflokk, medan dei to sistnemnde utgjer eit syskenpar. Informantane beherskar alle ein sørlandsk bydialekt, i tillegg til det ein kan omtale som ein egdsk bygdedialekt. Den sørlandske bydialekten er geografisk tilhøyrande byen dei har vakse opp i, medan bygdedialekten er geografisk knytt til foreldra sin oppvekststad. Eit anna felles kjenneteikn ved informantane er at dei alle har budd i byen dei har vakse opp i fram til dei var unge vaksne, og at dei i oppveksten ikkje i lengre strekk har budd på staden som

bygdedialekten deira kjem frå. I tillegg har fire av fem informantar ikkje gått i barnehage eller liknande, med Jakob som einaste unntak.

Eit poeng ein bør understreke i samband med utval av informantar, er at alle informantane er språkbrukarar som har utvikla bidialektale språkpraksisar i ung eller svært ung alder. Informantane i denne studien vil av den grunn skilje seg frå dei språkbrukarane som har tileigna seg ein D2-dialekt i eldre alder, typisk på grunnlag av flytting. At informantane deler denne karakteristikken, vil naturlegvis spele inn på empirien som ligg til grunn for å svare på forskingsspørsmålet.

#### «Sofie»

Informanten eg har valt å kalle Sofie er i 30-åra. Ho er fødd og oppvaksen i ein by på Sørlandet, med unntak av at ho budde sine fyrste leveår på Vestlandet. I dag bur ho i same by som ho vaks opp i, og har etablert seg der. Ho beherskar både dialekten som er geografisk tilhøyrande oppvekststaden, i tillegg til ein dialekt geografisk tilhøyrande ein bygdekommune i Agder. Sofie fortel at ho reknar bygdedialekten for å vere D1-dialekten hennar, trass i at ho omtalar denne dialekten som «utvatna». Grunngevinga er at bygdedialekten er den dialekten ho tenkjer med, til dømes vil ho bruke den når ho tel i hovudet. Ho seier at bygdedialekten alltid har vore hennar D1-dialekt. D2-dialekten vert skildra som ein versjon av bydialekten som ikkje inneheld lenisering, som er eit karakteristisk målmerke på Sørlandet (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 101). Ifølgje Sofie kan forklaringa på dette vere at heller ikkje hennar omgangskrins brukar slike former. Ein kan også sjå det i samanheng med det som framstår som ein generell tilbakegang i bruken av lenisering, særleg i byområde (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 101; Røsstad, 2008).

Vekslinga mellom dialektane skjer ifølgje Sofie nesten dagleg. Ho snakkar D1-dialekten saman med familie, medan ho i andre samanhengar nesten utelukkande brukar D2-dialekten. Til dømes fortel at ho at når normkonfliktsituasjonar oppstår, tek ho i bruk dialektneøytrale ord i forsøk på å skjule at ho er bidialektal. Årsaka er at ho opplever det som flaut å veksle mellom dialektar, og at ho tidlegare har hatt dårlege opplevingar med kommentarar på både D1-dialekten og D2-dialekten. Vennane hennar frå byen har til dømes sjeldan eller aldri høyrte henne snakke D1-dialekt, det har ifølgje Sofie berre skjedd ved uhell.

Sofie er den einaste av informantane som har minne om at ho tileigna seg D2-dialekten etter ho byrja på skulen. Årsaka var at ho i samband med skulestart byrja å få negative kommentarar og merknadar på hennar D1-dialekt. Det kan vere uttrykk for at Sofie ikkje var bidialektal i dei fyrste åra av hennar liv, men har vorte det i barneskulealder. Ho karakteriserer prosessen med å tileigne seg ein dialekt til som «medviten ikkje-medviten», i betydning at det var ein viss grad av medvit knytt til valet om å bruke D2-dialekt, men at innlæringa eller tileigninga skjedde på ein ikkje-medviten, nesten automatisk måte.

*«Lukas»*

I likskap med Sofie er også Lukas i 30-åra, og er fødd og oppvaksen i same by som han framleis bur i. Lukas fortel at han i korte periodar har budd i bygda som foreldra kjem frå, i tillegg til at han i periodar har pendla mellom bygda og heimstaden i samband med jobb. I likskap med systera Sofie, omtalar også Lukas bygdedialekten som sin D1-dialekt og bydialekten som sin D2-dialekt. Dette har ifølgje Lukas ikkje endra seg i løpet av livet. Han fortel mellom anna at D1-dialekten er dialekten han tenkjer med. Vidare seier Lukas at han opplever begge dialektane som fullt utbygde, i den forstand at begge dialektane hans inneheld sentrale målmerke for denne type dialekt. Verken på D1-dialekten eller D2-dialekten har Lukas fått kommentarar på knoting eller liknande.

Lukas fortel at han ikkje hugsar noko anna enn at han alltid har beherska og snakka to dialektar, og han alltid har hatt og brukt ein slik bidialektal språkpraksis. I samsvar med Sofie, så er også dialektvekslinga hans styrt av samtalepartner, i tillegg til geografisk stad. Hans D1-dialekt vert kopla til familie og bygda, samt vennar og andre frå same eller omkringliggjande område. D2-dialekten er på den andre sida kopla til oppvekststad og vennar og andre frå same område. Ifølgje Lukas vart han fyrst gjort medviten på at han snakka og brukte to dialektar ein gong i løpet av dei tidlege åra på barneskulen. Før det kan han ikkje hugse å ha vekkja merksemd med dialektbruken sin, verken med den eine eller andre dialekten.

Når det gjeld eigen dialektbruk, trekkjer Lukas særleg fram at han i alle fasar av livet har hatt stor tilknytning til bygda foreldra kjem frå. Store delar av familien hans bur der, i tillegg til at han har mange vennar derifrå. Lukas peikar på tilknytninga til bygda i kombinasjon med tett kontakt med familie og vennar som brukar D1-dialekt, verkar å vere sentralt med omsyn til utviklinga og konsolideringa av hans bidialektale språkpraksisar. Han trekkjer også fram korleis identitet og språkbruk heng saman, i den forstand at han i stor grad identifiserer seg



som ein person frå foreldra si heimbygd, sjølv om han ikkje har vakse opp eller budd der i lengre periodar. Ifølgje Lukas kan også trygggleik på kven ein er som person vere av betydning for at ein har utvikla to åtskilte dialektar, i staden for å til dømes blande saman desse eller leggje frå seg den eine dialekten.

#### «Nora»

Nora beherskar, i likskap med sine to eldre sysken, både den lokale bydialekten ho har vakse opp med og bygdedialekten til foreldra. Med unntak av studietid i ein annan by og utanlands, har Nora budd heile livet i byen ho er fødd og vakse opp i. Nora er i 20-åra, og seier ho ikkje hugsar anna enn at ho har beherska og brukt to ulike dialektar heile livet. Det var fyrst på barneskulen at ho vart gjort medviten på at ho veksle mellom dialektar, gjennom at andre til dømes kommenterte på dialekten ho brukte i telefonen med foreldra. Utover det har ho ikkje tenkt særleg over det at ho er bidialektal. Til ulikskap frå sine eldre sysken omtalar Nora bydialekten som sin D1-dialekt, sjølv om ho innvender at det er vanskeleg å trekkje fram ein av dei, ettersom dei er begge er like naturlege for ho å snakke.

Grunnen til at ho trekkjer fram bydialekten som D1-dialekt handlar meir om at D2-dialekten i større grad høyrer til familiegruppa, medan bydialekten er den ho tek i bruk i dei fleste andre samanhengar, slik som med vennar og på jobb. Kva dialekt Nora brukar er avhengig av kven ho snakkar med, og vekslinga mellom D1-dialekt og D2-dialekt skjer av den grunn ganske ofte. Nora fortel at ho opplever å ha full kontroll på sin D1-dialekt, medan ho kjenner seg meir språkleg utrygg på D2-dialekten. Det handlar i stor grad om at ho kjenner på at ho ikkje snakkar heilt riktig i forhold til «fasiten» på dialekten, sjølv om ho poengterer at det ikkje finst noko fasit på ein dialekt. Alle syskena fortel om normkonfliktsituasjonar, der dei har opplevd å vere usikker på kva dialekt dei skal bruke. For Nora kan dette til dømes skje i jobbsamanheng.

Nora seier vidare at ho har sterkast tilknytning til eigen oppvekststad, medan tilknytninga til bygda foreldra kjem frå har variert i løpet av livet. Dersom ho skulle sagt det i prosent så ville ho satt det opp som 80 % by og 20 % bygd. Når det gjeld besøk på bygda foreldra kjem frå, fortel Nora at ho var der mykje meir når ho var yngre. Då kunne ho til dømes vere der i lengre strekk på sumaren hjå besteforeldre og mykje i helgene. Etter vidaregåande vart det mindre slike besøk, men ho fortel at dette har tatt seg opp den siste tida. Nora skildrar eit nært forhold til besteforeldre og til kusiner som ho jamleg treffer, som alle er frå bygda eller frå området

rundt. I forsøk på å forklare dei bidialektale språkpraksisane sine, trekkjer Nora mellom anna fram faktorar som fråvær av barnehage i oppveksten, at foreldra er frå same plass og tett kontakt med familie frå omkringliggjande område.

#### «Olivia»

Olivia er ei kvinne i 40-åra som vart fødd og vaks opp i ein by på Sørlandet. Ho beherskar ein dialekt som er geografisk tilhøyrande staden ho vaks opp, i tillegg til ein dialekt tilhøyrande ein bygdekommune i Agder. Dialekten tilhøyrande oppvekststaden vert av Olivia omtala som hennar D2-dialekt, medan hennar D1-dialekt er den som tilhøyrer bygdekommunen. Begge dialektane er etter Olivia si oppfatning godt utbygde, og ho fortel at ho aldri har fått kommentarar på dialektbruken eller at det har vorte stilt spørsmål ved kvar ho kjem frå. Ein kan ut frå det anta at samtalepartnarane til Olivia la til grunn at ho var frå staden som dialekten ho i det tilfellet brukte var geografisk tilhøyrande til.

Fram til ho var ferdig med studiane sine budde Olivia heime hjå foreldra i sørlandsbyen, og brukte med det D2-dialekten aktivt og jamleg. Ho fortel at i heile perioden ho budde i sørlandsbyen brukte D2-dialekten ute blant vennar og andre frå same by. D1-dialekten vart brukt heime saman med familien, og elles når ho var på besøk i bygdekommunen eller snakka med personar derifrå. Etter studiane flytta Olivia til bygdekommunen og etablerte seg der. Som eit resultat av flyttinga samsvara no hennar D1-dialekt med den geografisk tilhøyrande dialekten, og Olivia tok av den grunn i bruk D1-dialekten også som utespråk.

Etter flyttinga vart det gradvis mindre bruk av D2-dialekten, og ho seier at veksling berre skjedde om ho var i byen ho vaks opp i eller snakka med nokon derifrå. I dag vekslar ho sjeldan, og det er i så fall i tilfelle der ho til dømes møter barndomsvenninner eller liknande. Slike situasjonar kan medføre normkonfliktar, til dømes om ho er saman med barna sine når ho møter venninner tilfeldig. Barna er vant med å høyre henne snakke D1-dialekt, medan ho eigentleg er vande med å snakke D2-dialekt til venninnene. Resultatet kan ifølgje Olivia då verte at ho knotar.

Når det gjeld kva som kan ha vore årsakene til dei bidialektale språkpraksisane, så peikar Olivia på foreldra si nære tilknytning til heimbygda, og kor mykje dei som familie var i bygda i hennar oppvekst. På den måten vart også Olivia knytt til foreldra sin oppvekststad, og til familien som budde der. Ho trekkjer også fram korleis ho i oppveksten heile tida brukte begge

dialektane aktivt, og at ho ikkje har vore veldig sikker på kva som var hennar D1-dialekt før ho vart vaksen og vart verande i bygda.

«*Jakob*»

Jakob er ein mann i 40-åra, som i likskap med systema Olivia, har beherska ein sørlandsk bydialekt og ein dialekt geografisk tilhøyrande ein bygdekommune i Agder. Han omtalar bygdedialekten som sin D1-dialekt, og bydialekten som sin D2-dialekt. Jakob fortel at han i dag ikkje brukar D2-dialekten lengre, av den grunn at det ikkje lengre er naturleg for han å veksle over til denne. Årsaka til det er samansett, og handlar både om rolla hans i lokalsamfunnet i dag, saman med det at han har flytta til foreldra si heimbygd og busett seg der. I ettertid av flyttinga seier Jakob at han berre har veksle om i situasjonar der han til dømes har treft tidlegare klassekameratar. I dei tilfella har han fått kommentarar på at bydialekten har vorte uttalt med det han omtalar som eit anna «tonefall», sjølv om han i oppveksten aldri kan hugse å ha fått kommentarar på dialektbruken.

Med omsyn til D1-dialekt i perioden han framleis veksle, så koplar Jakob dette til heimen og trekkjer fram korleis det vil vere naturleg å omtale dialekten ein brukte heime som «morsmålsdialekten». Dialektvekslinga vart styrt av geografisk stad og dialekten til samtalepartnar. Ifølgje Jakob var begge dialektane hans godt utbygde, og han fortel at han trur han vart tatt for å vere frå den sørlandske oppvekstbyen då han brukte D2-dialekten. Med omsyn til D1-dialekten seier Jakob at han har fått kommentarar på å vere såkalla breiare i dialekten enn andre frå D1-staden på same alder. Den same merknaden kjem også systema Olivia med.

Vidare fortel Jakob at han frå ung alder har vore medviten på at han hadde to dialektar, og at det i ein periode nesten var eit poeng for han å unngå at til dømes vennar skulle høyre han snakke D1-dialekt til foreldra. Han hugsar ikkje når han lærte dei ulike dialektane, men han reknar med at han lærte D1-dialekten fyrst, og at han deretter har tatt etter jamaldrande i barnehagen og tileigna seg D2-dialekten. Deretter har dialektvekslinga hans følgt omgjevnadane rundt, som oftast ganske klart geografisk. Unntaket er heimen, som var geografisk plassert i byen, men der dei brukte bygdedialekten.

Jakob forklarar i stor grad dei bidialektale språkpraksisane med å vise til kor mykje dei som familie brukte D1-dialekten, ettersom dei var mykje på foreldra sin oppvekststad i barne- og

ungdomsåra. Det innebar at han snakka D1-dialekten heime og i helgene, medan han resten av tida i byen brukte D2-dialekten. Ein annan faktor er at dei har hatt mykje å gjere med familie og slektningar som snakkar D1-dialekt. Kombinasjonen av å vere mykje i foreldra si heimbygd og hatt tett kontakt med familie som snakkar D1-dialekt, seier Jakob at har vore med på å forsterke og oppretthalde dialekten som ikkje var geografisk tilhøyrande oppvekststaden.

## 4.2 Refleksjonar og tankar rundt den dialektale sosialiseringssprosessen

Ein kan trekkje fram fleire faktorar med omsyn til den dialektale sosialiseringssprosessen som for informantane har resultert i at dei har utvikla og konsolidert bidialektale språkpraksisar. Det handlar delvis om forholdet mellom ulike sosialiseringssagentar, og delvis om andre faktorar rundt som kan ha innverka på samhandlinga som den bidialektale språkbrukaren tek del i gjennom ulike praksisfellesskap. Faktorane omhandlar i hovudsak normer for språkbruk, kjensle av tilknytning og identitetskjenle. Kort sagt handlar dei aktuelle faktorane om *når* informantane opplever at dei tileigna seg begge dialektane, *korleis* dette skjedde, deira forklaringar på *kvifor* og blikket deira på sosialiseringssagentane rundt.

Alle informantane peiker på at foreldra har vore dei mest sentrale sosialiseringssagentane med omsyn til utviklinga av bidialektisme, i den forstand at dei alle har hatt foreldre som brukar ein annan dialekt enn den lokale dialekten på oppvekststaden. Eit felles kjenneteikn ved informantane er altså at dei alle opplevde at dei språklege variasjonsmønstera i familien avvika frå dei blant jamaldrande. Ingen av informantane har inntrykk av at foreldra eller den nærmaste familien på noko vis har vore særleg dialektmedvitne, til dømes gjennom å vere opptekne av at barna skulle snakke deira dialekt eller ved å aktivt korrigere dialektbruk, slik som bruk av visse dialektord. Nora deler sine refleksjonar rundt om foreldra har hatt ynske om å lære bort sin dialekt eller at barna skulle verne om denne i oppveksten.

N det følar eg eigentleg ikkje har vore noko av (0.2) eg følar ikkje: dei har styrt noko med det eg følar vi berre (.) ðberre har gjort det som har falt innf (0.3) så eg kan aldri seie at eg har nokon minne av at det har vore noko styrt heimanfrå korleis ein skal snakke då

Informantane trekkjer derimot fram er at dei alle har foreldre som i stor grad har haldt på sin opphavslege dialekt. Sofie, Nora og Lukas seier at dei har opplevd at foreldra har lagt om til den stadstilhøyrande dialekten i visse tilfelle, men at omlegginga ikkje skjer på ein måte som

gjer at dei oppfattar foreldra som bidialektale. I staden forklarar dei dialektvariasjonen til foreldra som eit forsøk på å gjere seg forstått, til dømes i jobbsamanheng. Lukas deler sine tankar om det at foreldra har verna godt om dialekten sin, og i kva grad det har innverka på utviklinga av D1-dialekten.

E tenkjer du at =på ein måte det at foreldra dine har haldt så godt på dialekten (0.9) sjølv om det er lenge sidan dei budde i [D1-stad] (.) har har noko innverknad på: (1.9) på ein måte at du har utvikla den di[alekten eller]

L [ja det klart ] for viss ikkje dei viss ikkje dei hadde haldt på den så hadde jo ikkje eg vorte lært opp på den .hhh så viss dei hadde: hatt noko sånn halvvegs [D2-dialekt] så hadde det sikkert vorte halvvegs [D2-dialekt] på min de- (.) for min del og

Syskenparet Olivia og Jakob fortel at dei opplever at dei hadde og framleis har ein såkalla breiare D1-dialekt enn mange frå bygda på same alder. Dialekten deira ser dei i samanheng med måten foreldra verna om dialekten sin etter flytting frå heimbygda, i tillegg til at mange av familiemedlemmane frå bygda som dei har hatt kontakt med, også har hatt ein brei dialekt. I syskenflokket vert det poengtert at Lukas har den såkalla breiaste dialekten, etterfølgt av Nora, medan Sofie har den minst utbygde dialekten. Dei forklarar dette med at Lukas og Nora begge i korte periodar har budd i bygda i samband med læretid, i tillegg til at dei også har vennar som brukar bygdedialekten og at dei er meir jamleg på besøk til bygda. For Sofie er bygdedialekten utelukkande ein familiedialekt, eit moment eg kjem tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Vidare gjev informantane inntrykk av å ha ulik grad av medvit rundt sine bidialektale språkpraksisar, i den forstand at dei har ulike opplevingar og minne frå då dei vart medvitne på at dei beherska og brukte to dialektar. Jakob seier til dømes at han frå veldig ung alder var klar over at han hadde to dialektar, og han fortel om eit slags språkleg medvit i form av ein var tydeleg klar over kva dialekt ein skulle bruke i den aktuelle samanhengen.

J hhh nei medviten (0.8) har altså (0.2) vi var jo (1.6) det var vi jo veldig klar over haldt på å seie altså (0.6) e: som ung så: så visste du jo at viss du snakka med foreldra dine

E mm

J og dei andre hørde det (0.5) e: kompisar hørde det så: altså du var jo medviten (1.0) eg kan ikkje seie (0.3) datofeste det men du var medviten frå veldig ung alder at du hadde to dialektar og i ein periode så var det jo eit poeng nesten å prøve for i alle fall (0.3) e: sånn som det er når du er ung e: kompisar og sånn dei skulle helst ikkje høyre at du snakka [D1-dialekt] til foreldra

Informantane Lukas, Nora og Olivia viser på si side til korleis det er minne om korleis andre kommenterte eller gjorde eit poeng ut av deira to dialektar som gjorde at dei vart gjort medvitne på sine bidialektale språkpraksisar. Nora fortel at ho i tenåra i større grad enn tidlegare vart medviten på at ho veksle mellom to dialektar.

N hm: (0.4) det er jo eit godt spørsmål? e::h som sagt så følar eg jo alltid har gjort det men det er jo klart at ein vert jo endå meir medviten på det kanskje typisk i: tenåringstida også sånn der (0.7) ja (1.0) tipper kanskje då at man kanskje: tenkte endå meir over det då for eksempel i: (1.2) ungdomsarbeidet typisk i meinigheita også då der typisk der også har kome sånn [snakkar på D1-dialekt] å hæ snakkar du (0.2) for typisk ikkje berre dei som er oppvaksen med at du alltid har gjort det

Alle utanom Sofie seier at dei ikkje hugsar anna enn at dei alltid har beherska og brukt to dialektar, og dei underbyggjer dette med at dei ikkje hugsar å ha fått kommentarar på dialektbruk før dei til dømes vart sett i ein situasjon der dei snakka til foreldra medan vennar hørde på. Både Lukas og Nora skildrar situasjonar der foreldra har ringa medan dei var med vennar, og korleis det i etterkant kom reaksjonar frå vennane på dialektbruken deira. Olivia set også ord på korleis ho trur det hadde kome reaksjonar frå jamaldrande om ho som barn hadde knota mellom dialektane, i staden for at desse var tydeleg åtskilde. Liknande merknadar og refleksjonar kjem også Lukas med.

O ja for det tenkjer eg litt på at det (.) det er jo sånn typisk at ein kunne lett vorte eit sånt offer viss ein hadde snakka litt sånn (.) knotete på eit vis  
E ja og det er det nokon av dei andre som har som sagt  
O ja men aldri nokon som liksom sa at eg ikkje snakka sånn som fdei andre

Når det gjeld sjølve tileigninga eller innlæringa av høvesvis deira D1-dialekt og D2-dialekt, er alle informantane tydelege på at dei har lært sin D1-dialekt (D2-dialekt i Nora sitt tilfelle) innanfor kjernefamilien. Dei peikar altså alle på at foreldra har vore heilt sentrale, og understrekar viktigheita av at begge foreldra snakkar same dialekt og at dei har haldt godt på dialekten sin. I tillegg fortel alle at dei i oppveksten jamleg besøkte heimstaden til foreldra, og at dette innverka på deira kjensle av tilknytning til denne staden. Olivia seier mellom anna korleis foreldra si tilknytning til heimstaden la føringar for dialektbruken til barna i den forstand at dei reiste mykje til foreldra sin oppvekststad og dermed aktivt tok i bruk begge dialektane i oppveksten, også utanfor kjernefamilien. Liknande opplevingar har syskena Lukas, Nora og Sofie. Vidare fortel Olivia om kva påverknad ho trur det har hatt at dei var mykje i foreldra si heimbygd i helger og feriar i tida der syskena framleis var busett i byen dei vaks opp i.

E på den plassen (.) kva tenkjer du kva for ein påverknad tenkjer du det har hatt på at du:  
O nei eg trur (.) eg trur nok vi var veldig sånn (0.3) vi ville ikkje skilje oss ut der heller sånn at vi var veldig oppteken av at vi ikkje skulle snakke: (0.2) vi snakka ikkje om det at liksom må ikkje snakke £[D2-dialekt] her£  
((ler))  
O men det var liksom berre veldig sånn at nei nei no (.) no snakkar vi sånn som dei andre gjer ja  
E mm  
O så det har jo absolutt hatt påverknad ja (.) at vi har vore så mykje der

Mykje av kontakten med familie og slektningar med D1-dialekt følgjer altså av at informantane var på hyppige besøk til foreldra sin heimstad i barndomsåra. Kor mykje informantane har vore der i ungdomsår og vaksen alder varierer i større grad. Olivia og Jakob flytta til foreldra sin oppvekststad i ung vaksen-alder, og peiker begge på at forklaringa på at dei i dag omtrent berre brukar sin D1-dialekt handlar i stor grad om at dei har busett seg fast i bygda.

J hhh ja nei det er rett og slett at det ikkje er naturleg lengre eg har (1.1) altså i min rolle >sånn som no< og eigentleg elles så: når ein har flytta o:g når ein  
((vert avbroten))  
J nei altså rett og slett (0.2) nei nå vekslar eg ikkje og >det er fordi< det ikkje føles naturleg eigentle:g å byte dialekt før så slo ein ofte over når ein traff folk (0.3) i alle fall for å seie det sånn (1.1) snakka nokon til deg på [D2-dialekt] så svarte du på [D2-dialekt] men det gjer eg ikkje lenger

Til samanlikning er alle i syskenflokket framleis er busett i byen dei er vakse opp i. Ein kan altså seie at informantane i ulik grad har oppretthaldt kontakten og tilknytninga til foreldra sin heimstad. Lukas fortel at han jamt over har vore og framleis er mykje i foreldra si heimbygd, og at det har vore heilt naturleg ettersom han både har stor vennegjeng på staden og nær kontakt med familie som bur der. Han deler sine refleksjonar om kva det kan ha hatt å seie for dialektbruken hans.

L ja: både og e:h (1.9) det er liksom hhh e:h ja litt både og e:hm (2.1) eg trur a- han er dialekten mi er nok hadde vore heilt lik om eg hadde hatt meir eller mindre tid den eine eller den andre plassen (0.4) menne: e:hm ja så eg eg tru eigentleg det kan ha litt påverkad men eigentleg ikkje tippar eg (.) eller sånn .hhh viss eg hadde: hatt eit anna liv >med ein annan mengde vore< oppe der og nede her så tippar eg framleis dialekten mi hadde vore heilt lik (0.8) eigentleg (.) sånn som det er no i alle fall (.) men han (.) han vert jo påverka når eg er der  
E mm  
L for når eg er i [D1-stad] så .hhh er det jo (.) det kjem ann på kven eg snakkar med då men snakkar eg med folk som snakkar breiare så: så (.) så vert det jo naturleg at ein legg seg litt på den bøljelengda

Nora skildrar som nemnd at ho på noverande tidspunkt har størst tilknytning til eigen oppvekststad, men ho seier at fordelinga har endra seg i løpet av livet. Då ho var yngre var ho oftare på heimstaden til foreldra, og tilknytninga hennar var av den grunn sterkare i denne fasen av livet. I likskap fortel systera Sofie at også ho hadde større tilknytning til foreldra sin oppvekststad i barndommen, og at ho til dømes ynska å ta sjuande klasse der og bu hjå si bestemor. Ifølgje Sofie har ho vore gradvis mindre i foreldra si heimbygd i løpet av åra, og ho ser dette i samanheng med at dialekten hennar gradvis har vorte meir «utvatna».

E er det noko (1.0) viss ein på ein måte ser >du snakka jo< litt om at du føler kanskje at dialekten din har vorte litt sånn .hhh utvatna [eller] sånn (0.3) trur du at (0.5) har det noko påverknad med kor mykje du har vore i [D1-stad] etter kvart som du-

S [mm]

S absolutt det trur eg absolutt (0.6) eg trur nok eg snakka e:h endå breiare når eg var mindre >altså det hugsar eg jo ikkje sjølv< men det tenkjer eg berre (0.3) er naturleg fordi at når vi var der mykje og var mykje med familie (0.5) og så i seinare år så har det vore at ein ikkje har tid til det

Ein konsekvens av at informantane jamleg besøkte heimstaden til foreldra er altså at dei då vart eksponert for andre sosialiseringssagentar med bygdedialekt enn berre foreldra. Det vil seie at sjølv om foreldra vert sett på som dei primære dialektale sosialiseringssagentane for bygdedialekten, har informantane også fått innputt av denne frå andre kjelder i oppveksten. Døme på slike dialektale sosialiseringssagentar er familiemedlemmar utanfor den nærmaste familien, slik som besteforeldre, tanter, onklar og syskenbarn eller syskenbarn på om lag same alder. Kontakten med andre familiemedlemmar har ifølgje alle informantane vore nær, og dei fortel at dette kan ha innverka på deira bygdedialekt og på deira kjensle av tilknytning til bygda som dialekten kjem frå. Jakob peiker på at det kan hatt både ein forsterkande effekt og ein oppretthaldande funksjon.

J ja vi har hatt veldig mykje med andre å gjere e:: veldig med (0.2) vi har veldig mykje relasjonar og omgang me:d og har hatt mykje omgang med (0.2) me:d slektningar i [D1-stad] som snakkar [D1-dialekt]

E ja kva for ei påverknad tenkjer du det har hatt på (0.3) dialektbruken din då (2.0)

J nei altså (0.2) det vi var på (.) altså det har jo forsterka det at når du er i [D1-stad] eller når du har med [folk frå D1-stad] å gjere

E mm

J så snakkar du [D1-dialekt] (0.8) e: så det er jo eigentleg berre vore med å oppretthaldt (1.0) oppretthaldt e: dialekten og på sett og vis så kan ein vel seie at det (0.2) det at ein valte å flytte heim igjen til [D1-stad] (.) fyrst vestover og det heim igjen til [D1-stad]



Ifølgje Lukas er bygdedialekten ein viktig del av hans identitet, i form av at han både identifiserer seg som ein person frå bygda og ein person frå byen. For Lukas er det ikkje slik at kjensle av tilhøyrsløse og identitet i hovudsak er knytt til oppvekststaden hans, og han gjer eit poeng ut av samanhengen mellom språkleg og personleg sjølvfølelse. At Lukas og systrene beherskar og brukar to åtskilte dialektar kan ifølgje han vere uttrykk for deira tryggleik på kven dei er. Han ser deira praksis i kontrast til språkbrukarar som endrar dialekt eller knotar, noko han ser på som uttrykk for ein kombinasjon av språkleg og personleg utryggleik.

L .hhh eg tippar det har mykje me:d å seie om ein er sikker på seg sjølv som person også (.) fo:r både (.) alle i vår familie er veldig sikre på kven dei er (0.6) e:h uansett kva det gjeld i livet (.) og det trur eg også reflekterer seg på språket .hhh fo:r viss eg då over dei (.) personane eg kjenner som byter på ting det er også personar som er litt (.) kan vere litt usikre på seg sjølv også kven dei er som person .hhh e:h i form av kva dei gjer om dei slengjer seg på ting om dei f-f altså flyter me:d straumen =haldt eg på å seie (0.3) dei har fortere for å byta dialekt enn dei som: (.) verkar veldig (.) sikre på seg sjølv og kven dei er m dei: det er ikkje ofte dei byter på dialekten

Eit element som kan skilje Nora og Lukas frå dei andre informantane er at dei har vore mykje med jamaldrande syskenbarn i sosiale settingar blant vennar, og dermed ikkje berre i familiesamheng. Dei har også hatt andre vennar som dei snakkar bygdedialekten saman med, i tillegg til dei nemnde syskenbarna som både høyrer til familiegruppa og vennegruppa. Dei fortel at aktiv bruk av bygdedialekten i sosiale samanhengar utanfor familiekonteksten, i kombinasjon med elles høg eksponering for bygdedialekten, kan ha gjort at dei har haldt tydelegare fast ved og verna om bygdedialekten enn til dømes Sofie. Høg eksponering for bygdedialekten har til dømes vore tilfelle i dei kortare periodane dei har budd i bygda.

E ja så tenkjer dykk på ein måte [Nora og Lukas] då at (0.3) at på ein måte familie elles (.) i form av liksom (0.2) vennar som både er familie og vennar (.) e: har vore på ein måte språklege sosialiseringssagentar (.) kan ein seie det som har hjupe dykk å ha haldt fast med [D1-dialekten]?

(0.7)

L ja det (.) men det er jo også i forhold til mykje ein er eksponert >for eg la merke til< når eg budde i [D1-stad] (0.8) så vart eg mykje brei[are ] i dialekten

S [mm]

(0.4)

S ja det merka eg også eg merka det på deg og [Nora]

Sofie seier på si side at ho aldri har vore mykje med syskenbarn som vennar, og heller ikkje har hatt mange vennar med D1-dialekt. Dermed har ho ikkje brukt D1-dialekten i så mange samanhengar utanfor familiegruppa. Det ho derimot trekkjer fram i samband med kontakt med syskenbarn handlar om korleis dei i barndommen kommenterte D2-dialekten hennar.

Sofie fortel at kommentarane frå syskenbarna dermed kan ha innverka på at ho som yngre haldt fast ved sin D1-dialekt, i staden for å leggje den heilt bort til fordel for dialekten som var geografisk tilhøyrande bustaden hennar og som vart brukt i samhandling med vennar og andre frå sørlandsbyen.

S og eg trur forresten at eg veit fordi at med fettere og ((latter)) [namn på fetter] meiner eg så trur eg dei: (.) mobba meg for at eg var byfis igj[en]  
E [ja:] så då vart det på ein måte motsett  
S =ja: og så meinte dei også at eg snakka som ein byfis eh litt (0.2) så eg trur nok (.) der igjen å eg må snakke [D1-dialekt] med dei  
E prøve å liksom å verne om d[e:] eller sånn  
S [ja]  
S fordi eg er ikkje sånn byfis også når eg er i byen så må eg e:h ja hhh

Hennar merknadar kan vere uttrykk for eit ynske om å ikkje språkleg sett skilje seg ut i omgjevnadane. Liknande merknadar kan ein finne i sitatet frå Olivia på s. 52. Ynsket om å vere som dei andre eller å passe inn språkleg sett, kjem tydeleg til uttrykk når informantane fortel om kva dialekt dei har brukt i interaksjon med vennar frå oppvekststaden. Alle informantane er tydelege på at det, særleg i oppveksten, berre var aktuelt å bruke bydialekten i sosiale samanhengar med vennar frå byen. Det kan indikere eit forsøk på å reservere bygdedialekten til familie og den geografiske staden dialekten kjem frå. Informantane seier mellom anna at det var lite stas om til dømes vennar frå oppvekststaden hørde dei snakke bygdedialekten, og korleis dei på same vis prøvde å unngå å bruke bydialekten til foreldra. Både Sofie og Lukas forklarar at dei kan medvitent prøve å unngå spesielle dialektord, i forsøk på å hindre merksemd rundt det at dei har veksla til ein annan dialekt.

S [det er jo ja det vert ] jo det eh men eg brukar det jo mykje ikkje sant fordi når eg snakkar med mykje med ho og og med sysken og sånn så brukar eg jo mykje eller det vert det jo [D1-dialekten] og det ja £det som er vittig er jo£ hhh når eg snakkar i telefonen med mamma for eksempel og eg er med nokon med [D2-dialekt] så prøvar eg å bruke ord som er nøytrale sånn dialektnøytrale fordi eg synast det er så flaut ((latter))  
E ja er det fordi du ikkje vil ha kommentarar på det er det lik[som]  
S [jah ] vil ikkje at folk skal høyre det

Informantane sitt ynske om å halde områda for dei ulike dialektane åtskilt, kan i visse tilfelle verte utfordra og alle fortel om situasjonar der dei har opplevd at dialektane hamnar i eit krysspress, og der dei ikkje kan setje sin lit til ei automatisk dialektveksling. Det inneber at dei må forsøkje å overstyre den automatiske dialektvekslinga, og at dei på den måten kan

ende opp med å bruke dialekten som ikkje naudsynlegvis var den mest naturlege i dette tilfellet. Slike situasjonar er døme på som vart omtala som normkonfliktsituasjonar eller risikosituasjonar (Mæhlum et al., 2008, s. 99; van Ommeren, 2016, s. 242). Til dømes fortel Nora at ho i hovudsak brukar bydialekten på jobb, men at valet av dialekt kan gå frå å vere ikkje-medviten til å verte medviten om ho til dømes møter nokon med bygdedialekt i jobbsamanheng. Andre døme er sosiale samanhengar der det både er personar med D1-dialekt og personar med D2-dialekt, slik som Lukas fortel om i dømes nedanfor.

L [e: ] så (0.3) og det same gjeld jo: når ein blandar vennar når eg blandar vennar frå [D2-stad] med vennar frå [D1-stad] så er det veldig unaturleg (0.8) så då går eg av og til inn i sånn medviten greie der eg prøvar å unn[gå] veldig (0.2) veldig obvious ord

Ein ting alle informantane er tydelege på er at dei må ha tileigna seg og lært bydialekten frå vennar og jamaldrande, ettersom dei ikkje har vorte eksponert for den i heimen og heller ikkje har hatt annan familie som har brukt den dialekten. Tileigninga av bydialekten har for informantane skjedd i forkant av skulestart, med Sofie som einaste unntak. Olivia peiker på at det må ha skjedd i samband med leik i gata, gjennom at ho har tileigna seg dialekten til leikekameratane.

O sånn at eg har jo: den [D2-dialekten] lærte eg jo ikkje heime eg må jo ha lært den av vennane mine  
E mm  
O i gata  
E ja [ikkje sant]  
O [ja sant ]  
O så for det var jo der eg hørde den  
E mm  
O eg hørde den jo ingen andre plassar

Nora og Lukas seier på si side at dei ikkje hugsar når utviklinga av dei bidialektale språkpraksisane konkret fann stad, og dei fortel at det ikkje har vore snakk om medviten innlæring av bydialekten. I likskap med Olivia og Jakob, forklarar også Lukas og Nora at utviklinga av to dialektar har skjedd på ein naturleg måte, i form av at det berre «har vorte sånn» og ikkje i form av eit aktivt val.

L eh eh det har aldri vore noko medviten (.) så dei det det det var som at når eg vart opplyst om det sjølv så innsåg eg det sjølv at eg gjorde det (.) utover det hadde eg ingen formeiningar over .hhh det var ikkje noko ein prøvde på o:g ikkje noko eg hadde tenkt over heller før eg vart .hhh opplyst av andre å ja du byter dialekt så (.) så vart eg klar over det sjølv

Eit anna fellestrekk ved Lukas og Nora er at dei begge gjev uttrykk for at innputt av bydialekten har kome gjennom utanomfamiliære fellesskap, og dei ser i den samanhengen på kyrkja og miljøet der med jamaldrande barn som sentralt i tida før skulestart. Nora fortel at eksponeringa for bydialekten i stor grad har skjedd gjennom fellesskapet i kyrkja, og trekkjer i same anledning fram fråværet av barnehageplass. I staden for at sosialisering med jamaldrande barn skjedde i barnehagen, fann det stad på andre arenaer der ho møtte barn på same alder.

N for eg har jo gått i kyrkja haldt eg på å seie sidan eg då vart fødd (.) og det er nok der eg har vore mest eksponert sikkert fo:r [D1-dialekten]

E mm

N .hhh i den forstand sånn som ingen av vi av syskena har jo gått i barnehage (.) så vi har jo ikkje vore så mykje eksponert for det der (0.6) =og sånn som mamma og dei snakkar jo dialekt så: viss eg skulle tenkt noko så må det jo eigentleg vere: ja (.) familie på den eine sida då og så typisk (0.7) kyrkja då haldt eg på å seie (.) i den andre enden

I likskap med Nora nemner også dei fire andre informantane på eit eller anna tidspunkt barnehagen, og deira tankar om kva innverknad barnehageplass, eller fråvær av barnehageplass, kan ha hatt på deira dialektale sosialiseringssprosess. Lukas deler sine tankar om fråvær av barnehageplass, og om stor eksponering for D1-dialekt i dei tidlege åra av hans liv.

L eg tippar jo: det har ein del å seie (.) for eg fekk jo veldig mykje tid heime så eg tippar jo at det har .hhh gjort at det vert: [D1-dialekt] som er naturleg. fo:r viss ikkje eg hadde vore >eller viss eg hadde vore< i barnehage så hadde eg jo hatt dei aller fyrste åra der du: så og sei lærar å snakke nesten .hhh e:h (0.3) berre rundt [folk fra D2-stad] (.) e:h så eg tippar nok det (.) det er nok ein av dei plassane du kunne ha påverka det mest

Informantane uttalar seg ulikt med omsyn til om dei ser på fråværet av barnehageplass som av betydning for deira dialektale sosialiseringssprosess eller ikkje. Syskenflokket viser til at dei trur det kan ha hatt ein innverknad, i form av at praksisfellesskap som barnehage kan auke graden av eksponering for bydialekten. Dei er likevel usikre på kva som hadde vorte det dialektale utfallet i deira tilfelle om dei hadde gått i barnehage. I kontrast til syskenflokket sitt syn, er til dømes Olivia meir tydeleg på at ho ikkje trur at fråværet av barnehageplass har vore av særleg betydning for utviklinga av hennar bidialektale språkpraksisar. I staden seier ho at det i så fall hadde vore i form av ho hadde tenkt at det var i barnehagen ho lærte D2-dialekten, samanlikna med at ho no tenkjer at ho har lært den av vennar og leikekameratar. Utsegna

hennar kan ein sjå i samanheng med at broren Jakob trur at han lærte D2-dialekten anten i barnehagen eller i annan sosial omgang med andre barn.

J ja eg trur eg har (.) ja eg har lært den i: anten i barnehage eller i omgang altså når eg har leika med andre at du har du har merka at du har hatt ein annan dialekt og så har du tatt etter dei andre haldt eg på å seie

Som kort nemnd tidlegare er det berre Sofie som fortel at ho medvitent tok eit val om å tileigne seg D2-dialekt i samband med skulestart. Der dei andre informantane seier at det aldri har vore eit medvitent val om å tileigne seg den eine eller andre dialekten, fortel Sofie at hennar val til ein viss grad var medvitent. Årsaka var at ho på skulen byrja å få ubehagelege kommentarar og merknadar på dialekten sin, og ho valte av den grunn å leggje om på skulen og med vennar. Sofie seier at ho framleis i dag gjer store forsøk på å unngå at til dømes vennar skal høyre henne snakke D1-dialekt, og koplar dette til at ho vart mobba for å bruke denne dialekten på starten av barneskulen.

S =ja nei e:h nei det var jo når eg byrja på skulen at eg byrja å leggje om alts[å ] i fyrste klasse  
E [ja]  
S eh fordi nå då var det jo folk som påpeika eh d-dialekten mi og mobba den hhh så la eg om men eg hugsar ikkje heilt når eg hadde lagt om det har berre skjedd sånn  
E ja det var ikkje sånn eit medvitent val om at no snakkar eg [D2-dialekt] på skulen og  
S =ja eller det vart jo det det vart jo at eg gjorde det på grunn av eg fekk kommentarar s[å ] derfor så la eg om på grunn av det då

Trass i at ein kan kategorisere valet om å tileigne seg bydialekten som medvitent, forklarar likevel Sofie at sjølve innlæringa ikkje var medviten. Etersom dialekttrekka hennar samsvarar med vennane hennar, trekkjer ho slutninga om at ho har tatt opp dialekten gjennom interaksjon med dei.

S ja (.) eg tippar jo det var det altså det som er altså eg hugsar jo nesten ikkje korleis eg har >lært meg< det berre berre det har berre vorte sånn og eg og eg tippar jo at eg berre har tatt opp >og gjer< sånn som dei snakka og derfor så er [D2-dialekten] mi som dei eg var rundt berre det at fordi eg har jo eg snakkar jo ikkje sånn med bå- ud i båden og sånn (0.2) blaute konsonantar

Når det gjeld informantane sine eigne synsmåtar og merknadar rundt kva som er forklaringa på at akkurat dei har utvikla og konsolidert bidialektale språkpraksisar, er det visse moment som går att. Når det gjeld dei ulike sosialiseringssagentar, er det særleg foreldra som vert trekt fram og det som framstår som ein sentral, om enn ikkje-medviten, innverknad på barna si dialektutvikling. Andre viktige sosialiseringssagentar som vert peika på med omsyn til

tileigning av bygdedialekten er familie og vennar frå bygda foreldra er vakse opp i. Når det gjeld bydialekten, gjev informantane inntrykk av at vennane deira frå oppvekststaden har vore heilt avgjerande som språklege representantar for bydialekten. Informantane understrekar betydinga av aktiv bruk av begge dialektane i barne- og ungdomsår, særleg gjennom hyppige besøk til oppvekststaden til foreldra og tett kontakt med slektningar derifrå. I sitatet under samanfattar Lukas sine refleksjonar om kombinasjonen av faktorar som kan ha vore av betyding i den dialektale sosialiseringssprosessen hans.

L .hhh det må jo vere me:d (0.2) kombinasjonen me:d familie vennar o:g (0.3) altså omstenda rundt seg (1.3) o:g de:t busituasjonen (1.5) eigentleg mykje omstenda eigentleg (1.1) for: viss ein viss ein hadde endra på omstenda så hadde det jo ikkje: så hadde det jo ikkje vorte sånn (0.2) tippar eg (0.9) altså viss eg hadde budd i [D1-stad] så hadde eg jo berre hatt [D1-dialekt] .hhh men: det er klart (.) hadde eg budd i [D2-stad] så: (0.2) trur eg det uansett hadde: kome sånn medan hadde eg hatt .hhh foreldre som: e: berre snakka [D2-dialekt] =altså sei mamma og dei (.) før dei fekk ungar (.) hadde slått om til [D2-dialekt] (1.0) .hhh eh og snakka det så: så hadde eg også berre hatt [D2-dialekt] tippar eg (1.7) så det vert jo på ein måte: omstenda (0.2) ein var i: når ein vaks opp

### 4.3 Refleksjonar og tankar rundt dialektale og bidialektale praksisfellesskap

Gruppeintervjua handsamar mellom anna tema som språkbruksnormer og eldre sysken som potensielle språklege førebilete, i tillegg til informantane sine refleksjonar rundt det språklege praksisfellesskapet som syskenflokkene kan seiast å utgjere. Dei ulike temaa syner både likskapar og ulikskapar mellom dei to syskenflokkane i måten dei ser på sine eigne bidialektale praksisar, og på betydinga av syskenflokkene som eit bidialektalt praksisfellesskap.

På spørsmål om sysken har normer som kjenneteiknar deira bidialektale praksis innanfor i syskenflokkene, svarar Sofie, Lukas og Nora at dei har ei felles forståing av kva dialekt ein skal bruke i kva tilfelle. Dei understrekar samstundes at sjølve dialektvekslinga skjer på automatikk. Den felles forståinga er ifølgje sysken ikkje-uttalt, og det at deira bidialektale praksis følgjer same mønster er berre noko som har falt seg naturleg. At alle informantane er tydelege på kva dialekt dei opplever at er naturleg å bruke i kva samheng, og det tydelege skiljet mellom heimespråk og utespråk, kan vere uttrykk for ein klar språkbruksnorm som informantane handlar i tråd med.

E har dykk e: normer på ein måte som kjenneteiknar (1.6) måten dykk vekslar på altså dykkar bidialektale praksis og (1.5) e:h >på ein måte< måten dykk er saman (.) skil det seg for

eksempel frå (0.2) korleis du er i din vennegjeng eller [Sofie] er i sin vennegjeng har dykk på ein måte nokre normer for språkbruk? (1.2) i syskenflokk tenkjer dykk

(2.2)

S ja eg følar jo at vi har felles forståing a:v når vi skal bruke (1.4) kva for ein dialekt eller sånn E ja?

S men det er berre sånn (0.3) automatikk det er ikkje noko eg tenkjer over det er berre sånn (1.0) ja no er det [D2-dialekt] no er det [D1-dialekt] (1.3) .hhh ja

L mm

Som det gjekk fram av del 2.3.3 er det ein nær relasjon mellom språkbruksnormer og dei ulike praksisfellesskapa som språkbrukarar er medlem i. Kombinasjonen av dei to legg tydelege føringar for dialektbruken til den einskilde språkbrukar, i form av at ein bidialektal språkbrukar både vil handle med utgangspunkt i kunnskap og ressursar frå praksisfellesskapa vedkommande tek del i, og i internalisert kunnskap om gjeldande språkbruksnormer. Dersom ein legg til grunn at syskenflokk utgjer eit språkleg praksisfellesskap, vil den både kunne vere ei innputtkjelde for ein viss dialekt og eit sosialt konstruert rammeverk som bidialektale språkpraksisar kan utvikle og konsolidere seg innanfor. I forlenging av informantane sine refleksjonar og tankar rundt den dialektale sosialiseringprosessen, vart informantane spurt om kva dei tenkte om syskenflokk som eit rammeverk for utvikling av bidialektisme.

L ja det tippar eg jo (.) eg tippar jo det er ein faktor at alle gjer det same

(1.0)

S [mm]

L [kon]tra viss ein av oss berre hadde [D2-dialekt]

E mm

(1.8)

E på [kva måte då? ]

S [eg tippar også]

(0.9)

L nei eg tippar jo det hadde kødda det litt til viss ein var [D2-dialekt]

For Lukas, Sofie og Nora framstår det som at syskenflokk som praksisfellesskap kan ha vore viktig, både i form av at dei haldt bygdedialekten ved like gjennom å alltid bruke den innanfor i familien og i form av at syskena kan ha gjensidig påverka kvarandre til å både utvikle og vedlikehalde dei to dialektane. Også Olivia og Jakob fortel at dei kan ha påverka kvarandre dialektalt sett, gjennom at det alltid har vore naturleg for dei å snakke D1-dialekt saman i heimen. Til ulikskap frå syskenflokk, gjev ikkje Olivia og Jakob inntrykk av at det har vore av særleg betydning at dei har delt dei bidialektale språkpraksisane og såleis utgjort det ein kan omtale som eit bidialektalt praksisfellesskap. I staden fortel dei at det er familien som heilskap som har vore avgjerande, og det dialektale praksisfellesskapet dei saman utgjorde.

E så då på ein måte fellesskapet i syskenflokket vil dykk ikkje seie at har hatt liksom (0.5)  
oppsummert (0.2) hatt noko  
(0.3)  
E [nemneverdig ]  
J [ikkje i sysken]flokket (0.2) ikkje i syskenflokket spesielt men det at vi heime brukte [D1-  
dialekten]  
E ja (0.2) heller familien som fellesskap på ein [må]te?  
J [ja ]  
O =ja

I forlenginga av den varierende betydninga syskenflokket som praksisfellesskap verkar å ha hatt for informantane, kan ein vende blikket mot eldre sysken si potensielle rolle som språklege førebilete for yngre sysken. Det kan til dømes vere gjennom at dei yngre syskena har observert dei bidialektale språkpraksisane til eldre sysken, og deretter medvitent eller ikkje-medvitent har valt same dialektale strategi. Sofie deler sine tankar rundt om ho kan ha fungert som språkleg førebilete for sine yngre sysken, og korleis dette i så fall kan ha utfalda seg.

S nei eg tippar (.) eg tippar jo at det har spelt ein rolle at eg eg veit jo ikkje kvifor eg (.) jaja eg sa jo det at det var fordi på skulen når eg byrja .hhh dei byrja å: mobbe litt eller synast det var rart (0.2) at eg snakka sånn .hhh og då: skifta eg jo men (0.6) eg tenkte eg tenkte jo aldri på det derre at no skal eg medviten halde på den dialekten det vart jo berre sånn at når eg var med dei (0.7) frå [D2-stad] så snakka eg sånn og så heime så var det vanleg  
(1.1)  
S eg tippar jo kanskje då [Lukas] har sett det og så: har gjort det same og så (1.2) og så: [Nora] har også berre sett at det var sånn så

Eit slikt perspektiv på eldre sysken som språklege førebilete, kan ein sjå i samanheng med det Nora fortel om korleis ho har observert språkmønster til sine eldre sysken. Det er i størst grad Lukas ho har vore med i sosiale samanhengar, som følgje av at dei er nærmare i alder enn ho og Sofie. Etersom syskena hennar alltid har veksle mellom to dialektar, forklarar Nora at det har vorte naturleg for henne å gjere det same, utan at hennar bidialektale språkpraksisar er resultatet av ei medviten avgjerd om å tileigne seg og bruke begge dialektane.

N ja og det (.) sånn som for min del også når dei alltid har gjort det så vert det jo naturleg å: gjere det same [utan at ein har tenkt på det]  
S [ja eg trur nok ein har tatt ] etter kvarandre sikkert på grunn a:v  
(2.2)  
S ikkje-medviten då

I den andre syskenflokket fortel Jakob at han ikkje trur at systera Olivia har vore noko utprega språkleg førebilete for han med omsyn til utvikling av bidialektisme, i alle fall ikkje



medvitent frå hans side eller som noko han har lagt merke til. Han seier likevel at det kan ha vore av betydning for hans bidialektale språkpraksisar at også syskena snakka og beherska to dialektar, i form av at det kan ha gjort det lettare at dei var saman om det. I likskap med Nora, nemner også Jakob at det at syskena veksla mellom dialektar kan ha gjort at det har vorte naturleg for han å gjere det same.

E nei så det er ikkje sånn at på ein måte (1.1) at du har høyrte ho har snakka to dialektar for eksempel kan ha hatt betydning for at du då? har to eller har hatt to dialektar

(1.8)

J e: ikkje som eg har lagt merke til men e: kanskje det at (0.2) sidan alle eller alle vi syskena hadde same fenomenet så har det (0.3) kanskje gjort det lettare å ha to språk

E ja på [kva for ein-]

J [to dialektar]

E på kva for ein måte tenkjer du at det kan ha gjort det lettare?

(0.9)

J nei at når dei andre veksla så (.) så: så haldt eg på å seie kunne det verte naturleg for meg også

Syskenflokkane skil seg også frå kvarandre med omsyn til normer for kva dialekt dei skal bruke til kvarandre i ulike samanhengar. Der syskenflokken Lukas, Sofie og Nora fortel at dei ute blant personar frå byen kan ta i bruk bydialekten til kvarandre, seier syskenparet Olivia og Jakob at dei i alle tilfelle brukar D1-dialekten saman. Det er derfor skilnadar mellom syskenflokkane med omsyn til kva språkbruksnormer som gjer seg gjeldande i slike situasjonar, i betydning kva dialekt dei brukar når og til kven.

E snakkar dykk i nokon tilfelle ikkje [D1-dialekt] saman?

(1.0)

L ja

S ðjað

L =de:t gjer vi (0.2) vi snakkar [D2-dialekt] når vi er blant [folk frå D2-stad]

S [ja]

N [ja]

Trass i at språkbruksnormene innanfor praksisfellesskapa skil seg frå kvarandre på visse område, er det likevel likskapar på andre område. Når det gjeld normer for kva som vert rekna som akseptert dialektbruk innanfor syskenflokken, seier ingen av informantane at dei nokon måte har haldt kvarandre ansvarlege med omsyn til dialektbruk, til dømes gjennom å rette på kvarandre eller kommentere kvarandre sin dialektbruk.

E skjer det (.) skjedde det på ein måte at dykk retta på kvarandre (0.5) heime?

O [nei]

J [alt]så no seier du noko på [D2-dialekten] eller sånn at det på ein måte høyrst unaturleg ut

O nei det trur eg aldri eg kan hugse har skjedd (0.2) at vi har gjort

Syskenflokkane som praksisfellesskap verkar altså å praktisere dei bidialektale språkpraksisane på ulike måtar, i tillegg til å leggje ulik vekt på betydinga av det bidialektale fellesskapet. Eit likskapstrekk er at dei yngre syskena opnar for at observasjonen av dei bidialektale språkpraksisane til eldre sysken kan ha gjort det lettare for dei å gjere det same, gjennom at dialektvekslinga har vorte modellert som naturleg språkbruk. Dei gjeldande språkbruksnormene i praksisfellesskapa er til dels overlappende. Begge syskenflokkane rapporterer om klare normer for kva dialekt ein skal nytte i kva samanheng, men skil seg frå kvarandre med omsyn til korleis det praktisk artar seg.

## 5 Drøfting av forskingsspørsmåla

Drøftinga i denne delen er strukturert med utgangspunkt i dei to underordna forskingsspørsmåla og temaa som desse rører ved. Det fyrste forskingsspørsmålet er «Kva forhold har verka inn på den fasen i den dialektale sosialiseringssprosessen der dei bidialektale språkpraksisane har utvikla og konsolidert seg?». Forskingsspørsmålet omhandlar forholdet mellom ulike sosialiseringssagentar i den dialektale sosialiseringssprosessen og kva faktorar informantane peikar på som sentrale i samband med utvikling og konsolidering av bidialektale språkpraksisar.

Deretter kjem det ei drøfting av syskenflokken eller syskenparet som bidialektale praksisfellesskap, med blick på familien som heilskap. Drøftinga tek utgangspunkt i det andre forskingsspørsmålet «Kva kjenneteiknar syskenpar/syskenflokkar som bidialektale praksisfellesskap, og kva funksjon har dei bidialektale praksisfellesskapa hatt i utviklinga, konsolideringa og vedlikehaldet av dei bidialektale språkpraksisane?». Til slutt vert hovudpunkta i dei underordna forskingsspørsmåla samanfatta i forsøk på å gje nokre svar på det overordna forskingsspørsmålet «Kvifor utviklar nokre språkbrukarar bidialektale språkpraksisar, og korleis fungerer de bidialektale språkpraksisane innanfor praksisfellesskapet av eit syskenpar/ein syskenflokk?».

Eit sentralt moment med omsyn til den fasen i den dialektale sosialiseringssprosessen der dei bidialektale språkpraksisane har utvikla og konsolidert seg, handlar om kva periode av oppveksten ein kan tidfeste fasen til. Sjølv om ingen av informantane er i stand til å nøyaktig tidfeste når deira bidialektale språkpraksisar utvikla og konsoliderte seg, er dei alle tydelege på at det har skjedd i ein tidleg periode av barndommen. Utfordringa med å eksakt tidfeste utvikling- og konsolideringsperioden kan ha samanheng med at alle informantane fortel at prosessen med å tileigne seg dei to dialektane i høg grad var kjenneteikna av ikkje-medvitne prosessar. Fleire av informantane skildrar det dei opplever som ei naturleg utvikling av begge dialektane, i betyding at dei ikkje har tatt aktive val og grep for å tileigne seg dei to dialektane.

Trass i utfordringane med å tidfeste denne fasen, er det likevel andre moment som kan fortelje noko om når utviklinga og konsolideringa av bidialektisme har funne stad. Ein kan mellom anna ta utgangspunkt i når informantane vart medvitne på sine bidialektale språkpraksisar, og

opplevingane og refleksjonane dei har rundt denne medvitsgjeringa. Sjølv om informantane har ulike erfaringar og opplevingar med medvitsgjeringa av eigne bidialektale språkpraksisar, deler fleire av dei opplevinga av at det har skjedd i samanhengar der andre rundt har gjort dei merksame på at dei snakkar ein annan dialekt enn det som vert opplevd som naturleg i den aktuelle situasjonen. Med refleksjonane og opplevingane til informantane som grunnlag, kan ein ta utgangspunkt i at den fasen der dei bidialektale språkpraksisane utvikla og konsoliderte seg finn stad i anten den andre og tredje fasen i Bugges språksosialiseringsmodell (Bugge, 2016, s. 70). Det inneber at utviklinga og konsolideringa av bidialektisme i desse tilfella fann stad medan informantane var mellom 1 og 12 år. Ei slik tidsramme inneber at denne fasen i den dialektale sosialiseringsprosessen går inn under den kritiske fasen for dialekttileigning (Mæhlum et al., 2008, s. 100).

På bakgrunn av tidsramma ovanfor er det interessant å rette særskilt merksemd mot den andre og tredje fasen i den språklege sosialiseringsmodellen. Som nemnd i del 2.3.2 handlar den andre fasen i hovudsak om talespråkleg reorganisering og dobbeltsosialisering (Bugge, 2016, s. 70). Avhengig av kva jamaldringsgrupper språkbrukaren tek del i, kan talespråkleg reorganisering også finne stad i den tredje fasen, sjølv om perioden i hovudsak er kjenneteikna av stabilisering og homogenisering (Bugge, 2016, s. 74). Etersom informantane fortel at medvitsgjeringa av deira bidialektale språkpraksisar skjedde i forkant av eller i samband med skulestart, kan ein stille spørsmål ved kva den språklege reorganiseringa består i for dei bidialektale språkbrukarane.

Den språklege reorganiseringa kan som nemnd resultere i at språkbrukarar som følgje av dobbeltsosialiseringa tileignar seg talemålet til jamaldrande, og samstundes legg bort talemålet til foreldra og familien (Bugge, 2016, s. 71). At språkbrukarar fyrst tileignar seg familien sitt talemål, fungerer som premiss for at det skal kunne skje ei talespråkleg reorganisering i retning jamaldrande. Det same gjeld deltaking i fellesskap med språkbrukarar på eigen alder. Alle informantane fortel at dei tok del i utanomfamiliære fellesskap med jamaldrande før skulestart, og ein kan av den grunn hevde at dei har vore i sentrum for ei slik dobbeltsosialisering. Når det gjeld kva dialekt dei fyrst tileigna seg, peiker rapporteringane i retning familiedialekten, sjølv om ein ikkje kan stadfeste dette heilt sikkert. Ein kan altså hevde at bidialektale språkbrukarar også gjennomgår ei språkleg reorganisering, ettersom dei på eit tidspunkt før eller i samband med skulestart har tileigna seg talemålet til jamaldrande.

Det som kan skilje dei bidialektale språkbrukarane frå andre språkbrukarar verker dermed ikkje å vere mangelen på dobbeltsosialisering eller språkleg reorganisering, men i staden kva form sistnemnde har. I staden for at den språklege reorganiseringa består i at dei bidialektale legg bort dialekten dei koplur til familien og heimen, til fordel for den lokale dialekten som jamaldrande brukar, kan ein hevde at det skjer ein annan type reorganisering. Ein kan i så fall sjå føre seg at den språklege reorganiseringa skjer i form av at dei bidialektale språkbrukarane reorganiserer sine språkbruksmønster på ein måte som gjer at dei både vernar om og held fast på sin opphavelege dialekt, samstundes som dei viser evne til språkleg tilpassing gjennom å tileigne seg ein D2-dialekt. Dobbeltsosialisering og talespråkleg reorganisering kan altså vere med på å forklare kvifor dei bidialektale informantane har tileigna seg talemålet på oppvekststaden.

Ettersom informantane gjev inntrykk av at dialekttileigninga i stor grad har vore ikkje-medviten, kan ein hevde at den språklege reorganiseringa som leier fram til utviklinga og konsolideringa av dei bidialektale språkpraksisane består av ein kombinasjon av medvitne og ikkje-medvitne prosessar. For Sofie er tileigninga av D2-dialekten i større grad kjenneteikna av eit aktivt val enn til dømes Lukas, som ikkje hugsar anna enn at han alltid har beherska og brukt begge dialektane. Sjølv om den språklege reorganiseringa i deira tilfelle verkar å bere preg av ulik medvitsgrad, er dei bidialektale språkpraksisane resultatet for dei begge. Ein kan derfor stille spørsmål ved om det sentrale i denne samanhengen ikkje er informantane sin grad av medvit rundt utvikling- og konsolideringsfasen, men i staden kva faktorar som ligg til grunn for at den språklege reorganiseringa består i at informantane tileignar seg ein dialekt, medan dei på same tid held fast ved ein annan.

Av den grunn er interessant å sjå korleis informantane skildrar innverknaden ulike språklege sosialiseringssagentar har hatt på deira dialektbruk i oppveksten. Alle informantane peikar på at foreldra har vore heilt sentrale, som følgje av at det har vore avgjerande at foreldra har flytta og dermed har hatt ein annan dialekt enn den geografisk tilhøyrande oppvekststaden. Med utgangspunkt i utgreiinga i del 2.3.2 om differensiering mellom påverknadskrafta til mor og far (Mæhlum, 1992, s. 76), bør ein ta ei vurdering på om det er føremålstenleg å trekkje opp eit slikt skilje. I denne samanhengen framstår det verken som naudsynt eller relevant å differensiere mellom påverknadskrafta til mor og far (jf. Mæhlum, 1992, s. 76), ettersom begge foreldra har same dialekt.

Andre sosialiseringsagentar som vert trekt fram som særleg viktige er familie utanfor kjernefamilien, andre vaksne, samt jamaldrande og vennar. For informantane i denne studien verkar det som at det i hovudsak er familie som har vore den språklege innputtkjelda for bygdedialekten, medan vennar og jamaldrande har vore representantar for bydialekten. Det følgjer av at i begge syskenflokkane er foreldra frå same bygd, og dei har dermed både lik dialekt og det meste av familie frå same stad. For informantane inneber det at all kommunikasjon med familie frå bygdekommunen har vore på bygdedialekten. Dette kombinert med nær kontakt med slektningar frå bygda verkar å vere av stor betyding, ettersom kombinasjonen legg til rette for gode moglegheiter for språkleg påverknad frå personar som snakkar bygdedialekten.

At Lukas og Nora fortel at dei i tillegg brukar bygdedialekten saman med vennar og jamaldrande frå bygda, kan ha hatt ein forsterkande og oppretthaldande funksjon for deira bygdedialekt også etter kvart som dei vart eldre. Kommunikasjon med vennar og jamaldrande på bygdedialekten har gitt dei moglegheit til å aktivt bruke bygdedialekten i sosialt relevante samanhengar utanfor heimen og familiekonteksten. Eit slikt moment kan ein sjå i samanheng med at målet for den språklege reorganiseringa kan vere å «finne varianter som på en eller annan måte er sosialt gangbare i jamaldringsgruppa» (Bugge, 2016, s. 71). Kva dialekt som er mest sosialt akseptert i jamaldringsgruppa, vil i deira tilfelle vere avhengig av geografiske forhold.

På den andre sida framstår det som om vennar og andre vaksne frå oppvekststaden har fungert som primærkjelde til innputt av bydialekten. Det har mellom anna vore i samband med barnehage, skule eller andre utanomfamiliære fellesskap. I del 2.3.2 vart det trekt fram korleis dei nemnde sosialiseringsagentane får ei stadig aukande betyding utover i den andre og tredje fasen i den språklege sosialiseringsmodellen (Bugge, 2016, s. 70). For informantane kan det innebere at jamaldrande og andre vaksne får ein meir framtrедande rolle etter kvart som dei vert eldre, og på den måten kan innverka på språkbruksmønster til informantane gjennom eige talemål.

Når det gjeld jamaldrande og andre vaksne, kan ein igjen trekkje fram at fire av fem informantar ikkje gjekk i barnehage. Det interessante momentet i den samanhengen er at informantane skil seg frå kvarandre i kva betyding dei ilegg barnehageplass eller fråvær av barnehageplass. Det framstår av den grunn ikkje som å vere av avgjerande betyding om dei

bidialektale gjekk i barnehage eller ikkje. I staden vert barnehagen trekt fram som eit typisk utanomfamiliært fellesskap der dei bidialektale informantane har lært eller kunne ha lært det lokale talemålet. Dei informantane som ikkje har gått i barnehage, seier dei likevel har hatt andre liknande fellesskap med jamaldrande, til dømes gjennom kyrkja. På eit slikt grunnlag kan ein hevde at det vesentlege er at informantane har delteke i utanomfamiliære fellesskap før skulealder, ikkje kva form desse har tatt.

Den føregåande framstillinga er meint til å vise korleis ulike sosialiseringssagentar gjer seg gjeldande i den dialektale sosialiseringssprosessen, og korleis ein må sjå desse i relasjon til andre omkringliggjande faktorar. Til dømes vil rapporteringane om foreldra si rolle seie noko om det nære sambandet mellom bakgrunnsfaktorane van Ommeren (2016) kom fram til i sin studie (s. 225). Når det gjeld bakgrunnsfaktoren mobilitet kan ein trekkje fram at tolkinga av omgrepet vil leggje klare føringar for om dei bidialektale sjølv vert rekna for å ha vore geografisk mobile. Van Ommeren (2016) legg til grunn ei forståing av geografisk mobilitet som at informantane sjølv har flytt mellom stadene som dei heimfestar dialektane sine til (s. 223). Eg vil derimot argumentere for at ei perspektivutviding kan opne for inkludere andre interessante sider ved bidialektisme som fenomen. Ein slik argumentasjon tek utgangspunkt i at bidialektisme er eit språkkontaktfenomen på individnivå (van Ommeren, 2016, s. 18 og 222) som ikkje fordrar flytting, i tillegg til den nemnde nære kontakten som informantane fortel at dei har hatt med slektningar som snakkar bygdedialekten.

Alle informantane i denne studien vil vere det van Ommeren (2016) omtalar som ikkje-mobile bidialektale (s. 223), men etter mitt syn kan ei slik nemning gje eit mindre nyansert bilete av deira faktiske dialektale omgjevningar. Sjølv om nemninga er meint til å omfatte dei bidialektale språkbrukarane som ikkje sjølv flytta og tileigna seg den stadstilhøyrande dialekten i etterkant av flyttinga, kan sjølve ordlyden likevel seiast å vere tvetydig. Fordelen med å leggje til grunn ei meir utvida forståing av geografisk mobilitet, er at ein i større grad opnar for å inkludere ulike formar for mobilitet mellom dei to geografiske stadane, og språkmøta som følgjer av ein slik mobilitet. Det kan til dømes inkludere hyppige besøk til oppvekststaden til foreldra, eller kortare periodar med bustad der, slik som om sumaren eller i feriar. Alle informantane rapporterer om at dei i oppveksten var på jamlege besøk til staden bygdedialekten deira kjem frå, og dei understrekar betydinga av den kontinuerlege kontakten med familie og vennar derifrå.

Etter mi meining er det viktig å tydeleg få fram kor sentral denne forma for geografisk mobilitet verka å ha vore og framleis er for dei bidialektale. Innverknaden som mobiliteten mellom stadane har hatt på deira dialektkompetanse kan kome til uttrykk gjennom informantane si eigenrapportering av kor utbygde dialektane deira er. Ein kan mellom anna sjå på korleis tilknyttinga til heimstaden til foreldra og graden av utbygd dialekt verkar å hengje saman. Eit illustrerande døme er korleis Sofie fortel at ho tidlegare snakka breiare, men no har fått ein meir utvatna bygdedialekt i tråd med at talet på besøk til foreldra sin oppvekststad har minka. Trass i at ein skal vere varsam med å leggje for stor vekt på å utvide forståinga av teoretiske omgrep, kan det likevel vere av verdi at ein kastar ljøs over momenta som ei perspektivutviding vil kunne inkludere.

Jamlege besøk på heimstaden til foreldra og dermed aktivt bruk av bygdedialekten verkar altså å vere av betyding med omsyn til å oppretthalde og vedlikehalde dialektkompetansen. I tillegg framstår det også viktig for kunne å skape ei identitetskopling til bygda og menneska der. Som nemnd i del 2 er språk og identitet nært knytt saman, gjennom at språket kan uttrykkje sosial tilhørslse og fungere som identitetsrealiserande. Det var også gjort greie for måten bidialektale språkpraksisar kan vere uttrykk for å «gjøre familie», «gjøre steder», «gjøre relasjonar» eller liknande (van Ommeren, 2016, s. 295). Sjølv om informantane fortel om ulik grad av identifikasjon med foreldra si oppvekstbygda i dag, er det grunnlag for å hevde at det har vore viktig i den fasen av oppveksten der dei bidialektale språkpraksisane utvikla og konsoliderte seg. Grunnlaget for å hevde dette byggjer på informantane sine rapporteringar om korleis dei brukte dei to dialektane som ein måte å blende inn i dei språklege omgjevnadane, og til unngå kommentarar på at deira dialektbruk skilte seg ut. Til dømes fortel Olivia om korleis det var viktig for dei å ikkje skilje seg ut språkleg sett når dei var på besøk til bygda, og Sofie fortel om korleis ho ikkje ville vere «byfisk» i møte med fetrar frå bygda.

Erfaringane til Sofie og Olivia kan vere uttrykk for eit ynske om å vere ein del av det dialektale fellesskapet som til dømes ein utvida familie eller ein vennegjeng kan utgjere. Å skilje seg ut dialektalt sett kan innebere ein varierende grad av sosial risiko, og ein liknande risiko vil vere aktuell ved knoting. Begge tilfella vil kunne gå inn under det Hårstad et al. (2021, s. 85) kallar grenseoverskridande språkbruk og kan av den grunn føre til språklege sanksjonar frå dei rundt. At informantane rapporterer om eit stort ynske og behov for å halde områda for dei to dialektane tydeleg åtskilt, kan både vere uttrykk for eit ynske om å



minimere sosial risiko og eit ynske om å unngå språklege sanksjonar i form av kommentarar eller liknande. I tillegg kan vere uttrykk for bidialektisme som språkleg strategi, i form av at ein språkleg tilpassar seg samtalsituasjonen ein er i.

Eit interessant moment ved både den dialektale sosialiseringsprosessen og syskenpar/syskenflokkar som bidialektale praksisfellesskap, er sysken si rolle som sosialiseringsagentar og måten eldre sysken potensielt kan fungere som språklege førebilete for sine yngre sysken. Etersom syskenflokkane har ulike oppfatningar og refleksjonar rundt i kva grad dei eldre syskena har fungert som språklege førebilete, er det vanskeleg å trekkje nokre generelle slutningar for denne informantgruppa. Eit mogleg premiss for at eldre sysken skal gjere seg gjeldande som språklege førebilete, er at dei i meir utprega grad fungerer som mellomledd mellom familien på den eine sida og dei utanomfamiliære fellesskapa på den andre sida. Det kan til dømes vere gjennom at dei yngre syskena observerer eldre sysken i sosiale samanhengar der dei begge er aktive deltakarar, til dømes i ein vennegjeng.

Ein kan også trekkje inn alder, og den moglege innverknaden som aldersspennet mellom sysken kan ha. Større likskap i alder kan gjere at eit eldre sysken både vert representant for jamaldergruppa og for familien, og derunder kan innlemme yngre sysken i dei språklege mønstera og normene i desse fellesskapa. Ifølgje Nora kan alder ha vore av betydning for hennar del, ettersom ho og Lukas er nærmare i alder enn ho og Sofie, og at dei dermed i større grad har delteke i dei same utanomfamiliære språklege fellesskapa. I Nora sin dialektale sosialiseringsprosess framstår Lukas av den grunn som viktig, ettersom han både kan ha modellert naturleg dialektbruk og -veksling for ho, og gjort at ho tidlegare tok fatt på den språklege reorganiseringsprosessen.

Det at yngre sysken utviklar og konsoliderer bidialektale språkpraksisar på lik linje, om enn ikkje på lik måte, som sine eldre sysken kan innebere at dei yngre syskena veks opp i ein annan dialektal sosialiseringssituasjon enn dei eldre. Der alle informantane har vakse opp med at dei språklege mønstera i familien har avvika frå dei blant jamaldrande og vennar frå oppvekststaden, har yngre sysken i tillegg vakse opp med sysken med allereie etablerte bidialektale språkpraksisar. Etter kvart som dei yngre syskena også utviklar og konsoliderer dei bidialektale språkpraksisane, utgjer syskenflokkene det ein kan omtale som eit bidialektalt praksisfellesskap. Det som skil dei to informantgruppene er i kva grad det bidialektale praksisfellesskapet har vore viktig for dei med omsyn til å oppretthalde dei bidialektale

språkpraksisane. Medan praksisfellesskapet verkar å ha vore av betydning for syskenflokken på tre, fortel som nemnd syskenparet Olivia og Jakob at det ikkje har vore av same betydning for deira del. Spørsmålet vert derfor kva som er grunnen til den varierende betydninga.

Ei potensiell forklaring kan vere å sjå betydninga av syskenflokken som praksisfellesskap i relasjon til i kva grad dei bidialektale ferdigheitene har vorte haldt ved like. Olivia og Jakob har som nemnd begge flytt til bygda foreldra vaks opp i, og fortel at dei i ettertid av flyttinga svært sjeldan brukar D2-dialekten ettersom heimedialekten deira no samsvarar med dialekten dei elles er omslutta av. Det kan derfor vere naturleg å trekkje slutninga om at eit bidialektalt praksisfellesskap ikkje lengre vil ha særleg relevans i deira språklege omgjevnadar. Ein kan også snu på det, og stille spørsmål ved om kombinasjonen av flytting til bygda og at bidialektale praksisfellesskapet ikkje har vore av betydning tidlegare heller, har gjort at dei bidialektale ferdigheitene ikkje har vorte haldt ved like.

For syskenflokken på tre er situasjonen annleis. Dei bur alle framleis på oppvekststaden, og har ikkje samsvar mellom heimedialekten og dialekten på bustaden. I tillegg fortel dei at syskenflokken som praksisfellesskap har vore av betydning for å halde dei bidialektale språkpraksisane ved like, og at dei situasjonsavhengig både kan bruke by- og bygdedialekten til kvarandre. Sjølv om syskena rapporterer om varierende grad av utbygd dialekt mellom seg og i løpet av livet, har dei alle likevel haldt fast ved dei bidialektale ferdigheitene i ein viss grad og er derfor framleis aktivt bidialektale. Utan at det er grunnlag for å hevde at syskenflokken som praksisfellesskap har vore av avgjerande betydning for å halde dei bidialektale ferdigheitene ved like, kan ein likevel vurdere det til at det har hatt ei viss betydning, sett i samanheng med korleis dei to syskenflokkane skil seg frå kvarandre på dette området.

Når det gjeld språklege strategiar, kan ein sjå større tendensar til likskap mellom informantane i dei to syskenflokkane. Det handlar om at dei brukar same språklege strategi ovanfor andre språkbrukarar i ulike sosiale samanhengar. Dei er alle tydelege på at dei deler ei klar forståing av kva dialekt som skal brukast til kven og når, sjølv om dei i visse tilfelle overstyrer automatikken i dialektvekslinga. Den tydelege forståinga kan vere bilete på ein felles språkleg strategi. Ein kan også finne likskapar innanfor dei respektive syskenflokkane. Til dømes er det interessant at informantane i syskenflokken på tre har brukt same strategi med å bruke meir nøytrale ord i sosiale settingar der gruppa består av både personar med D1-dialekt og

personar med D2-dialekt. Ein kan også hevde at syskenparet har gått for same språklege strategi i samband med flytting, i form av at dei omtrent har lagt bort D2-dialekten heilt. Fellestrekk mellom syskena i same syskenflokk, illustrerer korleis dei som deltakarar i det bidialektale praksisfellesskapet ikkje-medvitent kan dele språklege strategiar og følgje felles normer for språkbruk.

Bakgrunnsfaktorane mobilitet og/eller fleirdialektalitet i familien verkar her, i likskap med hjå informantane til van Ommeren (2016, s. 225), å vere ein føresetnad for bidialektisme. På bakgrunn av den føregåande framstillinga, kan ein i tillegg hevde at utvikling og konsolidering av bidialektale språkpraksisar skjer som følgje av eit samspel mellom omstenda rundt og dei ulike sosialiseringssagentane som har verka inn på den dialektale sosialiseringssprosessen. Relevante faktorar verkar av den grunn å vere informantane sin geografiske mobilitet, nære relasjonar med sosialiseringssagentar med ulike dialektar, familien som dialektalt praksisfellesskap og/eller syskenflokk som bidialektalt praksisfellesskap, kjensle av tilknytning til foreldra sin oppvekststad og identifikasjon med personar derifrå.

Dei nemnde faktorane er tett knytt saman, og er ulike delar av ein samansett sosial og dialektal kontekst. Faktorar som identitetskopling, tilknytning og etablering av relasjonar av språkleg betydning vil i stor grad avhenge av andre faktorar som geografisk mobilitet og deltaking i forskjellige sosiale fellesskap. Etersom omstenda rundt og kontakten med dei ulike sosialiseringssagentane, som vennar frå oppvekststad og familie frå bygda, har variert i løpet av livet, verkar mest sentrale med omsyn til utviklinga av dei bidialektale språkpraksisane å vere den identitetskoplinga, tilknytninga og relasjonane som vart etablert medan informantane framleis var barn og unge. Ifølgje informantane har syskenflokk som praksisfellesskap hatt ein meir uklar funksjon. At syskena har delt dei bidialektale språkpraksisane verkar ikkje å vere av avgjerande betydning for utvikling av bidialektisme. Samstundes gjev informantane inntrykk av at praksisfellesskapet i syskenflokk kan ha gjort det både lettare og meir naturleg å utvikle og vedlikehalde dei bidialektale språkpraksisane.

På same måte som at bakgrunnsfaktorane mobilitet og fleirdialektalitet i familien ikkje predikerer bidialektale språkpraksisar, er det heller ikkje grunnlag for å hevde at dei nemnde faktorane vil gjere det. Det eg i den føregåande framstillinga har lagt fram og hevda, vil naturlegvis ikkje kunne fungere som generelle merknadar om alle bidialektale språkbrukarar. Det framstillinga likevel kan seie noko om, er kva dei bidialektale informantane i denne

studien opplever og fortel at har vore viktige faktorar i deira dialektale sosialiseringsspross, både som individuelle språkbrukarar og som del av ein bidialektal syskenflokk. Slike innsikter kan derfor ha forskingsvitskapeleg verdi, ettersom dei kan avdekkje og synleggjere interessante aspekt ved bidialektisme som språkleg fenomen, gjennom å studere det i relasjon til nye teoretiske omgrep og størrelsar som dialektal sosialisering og praksisfellesskap.

## 6 Litteraturliste

- Anderson, V. M. (2011). *Bidialectalism in Intense Language Variety Contact: An “Unexpected” Development in the Death of Pennsylvania Dutchified English* [Doktorgradsavhandling, Indiana University].  
<https://www.proquest.com/openview/cdc6d136ce202a720a7f44cd3ec1fb30/1?pq-origsite=gscholar&cbl=18750>
- Bjørnsrud, H. & Gjems, L. (2019). Introduksjon. I H. Bjørnsrud & L. Gjems (Red.), *Praksisfellesskap for læring og profesjonsutvikling* (s. 9–15). Universitetsforlaget.
- Blom, J.-P. & Gumperz, J. J. (1972). Social meaning in linguistic structure: code-switching in Norway. I J. J. Gumperz & D. Hymes (Red.), *Directions in Sociolinguistics* (s. 407–434). Holt, Rinehart & Winston.
- Bugge, E. (2015). *Språktradering i Bolsøy: En variasjonslingvistisk analyse med vekt på familietilhørighet som sosial variabel* [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive (BORA). <https://bora.uib.no/bora-xmllui/bitstream/handle/1956/10372/dr-thesis-2015-Edit-Bugge.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Bugge, E. (2016). Norske barns språksosialisering og språklige praksisfellesskap. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 34(1), 63–82. <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmllui/bitstream/handle/11250/2481439/1290-1419-1-SM.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Bugge, E. (2020). Sosiolingvistisk undersøkelse av talemålsvariasjon og dialektendring. I R. Neteland & L. I. Aa (Red.), *Master i norsk: metodeboka 2* (s. 216–231). Universitetsforlaget.
- Cejka, D. A., Gujord, A.-K. H. & Selås, M. (2017). Ein mangfaldig barnehage. I M. Selås & A.-K. H. Gujord (Red.), *Språkmøte i barnehagen* (s. 9–33). Fagbokforlaget.
- Dahlum, S. (2021, 9. mars). Validitet. I *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/validitet>
- Dencik, L. (1999). Små børns familieliv – som det formes i samspillet med den udenomsfamiliære børneomsorg. Et komparativt nordisk perspektiv. I L. Dencik & P. Schultz Jørgensen (Red.), *Børn og familie i det postmoderne samfund*. Hans Reitzels forlag.
- Drageset, S. & Ellingsen, S. (2010). Å skape data fra kvalitativt forskningsintervju. *Sykepleien Forskning*, 5(4), 332–335.  
<https://doi.org/https://doi.org/10.4220/sykepleienf.2011.0027>

- Eckert, P. (2012). Three Waves of Variation Study: The Emergence of Meaning in the Study of Sociolinguistic Variation. *Annual Review of Anthropology*, 41(1), 87–100.  
<http://www.jstor.org/stable/23270700>
- Eckert, P. & McConnell-Ginet, S. (1992). Think Practically and Look Locally: Language and Gender as Community- Based Practice. *Annual Review of Anthropology*, 21(1), 461–490. <http://www.jstor.org/stable/2155996>
- Engen, T. O. & Kulbrandstad, L. A. (2004). *Tospråklighet, minoritetsspråk og minoritetsundervisning* (2. utg.). Gyldendal akademisk.
- Grindheim, L. T. (2003). *Sosialisering mellom barn: ein studie av barnehagen som praksisfellesskap* [Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive (BORA). <https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/1568/Masteroppgave-grindheim.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Gullestad, M. (1984). *Kitchen-table society: a case study of the family life and friendships of young working-class mothers in urban Norway* [Doktorgradsavhandling, Universitetsforlaget]. [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008060404032?page=2](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008060404032?page=2)
- Hazen, K. (2001). An Introductory Investigation Into Bidialectalism. *University of Pennsylvania Working Papers in Linguistics*, 7(3), 85–99.  
<https://repository.upenn.edu/pwpl/vol7/iss3/8>
- Hazen, K. (2002). The Family. I J. K. Chambers, P. Trudgill & N. Schilling-Estes (Red.), *The Handbook of Language Variation and Change* (s. 500–525). Blackwell Publishing.  
<https://doi.org/10.1002/9780470756591.ch20>
- Høigård, A. (2019). *Barns språkutvikling: Muntlig og skriftlig* (4. utg.). Universitetsforlaget.
- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap: teori, metode og faghistorie*. Cappelen Damm akademisk.
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk: sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Indrehus, K. L. (2014). “Eg er berre bergensar når eg snakkar med systema mi»: Ein kvalitativ studie av samanhengen mellom identitet og talemål hos bidialektale [Masteroppgåve, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet]. NORA - Norwegian Open Research Archives. [https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/244371/744888\\_FULLTEXT02.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/244371/744888_FULLTEXT02.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

- Isaksætre, F. G. (2022). *“Et verktøy jeg har som ikke alle andre har»: En interaksjonell sosiolingvistisk undersøkelse av opplevd flerdialektisme* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. NORA - Norwegian Open Research Archives. <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/96827/Masteroppgave---Isaks-tre.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Klynderud, H. E. (1999). *Kodeveksling ved bidialektisme* [Hovudoppgåve, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet].
- Koerner, K. (1991). Toward a History of Modern Sociolinguistics. *American Speech*, 66(1), 57–70. <https://www.jstor.org/stable/pdf/455434.pdf>
- Labov, W. (2001). *Principles of linguistic change: Volume 2: Social factors*. Blackwell Publishers.
- Lave, J. & Wenger, E. (1991). *Situated learning: Legitimate peripheral participation*. University Press.
- Lind, M. (2004). Flyt i språkproduksjonen. *Norsk tidsskrift for logopedi*, 1, 21–26. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-22043>
- Meyerhoff, M. & Strycharz, A. (2013). Communities of practice. I J. K. Chambers & N. Schilling (Red.), *Handbook of Language Variation and Change* (2. utg., s. 428–447). Wiley-Blackwell.
- Mæhlum, B. (1992). *Dialektal sosialisering: en studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Novus forlag.
- Mæhlum, B. (1996a). Codeswitching in Hemnesberget — Myth or reality? *Journal of pragmatics*, 25(6), 749–761. [https://doi.org/10.1016/0378-2166\(95\)00027-5](https://doi.org/10.1016/0378-2166(95)00027-5)
- Mæhlum, B. (1996b). Norsk og nordisk sosiolingvistikk – en historisk oversikt. I C. Henriksen, E. Hovdhaugen, F. Karlsson & B. Sigurd (Red.), *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden* (s. 175–224). Novus forlag.
- Mæhlum, B. & Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter*. Cappelen Damm akademisk.
- Mæhlum, B., Røyneland, U., Akselberg, G. & Sandøy, H. (2008). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (2. utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Neteland, R. (2017). Språk og språkbruk i samfunnet. I M. Selås & A.-K. H. Gujord (Red.), *Språkmøte i barnehagen* (s. 35–61). Fagbokforlaget.
- Neteland, R. (2020). Kvalitative intervju i norskfaglige oppgaver. I R. Neteland & L. I. Aa (Red.), *Master i norsk: metodeboka 2* (s. 50–67). Universitetsforlaget.

- Nilsen, B. H. (2005). *"Er det virkelig deg?": om identitetsrealisering hos personer med to internaliserte dialekter* [Hovudoppgåve, Høgskolen i Agder].
- Ochs, E. & Schieffelin, B. (2008). Language socialization. An historical overview. I P. A. Duff & N. H. Hornberger (Red.), *Encyclopedia of Language Education* (s. 3–16).
- Omdal, H. (1994). *Med språket på flyttefot: språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand* [Doktorgradsavhandling, Uppsala universitet].
- Røsstad, R. (2008). *Den språklege røynda: ein studie i folkelingvistikk og dialektendring frå austre Vest-Agder*. Novus forlag.
- Røsstad, R. (2022). Bokmelding: Stian Hårstad, Brit Mæhlum og Rikke van Ommeren: "Blikk for språk. Sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet". *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 40(2), 243–256.  
<http://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/2128/2092>
- Røyneland, U. (2008). Språk og dialekt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (2. utg., s. 15–34). Cappelen Damm Akademisk.
- Sandøy, H. (2008). Skriftvariasjon. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (2. utg., s. 167–193). Cappelen Damm Akademisk
- Simonsen, H. G. (2018, 24. september). Bilingvisme. I *Store Norske Leksikon*.  
<https://snl.no/bilingvisme>
- Skirbekk, S. & Tjora, A. (2020, 3. november). Sosialisering. I *Store Norske Leksikon*.  
<https://snl.no/sosialisering>
- Skovholt, K., Landmark, A. M. D., Sikveland, R. O., Solem, M. S. & Skovholt, K. (2021). *Samtaleanalyse: en praktisk innføring*. Cappelen Damm akademisk.
- Skutnabb-Kangas, T. (1981). *Tvåspråkighet*. LiberLäromedel Lund.
- Statistisk sentralbyrå. (2022a). *Barnehager*.  
<https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>
- Statistisk sentralbyrå. (2022b). *Flyttinger*.  
<https://www.ssb.no/befolkning/flytting/statistikk/flyttinger>
- Svennevig, J. (2021, 25. februar). Kodeveksling. I *Store Norske Leksikon*.  
<https://snl.no/kodeveksling>
- Torp, A. (1998). *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv*. Novus forlag.
- van Ommeren, R. (2016). *Den flerstemmige språkbrukeren: En sosiolingvistisk studie av norske bidialektale* [Doktorgradsavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige



universitet]. NTNU Open. [https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2428730/Rikke%20van%20Ommeren\\_PhD.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2428730/Rikke%20van%20Ommeren_PhD.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Aarskog, K. N. (2022). Undersøker hvordan hjernen håndterer ulike dialekter. *Universitetet i Tromsø*. [https://uit.no/nyheter/artikkel?p\\_document\\_id=789721](https://uit.no/nyheter/artikkel?p_document_id=789721)

## Samandrag

I prosessen med å tileigne seg eit talemål går språkbrukarar gjennom ein språkleg sosialiseringssprosess der ulike språklege sosialiseringssagentar og andre omkringliggjande faktorar gjer seg gjeldande. I løpet av den språklege sosialiseringssprosessen tek språkbrukarar del i ulike praksisfellesskap der dei samhandlar med sosialiseringssagentar med ulik posisjon og betydning. Syskenflokkene kan potensielt vere eit særleg relevant praksisfellesskap. For nokre språkbrukarar vert resultatet av den språklege sosialiseringssprosessen det ein kan omtale som bidialektale språkpraksisar, som vil seie moglegheita og evna til å bruke og veksle mellom to ulike dialektar. Føremålet med denne oppgåva var å utforske moglege årsaker til kvifor nokre språkbrukarar utviklar og konsoliderer bidialektale språkpraksisar. Dette vart forsøkt gjort gjennom å rette merksemd mot den fasen i den språklege sosialiseringssprosessen der dei bidialektale språkpraksisane utvikla og konsoliderte seg, og mot syskenflokkar som bidialektale praksisfellesskap.

Det vart det gjennomført kvalitative intervju av fem bidialektale språkbrukarar. Informantane fordelte seg på ein syskenflokk og eit syskenpar, der alle i oppveksten beherska og veksle mellom to ulike dialektar. Informantane vart både intervjuja individuelt og saman med sysken i eit gruppeintervju. Studien har eit sosiokulturelt utgangspunkt, og la stor vekt på å få fram informantane sine refleksjonar og innsikter rundt eigen språklege sosialiseringssprosess og syskenflokkene som praksisfellesskap. Intervjuja tok mellom anna føre seg eldre sysken si potensielle rolle som språklege førebilete, betydninga av ulike språklege sosialiseringssagentar, geografisk mobilitet, identitetskopling og tilknytning til foreldra sin oppvekststad, samt språkbruksnormer og språklege strategiar innanfor det bidialektale praksisfellesskapet.

Sjølv om studien ikkje gjev grunnlag for å konkludere på generell basis, er det likevel mogleg å kome med nokre merknadar om kva faktorar som kan ha hatt sentral betydning for dei utvalde informantane. Etersom informantane fortel at omstenda rundt, den geografiske mobiliteten og kontakten med ulike sosialiseringssagentar har variert i løpet av livet, verker det mest sentrale å vere identitetskoplinga, tilknytninga til foreldra sin oppvekststad og relasjonane til personar derifrå som vart etablert medan informantane framleis var barn og unge. Sjølv om syskenflokkene som bidialektalt fellesskap ikkje verker å ha hatt ei avgjerande rolle, kan den likevel ha gjort det lettare og meir naturleg å både utvikle og vedlikehalde dei bidialektale språkpraksisane.

## Summary

In the process of acquiring an oral language, language users go through a language socialization process characterized by various linguistic socialization agents and surrounding factors. During this process, language users take part in various communities of practice where they interact with socialization agents with different significance. The sibling group can potentially be a particularly relevant community of practice. For some language users, the result of the language socialization process is what can be referred to as bidialectal language practices, which means the possibility and ability to use and switch between two different dialects. The aim of this master thesis is to explore possible reasons why some language users develop and consolidates bidialectal language practices, by directing attention to the phase in the language socialization process where the bidialectal language practices was developed and consolidated and to sibling groups as bidialectal communities of practice.

A qualitative interview was conducted with five bidialectal language users, divided into a sibling group and a pair of siblings, where all of them grew up fluent and alternating between two different dialects. The informants were interviewed both individually and together with their siblings in a group interview. The study has a sociocultural origin, and places therefore great emphasis on eliciting the reflections and insights of the bidialectal informants. The interviews considered, among other things, older siblings' potential role as linguistic role models, the importance of language socialization agents such as the close and the extended family, friends, kindergarten, geographical mobility, identity link and attachment to the parents' hometown, as well as norms for language use and linguistic strategies within the bidialectal community of practice.

Although the study does not provide grounds for concluding on a general basis, it is still possible to make some remarks about which factors may have been of central importance to the selected informants. As the informants report that the surrounding circumstances, the geographical mobility and the contact with various socialization agents have varied of the course of their lives, the most central factors seem to be the identity link, the connection to their parents' hometown and the relationships that were established while the informants were still children. Although the sibling group as a bidialectal community does not seem to have had a decisive role, it may still have made it easier and more natural to both develop and maintain the bidialectal language practices.

## **Vedlegg 1: Transkripsjon**

Intervju med Sofie

1 E jah det fyrste spørsmålet er kvar er du fødd og oppvaksen?  
2 (0.7)  
3 S jah er jo fødd i [D1-stad] og oppvaksen i [D1-stad]  
4 (0.3)  
5 E ja: korleis var det å vakse opp i [D1-stad]?  
6 S ja: det var veldig fint ((latter))  
7 E ja  
8 S ja  
9 (0.6)  
10 E har du flytta i løpet av livet?  
11 S ja: eg har jo budd på e:h [stad på Vestlandet] når eg var eitt eller to (.) to, og så flytta vi til [D2-stad]  
12 og budde på [stadsnamn på D2-stad] e:h i blokk og så til [stadsnamn på D2-stad] når eg var fem så har  
13 eg budd der resten  
14 E ja: kvar bur du i dag?  
15 S på [stadsnamn på D2-stad]  
16 E så er spørsmålet (.) kva dialekt er det du vekslar mellom?  
17 (0.5)  
18 S e:h [D1-dialekt] og [D2-dialekt]  
19 E e:h kan du fortelje noko om kor ofte du vekslar i dag  
20 (0.2)  
21 S det er vel dagleg [ne]sten  
22 E [ja] eh kven er du (.) korleis samanhengar er det du typisk du [vekslar ]  
23 S [det er jo] med  
24 familie som er eh eg snakkar [D1-dialekt] med e: og alle andre [D2-dialekt] eller  
25 E ja eh kvar er foreldra dine frå?  
26 S eh £[D1-stad]£ ((latter)) [mamma- ]  
27 E [og dei snakkar] [D1-dialekt] til deg eller?  
28 S =ja me- ja det er jo litt mamma er jo litt blanding men eller eh ja  
29 S ja men det er vel eigentleg det  
30 E ja (0.3) eh kor tid var du fyrst på ein måte gjort medviten på eller at du snakka to forskjellige eller  
31 på ulike måtar? viss eg kan seie det sånn  
32 S =ja nei e:h nei det var jo når eg byrja på skulen at eg byrja å leggje om alts[å ] i fyrste klasse  
33 E [ja]  
34 S eh fordi no då var det jo folk som påpeika eh d-dialekten mi og mobba den hhh så la eg om men eg  
35 hugsar ikkje heilt når eg hadde lagt om det har berre skjedd sånn  
36 E ja det var ikkje sånn eit medvitant val om at no snakkar eg [D2-dialekt] på skulen og

37 S =ja eller det vart jo det det vart jo at eg gjorde det på grunn av eg fekk kommentarar s[å ] derfor så la  
38 eg om på grunn av det då  
39 E [ja]  
40 E men snakka du på ein måte begge dialektene før du byrja på skulen? [eller] var det sånn så du  
41 sna[kka ba\_]re [D1-dialekt]  
42 S [nei ]  
43 S [eg trur]  
44 S =ja eg trur det  
45 E =ja  
46 S eg er ganske sikker på det det er i alle fall sånn eg hugsar det trur det for eg gjekk jo ikkje i  
47 barnehage  
48 (0.5)  
49 E nei  
50 S så det var jo då liksom eg byrja å gå saman med folk frå [D2-stad] trur det var det  
51 E ja for det var ikkje eh no berre spør eg eh [nokon]  
52 S [jah ]  
53 E typisk vennar før bar- eller sånn i barnehagealder altså før du byrja på skulen at d[u ] veit du noko  
54 om på ein måte korleis du snakka til dei typisk?  
55 S [ja]  
56 S =nei [eg hugsar ikkje men]  
57 E [det er jo vanskeleg ] å tenkje tilbake på altså  
58 S £=mamma veit jo sikkert det£  
59 (0.5)  
60 E ((ler))  
61 S neidå men eg hugsar ikkje eg trudde eg trudde eg snakka sånn som mamma og dei liksom  
62 E jah  
63 S trur eg gjorde det (0.3) eg hugsar ikkje kven eg gjekk saman med på (.) skulen  
64 E ((ler))  
65 S £[eg hugsar] ingenting£  
66 E er det ein av de[i: ] på ein måte dialektane du tenkjer er (.) kva skal eg seie (.) dialekt  
67 nummer ein eller morsmålsdialekt?  
68 S [frå skulen]  
69 S =ja det er jo [D1-dialekt] eller sånn fordi den er jo veldig utvatna men eg tel i hovudet sånn på den  
70 dialekten  
71 E [mm]  
72 S [og ] eg tenkjer på den dialekten så det er jo det  
73 E ja var faktisk akkurat det [Lukas] også sa

74 S =det er vittig ((ler))

75 E han når han var åleine så tenkte han på den [di]alekten det var den dialekten han hadde i hovudet

76 S [ja]

77 S ja

78 E eh

79 S °det var veldig vittig°

80 E =for det er jo på ein måte litt av greia med bidialektale at det er ikkje noko sånn krav om at du må e:  
81 snakke perfekt [D1-dialekt] og perfekt [D2-dialekt]

82 S =nei

83 E det handlar liksom om at du sjølv opplever at du snakkar to forskjellige [di]alektar

84 S [ja]

85 S for eg veit jo at min er veldig (.) altså (.) kva skal ein seie (.) dau i forhold til det det eigentleg er  
86 men det er jo på ein måte [min]

87 E [ja ] det kjem jo ann på kven ein samanliknar [med]

88 S [jaja]

89 S for viss ein snakkar med folk frå [D2-stad] så er det jo veldig [annleis ]

90 E [då er det jo] sånn superbrei sikkert

91 S =ja ja ja ja men i forhold til dei i [D1-stad] så er det jo mykje mindre å å både [Lukas] og [Nora] er  
92 jo breiare enn meg igjen men er det er jo sikkert fordi dei har budd der

93 E mhm

94 S men ja

95 E så det er ikkje på ein måte at på et tidspunkt så då har du på ein måte heile tida rekna [D1-dialekt]  
96 for å vere på ein måte hovuddialekten viss ein kan kalle det det? ikkje i betydning at den du brukar  
97 mest

98 S [ja]

99 E [me]n den du liks[om]

100 S [ja ] for det vert jo eigentleg det [0.9] sidan eg sidan eg tenke

101 E [ja ]

102 S =for eg har tenkt på det sjølv at vittig at eg tenkjer på det fordi at sidan eg snakkar jo [D2-dialekt]  
103 mest

104 E =ja for eg tenkte typisk sånn heime om det var sånn at når du var yngre at eh at det var det då men at  
105 det kunne kanskje ha endra se[g at nå] var det meir naturleg skjønner du tanken

106 S [mm ja]

107 S =jajaja

108 E eh no fekk eg vel eigentleg svar på neste spørsmål som var om ein om det var ein av dei dialektene  
109 du brukar meir enn den andre?

110 S =ja

111 E [det var kanskje D2-dialekten]

112 S [det er jo ja det vert ] jo det eh men eg brukar det jo mykje ikkje sant fordi når eg snakkar

113 med mykje med ho og og med sysken og sånn så brukar eg jo mykje eller det vert det jo [D1-

114 dialekten] og det ja fdet som er vittig er jo f hhh når eg snakkar i telefonen med mamma for eksempel

115 og eg er med nokon med [D2-dialekt] så prøvar eg å bruke ord som er nøytrale sånn dialektnøytrale

116 fordi eg synast det er så flaut

117 ((latter))

118 E ja er det fordi du ikkje vil ha kommentarar på det er det lik[som]

119 S [jah ] vil ikkje at folk skal høyre det

120 E =ja

121 S men det er jo det er jo sidan altså det er jo sikkert fordi at eg vart jo egentleg mobba for det eller

122 mobba men ja

123 E jaja men kommentarar er j[o-]

124 S [ja ] det var jo sånn [dei var jo sånn æhæ ]

125 E [og språket vert jo veldig nært]

126 S =ja

127 E ja

128 S korleis er du så rar så rart du snakka og så eg så det var jo det for barn er jo (.) stygge

129 E [ja ja ]

130 S [også] nei så derfor er det jo eit egentleg dilemma dagleg sånn

131 E [mm ]

132 S [om d]et for det det er sånn åh eg må tenkje korleis skal eg seie det utan å seie (.) ja

133 E =det er likt som det han[ fortel ] det er veldig like opplevingar

134 S [åja så vittig]

135 S det er veldig vittig ja fordi vi snakkar jo aldri om det

136 E nei

137 S meg og han eller då [Nora]

138 E og det er jo på ein måte tidlegare forskning som har sett på dette då det er veldig mange av

139 informantane som ikkje har reflektert over [det] fordi det er så

140 S [ja?]

141 E [naturleg del av dei at dei berre]

142 S [aldri reflektert over det ]

143 E nei. eg har egentleg ikkje peiling på kvifor eg gjer det

144 S nei

145 E =eller sånn derre at dei har liksom ikkje tatt stilling til [0.2] til det då [0.3] e:

146 S [nei] [nei]

147 S det har aldri eg gjort



148 E nei det og det er jo veldig forståeleg eller sånn

149 S mm

150 E eh men (0.3) eh så det på en måte då når du byrja på barneskulen at du liksom lærte deg [D2-dialekt]

151 S =ja

152 E kan du hugse på ein måte korleis (1.0) var det sånn at du då høyrde på dei du gjekk i klasse med

153 typisk tok opp dei sine ord eller var det nokon måte [du] gjorde for å lære deg [D2-dialekt]?

154 S [ja]

155 S ja (.) eg tippar jo det var det altså det som er altså eg hugsar jo nesten ikkje korleis eg har >lært

156 meg< det berre berre det har berre vorte sånn og eg og eg tippar jo at eg berre har tatt opp >og gjer<

157 sånn som dei snakka og derfor så er [D2-dialekten] mi som dei eg var rundt berre det at fordi eg har jo

158 eg snakkar jo ikkje sånn med bå- ud i båden og sånn (0.2) blaute konsonantar

159 E mm

160 S eh (1.0) men det er også sikkert også sidan eg har to dialektar men også fordi at kanskje ikkje dei

161 eg var saman med gjorde det

162 E =ja [at ein vert på]verka av dei [0.2] rundt liksom

163 S [fordi eg ] [ja ]

164 S ja eg har nok berre lagt meg etter (.) det dei på skulen sa >så eg trur nok< det var det at eg berre tok

165 opp (0.2) opp det dei sa

166 E ja (1.0) ehm så: vil du seie at på ein måte den innlæringa av [D2-dialekt] eller på ein måte ein

167 blanding nesten av medvitent og ikkje-medvitent?

168 S =ja

169 E =at det på ein måte var eit medvitent val om å tileigne seg dialekten men at måten det skjedde på

170 skje[dde] litt sånn [0.2] [automatisk nesten] eller sånn

171 S [ja ] [ja] [trur nesten det ]

172 S ja

173 E [ja]

174 S [ja] for at eg hugsar jo veldig godt det der med at at eg synast det var ubehageleg at dei (.)

175 kommenterte på måten eg snakka

176 E mm

177 S så eg tippar det noko ala det same dilemma som eg har (.) no ehm endå

178 E mm

179 S =med det på telefonen at eg prøvde å (.) unngå å seie dei orda som eg visste var (0.3) .hhh veldig

180 annleis ikkje sant

181 E mm

182 S eh så har det sikkert berre vorte meir og meir at eg sa (.) plutselig ikke i staden for ikkje ikkje sant

183 E mm

184 S mm så det har sikkert skjedd litt sånn medviten ikkje-medviten

185 (1.5)

186 E e:: (0.5) eg tenkte litt på det på ein måte tilknytninga til dei geografiske stadene (.) >korleis tenkjer  
187 du< (.) for eksempel di tilknytning til [D1-stad] [0.2 ] for eksempel i barndommen

188 S [mm]

189 S ja

190 E har du vore mykje der eller?

191 S =ja: eg var jo veldig mykje i: i [D1-stad] når eg var liten ja

192 E mm

193 S =og eg ville jo faktisk eg ville jo ta (.) sjuande klasse (.) i [D1-stad] [eg spur]de mamma og dei om  
194 det

195 E £[åja: ]£

196 E ne:i

197 ((latter))

198 S .hhh jo men fekk ikkje lov

199 ((latter))

200 S så det synast eg var kjem- eg ville jo bu der

201 E du ville det ja?

202 S =jah (0.3) eg ville det

203 E j[a var det når du var liten? ]

204 S [eg tenkte at eg skulle flytte] (0.4) ja når eg var liten tenkte eg skulle flytte der liksom når eg vart (.)  
205 stor

206 ((latter))

207 S eg synast det var så gøy i £[D1-stad]£

208 (1.5)

209 S det endra seg litt etter kvart (1.2) men eg hadde veldig lyst til å ta sjuande klasse der hugsar eg

210 E =ja

211 S og det [spurte- ]

212 E [ville få med deg] familien opp o:g

213 ((latter))

214 S hehe nei altså berre meg at eg budde hjå farmor

215 E åja £[så] vittig£

216 S [ja]

217 S det var det eg ville og eg trur eg spurde farmor og ho ville jo sikkert det menn

218 E ja £sikkert vore glad for det£

219 S ja

220 S =men det vart aldri noko

221 (0.5)

222 E så vil du på ein måte kategorisere: tilknytninga di til [D1-stad] som positiv eller [så]n: a[t du ]  
223 S [ja] [jadå]  
224 E fant [0.2] ein nær tilknytning  
225 S [mm]  
226 (0.5)  
227 S ja  
228 E [eh]  
229 S [vi ] var der jo veldig mykje (.) før følte eg  
230 E ja  
231 S mm  
232 E er det noko (1.0) viss ein på ein måte ser >du snakka jo< litt om at du føler kanskje at dialekten din  
233 har vorte litt sånn .hhh utvatna [eller] sånn (0.3) trur du at (0.5) har det noko påverknad med kor  
234 mykje du har vore i [D1-stad] etter kvart som du-  
235 S [mm]  
236 S absolutt det trur eg absolutt (0.6) eg trur nok eg snakka e:h endå breiare når eg var mindre >altså det  
237 hugsar eg jo ikkje sjølv< men det tenkjer eg berre (0.3) er naturleg fordi at når vi var der mykje og  
238 var mykje med familie (0.5) og så i seinare år så har det vore at ein ikkje har tid til det  
239 E mm  
240 (0.3)  
241 E [jaja]  
242 S [så: ] (0.5) då er ein då er ein veldig mykje i [D2-stad] så eg tippar nok viss no eg (.) hadde vore eit  
243 halvt år (0.4) åja (1.0) .hh i: i [D1-stad] så hadde eg sikkert snakka mykje breiare  
244 E mm  
245 (2.5)  
246 E e::h  
247 S tippar eg  
248 (1.5)  
249 E e:h (0.5) kven er det du reknar med i din nærmaste familie i oppveksten?  
250 S ja det er jo mamma og pappa og to sysken også .hhh var vi jo også veldig nære med fa- både farmor  
251 og mormor og morfar [og ] eh tante o:g onklar og kusiner var vi også veldig mykje med  
252 E [mm]  
253 S =men altså som dei nærmaste er jo (.) foreldre og sysken (.) og besteforeldre også (.) ja  
254 E =ja og (0.2) var dei andre i familien dei snakka [D1-dialekt] då altså  
255 S ja  
256 E ja (0.5) vil du seie at det har kunne hatt noko påverknad på (1.2) dialekten di eller [språket]  
257 S [jaja ] absolutt  
258 E =at du i det heile tatt på ein måte snakka [0.7 ][D1-dialekt eller sånn-]

259 S [mm][ja det er vel- ja ]

260 E etterk- for det er jo ikkje (1.2) kva skal ein seie (0.3) det er jo naudsynleg uvanleg men det er jo eit  
261 (.) fascinerande fenomen at du har vakse opp i [D2-stad] men fram til du byrja på skulen har du  
262 snakka ein heilt annan dialekt enn det som eigntleg

263 S =eg veit det

264 E =høyrrer til lokale

265 S =ja det er veldig rart også fordi at det er jo mange for- nei barn som har foreldre som snakkar annan  
266 dialekt som ikkje [gjer] det sjølv

267 E [mm]

268 S så eg trur nok det har mykje å seie at alle i familien snakkar [D1-dialekt] og at vi har vore mykje  
269 med dei

270 E =ja

271 S sikkert OG det der med at viss eg hadde byrja i barnehage så tippa eg kanskje eg hadde snakka [D2-  
272 dialekt] tidlegare [0.4] og kanskje ikkje snakka begge delar eg veit ikkje faktisk

273 E [ja\_]

274 E nei kva tenkjer du om med tanke på barnehage =det er jo også eigntleg  
275 (0.2)

276 S ja: for eg tippa jo kanskje at eg hadde snakka annleis viss eg hadde gått i barnehage

277 E mm

278 S =eg ser jo berre på [namn på son] som e:h (1.0) som eg følte endra liksom litt han var jo litt sånn  
279 forvirra (.) før på grunn av det er mange dialektar

280 E mm

281 S men i: frå barnehage av så snakka han berre [D2-dialekt] .hhh så det hadde jo sikkert det (.) det er jo  
282 interessant eigntleg om eg berre hadde snakka [D2-dialekt] (.) aldri tenkt på  
283 (1.0)

284 S aldri tenkt på kvifor eg har haldt på begge

285 E nei for du hadde jo ikkje trengt [å gj]ort det

286 S [nei ]

287 (0.5)

288 E eigntleg så kunne du jo berre: (0.7) anten eller sånn viss du då opplevde at du måtte skifte i alle fall  
289 i nokre tilfelle så hadde det jo kanskje vore lettast å berre skifta heilt

290 S =ja eg veit det

291 E noko har jo skjedd som he gjort at [du] på ein måte-

292 S [ja]

293 S og eg trur forresten at eg veit fordi at med fetrar og ((latter)) [namn på fetter] meiner eg så trur eg  
294 dei: (.) mobba meg for at eg var byfis igj[en]

295 E [ja:] så då vart det på ein måte motsett

296 S =ja: og så meinte dei også at eg snakka som ein byfis eh litt (0.2) så eg trur nok (.) der igjen å eg må  
 297 snakke [D1-dialekt] med dei  
 298 E prøve å liksom å verne om d[e:] eller sånn  
 299 S [ja]  
 300 S fordi eg er ikkje sånn byfis også når eg er i byen så må eg e:h ja hhh  
 301 S [så det er ikkje så- ]  
 302 E [men kan du hugse] typisk (0.4) kor gamle var (.) eller sånn har det vore heile tida typisk at dei har  
 303 kommentert på det [ell]er var det liksom-  
 304 S [ja]  
 305 E [ein viss del av-]  
 306 S [ja godt spørsmål] det var jo sikkert e:h det var jo sikkert på barneskulen ungdomsskulen (.) tippa  
 307 eg  
 308 E mm  
 309 S °fordi dei var ganske direkte° med-  
 310 (0.8)  
 311 S det vart litt sånn mobbete  
 312 E så det er jo på ein måte: eigentleg litt (0.6) dei har jo kanskje påverka [ei] sida [på eit ] vis  
 313 S [ja] [faktisk]  
 314 E [det er jo-]  
 315 S [eg tru:r ] eigentleg det  
 316 E =på den andre sida då [0.2] viss dei på skulen påverka deg [0.3 ] nokså negativt  
 317 S [ja ] [mm]  
 318 E kommentarar og tvinga nesten til å: tileigne deg ein ny dialekt så vart du tvungen til å behalde den  
 319 gamle [(0.3) eh via dei då ]  
 320 S [ja trur eg vart tvinga] til: ja (.) det er det nok utan at eg eigentleg (0.2) har aldri tenkt på det  
 321 E men kan du hugse typisk når: då i oppveksten (1.3) kor tid =eller sånn når du veksla var det liksom  
 322 sånn når du var i [D1-stad] så snakka du [D1-dialekt] då-?  
 323 S =eg vekslar ut frå kven eg snakkar med  
 324 E ja  
 325 S så viss eg snakkar med nokon for eksempel i jobbsamanheng når eg er på jobb og er [person frå D2-  
 326 stad]  
 327 E mm  
 328 S og treffer nokon frå [D1-stad] for eksempel  
 329 E ja  
 330 S så vert det veldig konflikt for meg (.) fordi at eg er sånn å shit no føler eg eigentleg at eg må snakke  
 331 [D1-dialekt] men så snakkar eg [D2-[dial]ekten] [lik]evel  
 332 E [ja ] [ja ]

333 S fordi at eg er jo på jobb og ja

334 E ja? og det på ein måte er kanskje den dialekten du forbinder i den rolla [=eller sånn]

335 S [jajaja ]

336 S ja

337 E at det vert litt (0.2) konflikt (.) eh det skjønar eg kjempegodt

338 S mm

339 E det vert jo litt sånn (.) det naturlege hadde kanskje berre vore å snakka [D1-dialekt] på grunn av at

340 dei sin dialekt (.) på ein måte utløyser [D1-dialekten] i deg men så likevel så må du på ein måte

341 overstyre [re] den [de]rre [0.5 ] automatikken

342 S [ja] [ja] [ja faktisk]

343 S mm

344 (0.2)

345 S og det er litt rart.

346 (1.2)

347 S viss eg hadde vore åleine (.) viss eg åleine med nokon så kan det jo vere eg snakkar [D1-dialekt]

348 (0.7) då

349 E ja

350 S =eg trefte faktisk akkurat [namn på venn] og han snakkar jo ikkje [D1-dialekt]

351 E nei

352 S men han snakkar jo meir liknande det

353 E mm

354 S og eg trefte han åleine i [stad] (.) og då vart eg sånn shit skal eg snakke [D2-dialekt] eller [D1-

355 dialekt] >og så vart eg litt sånn< (.) kva pleier eg å gjere til han nei det er vel [D2-dialekt] men så:

356 enda det med [D2-dialekt] då

357 E ja

358 S men då kunne eg like så godt ha snakka [D1-dialekt]

359 E mm

360 S =så det er nokon sånn konfliktar av og til som (0.3) shit korleis skal eg gjere det no

361 E eg trur faktisk [Lukas] også har nemnd han [det er jo] litt vittig

362 S [så vittig]

363 ((latter))

364 E at det er liksom vanskeleg (1.0) fordi han høyrer jo på ein måte til [gjengen på D2-stad] samstundes

365 som (0.9) det vert liksom naturleg å snakke [D1-dialekt] med folk som (.) med byggedialekt då

366 S =ja

367 (0.8)

368 E e:h men har du på ein måte nokon: tankar om kor tid (0.7) du tenkte okei n<sub>o</sub> har eg to dialektar no

369 har eg ikkje berre ein på ein måte kor tid det vert liksom konsolid[ert]

370 S [ja:]

371 E altså på ein måte (.) kva skal eg seie [0.8 ] gjort solid eller?

372 S [skjønar]

373 S ja: godt spørsmål (0.5) så var det jo denne hukommelsen min (0.2) men ((latter)) men e::h det kan jo

374 vere at det har vore sånn ungdomsskulealder

375 E mm

376 S de:t (.) eg veit då søren eg visste det vel på barneskulen men eg veit ikkje om eg tenkte på det eller

377 reflekterte sånn veldig at eg skifta sånn

378 E nei ell[er at- ]

379 S [eller jo] kan jo vere i slutten av barneskulen o::g ungdomsskulen

380 (1.5)

381 E mm

382 S er litt i tvil

383 (2.7)

384 E e:h har du no- sånn med tanke på på ein måte språkmiljøet i heimen altså heime hjå dykk (0.5) e:h

385 vil du seie at familien eller foreldra dine har vore på ein måte medvitne på (.) dialektbruk? typisk vore

386 oppteken av at dykk skal snakke D1-dialekt [eller] liknande

387 S [nei ]

388 E nei?

389 S =det følar eg ikkje

390 (1.0)

391 S eg følar dei har vore sånn (.) dei sa akkurat det same (.) korleis ein snakkar =mamma er jo litt sånn

392 (.) vittig i språket sjølv ((latter))

393 S så: ja (.) eg har ikkje følt noko på det =trur det er berre at på grunn av meg sjølv at (0.5) for det at eg

394 har jo aldri følt at eg må det på grunn av mamma og dei

395 E =nei at det ikkje har vore på ein måte: [eit stort ynske frå dei si side]

396 S [ja: sånn ja ]

397 E at du skal behalde [D1-dialek[ten]] [for ] eksempel eller at det [berre- ]

398 S [nei ] [nei] [ikkje som eg kan hugse]

399 E =nei

400 S og eg har ikkje inntrykk av det nei (0.5) nei

401 E e:h (0.4) du sa jo litt om på ein måte (0.3) språkmiljøet på skulen og sånn e:hm (0.2) så du opplevde

402 på ein måte at det var lite aksept for typisk ein sånn byggedialekt eigen[tle-]

403 S [ja: ]

404 S =dei synast det var veldig rart og høyrest rart ut og eg skjønar jo det fordi at sjølv så synast eg jo

405 eller eg synast jo det er vel ein grunn til at eg ikkje ville snakke med (.) for- eh ja andre fordi eg synast

406 det er litt sånn ehm vittig sjølv =men det veit eg ikkje om eg var fordi at det vart sånn på grunn av at

407 eg fekk høyre det når eg var liten (.) eller om det er på grunn av eg synast sjølv at ikkje den er (.) så fin  
408 (.) dialekten  
409 E =mm  
410 S =det veit eg eigentleg ikkje  
411 E nei  
412 (2.2)  
413 E nei det er jo eigentleg litt interessant at du seier for mange =på ein måte har sagt typisk at e:h ikkje  
414 naudsynleg det om dialekten er fin eller [ikkje] men at dei på ein måte har ein sånn positiv tilknytning  
415 til den måten å snakke på  
416 S [mm ]  
417 E =at det er noko av det som har gjor- at dei har verna om det  
418 S [jah]  
419 E [me]dan hjå deg har det liksom berre (.) det har b[erre skjedd ] det er sånn der[re]  
420 S [nei eg har ikkje] [ja]  
421 E at er ikkje naudsynleg det som [0.8] har liksom haldt deg fast [i: ] den dialekten [eller]  
422 S [nei] [nei] [nei ]  
423 S =nei for det eg har vore flau av den eh mhm mesteparten av livet  
424 E [så kvifor fortsetje-] [jah] [ja ]  
425 S [så det vil jo seie at] du skulle [lagt] den [vekk] på ein måte  
426 ((latter))  
427 E så det er jo veldig vittig  
428 S ja kvifor har eg haldt på den ja (.) det er veldig rart  
429 S [ja ]  
430 E [men] kva tenkjer du med tanke på: at (.) at du vaks opp på [stadsnamn]? og kvar [stadsnamn] ligg  
431 geografisk plassert med få naboar?  
432 ((latter))  
433 E trur du det har hatt noko: [0.7] påverknad?  
434 S [e:h]  
435 S =ja det har det nok ja frå (.) før skulen  
436 E mm  
437 S fordi at [alle- ] [nei]  
438 E [det var] ikkje nokon på din alder [typ]isk  
439 S nei  
440 E nei  
441 S så vi var jo sikkert ikkje med så mange: barn eller vi var sikkert med nokon eg hugsar jo så lite  
442 =men sikkert noko å seie ja for at eg hugsar jo at alle altså når eg byrja på skulen alle som var naboar  
443 gjekk jo til kvarandre heile tida



444 E mm

445 S og mi måtte jo verte køyrt og det var jo: (.) altså ja (0.2) det har sikkert hatt noko å seie det

446 E [mm ]

447 S [faktisk]

448 (2.4)

449 E trur du på ein måte det at (0.2) der er ein del likskapar mellom [D1-dialekt] og [D2-dialekt] trur du

450 det har hatt noko innverknad på (.) på ein måte at du har tileigna deg (.) begge at det har vore lettare

451 for eksempel eller?

452 S ja:

453 E at det har falt meir naturleg

454 S ja

455 E =tenkjer kontra for eksempel la oss seie til dømes [sonen] viss han skulle tileigna seg [nordnorsk

456 dialekt]

457 S [jaja ]

458 E [ikkje sant ] det er jo større [gap]

459 S [ja eg veit det] [ja ] heilt sikkert

460 S det er det sikkert (.) utan at eg har reflektert =altså eg har jo ikkje reflektert ((latter)) ðover noko

461 [med dialekten]

462 E [og her grev ] eg skikkeleg

463 S =det er liksom berre at eh ja eg har to dialektar det er jo det det har eg jo ikkje tenkt at det er jo mitt

464 eige val eigentleg

465 E nei (.) nei at det har [liksom- ]

466 S [har berre] tenkt at sånn er eg

467 E sånn er det

468 S ja

469 E kan ikkje gjort noko for det

470 S veldig vittig (0.4) jah

471 (1.2)

472 E har du: inntrykk av at (0.3) e:h foreldra dine har haldt godt på dialekten og at det har kunne hatt

473 noko påverknad?

474 S ja det jo det kan det kan det også vere fordi at viss dei hadde lagt om også for eg ser jo pappa legg

475 om sånn litt på jobb

476 E mm

477 S mamma gjer det mindre (0.7) m: eigentleg menne: dei har jo haldt på den veldig (0.2) eh og dei

478 flytta jo til byen tidleg så dei kunne jo ha: lagt om men eg tippar det har mykje å seie at ein har vore

479 nær familien i [D1-stad]

480 E mm

481 S =for viss ikkje ein hadde hatt kontakt med dei så tippar eg det hadde vore annleis (0.3) kanskje  
 482 E ja (.) på ein måte haldepunktet for [D1-dialekten] berre hadde vore hjå [ja] [foreldra dine]  
 483 S [ja] [ja: ]  
 484 E e:hm men kan du hugse om [far] då har (.) at han liksom at du har høyrte at han har veksla mellom  
 485 (0.5) har han alltid gjort på ein måte [medan han har budd her]  
 486 S [ja godt spørsmål ]  
 487 E [eg tenkte liksom om ] han kunne ha vore eit førebil[et- skjønar du] liksom  
 488 S [eg følar liksom ikkje-] [jajaja ]  
 489 S ja men for eg følar liksom ikkje eigentleg at han gjorde det før? men det kan vere men eg følar berre  
 490 at eg hugs- eller hugsar i seinare tid at eg høyrde at han har veksla om og så er det sånn (.) åja vittig (.)  
 491 ve- gjer du det  
 492 E mm  
 493 S så:: e:h men det veit eg ikkje eg kan ikkje hugse men eg trudde ikkje han gjorde det (0.6) før  
 494 S men det kan jo vere  
 495 E jaja [det ] er jo vanskeleg å hug[se] sånn akkurat også  
 496 S [asså-] [ja]  
 497 E e:hm (0.9) er det noko du tenkjer (0.2) på ein måte som gje- =det høyrest litt rart spørsmål ut men er  
 498 det noko du tenkjer som på ein måte er spesielt (0.3) med dykk som gjer at (.) akkurat dykk har to  
 499 dialektar?  
 500 S [mm] [ja ] [ja ]  
 501 E [det ] var jo som du sa i [stad] at det er jo mange som har foreldre med [0.2] ein annan dialekt men  
 502 dei snakkar jo [ikkje] ungane snakkar jo ikkje naudsynleg [0.3] den dialekten  
 503 S [nei ] [nei]  
 504 E kva tenkjer du på ein måte kan vere grunnen til at (.) dykk gjer det?  
 505 S =ja det er veldig godt spørsmål ((ler))  
 506 E [vanskeleg å svare på]  
 507 S [det lurar eg også på ]  
 508 ((ler))  
 509 S kun- skulle gjerne hatt svar på det (.) neidå  
 510 E [viss det er på ein måte ]  
 511 S [nei eg veit ikkje det kan] jo vere at det har hatt noko å seie at eg har gjort det så derfor har [Lukas]  
 512 og så [Nora] (.) eg veit då søren  
 513 E mm  
 514 S fordi at (0.3) eg veit ikkje heilt eg har berre tenkt at det ikkje har vore noko alternativ (.) eller sånn  
 515 eg trur det har vore veldig lite medvitent eh sett bort frå at altså (0.2) det med at eg la om på skulen var  
 516 jo: det var b- det var jo på ein måte medvitent då sidan eg ville ikkje ha kommentarar på det .hhh men  
 517 utover det så: eg veit då søre:n jah

518 S nei: t-t veit ik- (0.2) ikkje noko spesielt med oss =eg veit då søren (.) egentleg =men det kan jo  
519 vere at det at viss ikkje eg hadde byrja med det så kan det jo vere at ikkje dei hadde byrja med det  
520 igjen  
521 E mm  
522 S =sidan eg er eldst  
523 S [kanskje han-] [ja]  
524 E [ja det tenkjer] eg absolutt kan [ha]  
525 E og det [er jo-]  
526 S [sidan] han høyrde at eg veksla [0.2] så er det sånn åja då er det sånn ein gjer  
527 E [ja ]  
528 E =ja (.) det er på ein måte (.) normalen han eller dei veks opp med då  
529 S =ja

Intervju med Lukas

- 1 E kvar er du fødd og oppvaksen?  
2 (1.2)
- 3 L e:h eg er fødd i [D2-stad] og vakse opp i [D2-stad]  
4 E ja (0.2) korleis var det å vakse opp i [D2-stad]?  
5 L e:h det har vore ein fin oppvekst det? e:h likar å vere i [D2-stad]  
6 E har du flytta i løpet av livet?  
7 L eh ja: eg har jo eigentleg det (.) eg har eh pendla eller budd i [D1-stad] delvis når eg var lærling som  
8 [yrke]  
9 E kor lenge var det snakk om?  
10 L e:h til saman så vert det ve:l to og eit halvt år (0.3) fordelt på fire og eit halvt år  
11 E ja (.) kor gamal var du då?  
12 L det er vel i frå seksten ti:l (0.7) tjue? >nei atten< (0.3) nitten (.) ja fire og et halvt år cirka tjue då  
13 (2.6)  
14 E e:h korleis opplevde du det å flytte eller flytte litt mellom [D1-stad] og [D2-stad]?  
15 L eg synast eigentleg det var veldig? greit e:h (.) det var ein del køyring men elles var det veldig greit  
16 (1.5)  
17 E kvar er det du bur i dag?  
18 L i dag bur eg på [stadsnamn] i [D2-stad]  
19 E e:h kva for dialektar vekslar du mellom?  
20 L veksle mellom [D2-dialekt] og [D1-dialekt]  
21 (3.9)  
22 E kan du fortelje noko om kor ofte du vekslar i dag?  
23 L e:h det er så ofte som eg treff personar som har ein annan dialekt ((ler)) så viss e:g sei sånn som når  
24 eg budde i [D1-stad] og var der veldig mykje så gjekk det jo nesten berre i [D1-dialekt] og (0.2)  
25 medan når eg då har budd lengre periodar i [D2-stad] og vore her nede mykje så går det (.) berre i [D2-  
26 dialekt] (0.3) eh bortsett frå når eg er heime hjå foreldra mine då  
27 (1.2)  
28 E kvar er foreldra dine i frå?  
29 L dei er i frå [D1-stad]  
30 E og kva for ein dialekt er det dei snakkar? til deg?  
31 L dei snakkar [D1-dialekt]  
32 E gjeld det i alle tilfelle? at dei snakkar [D1-dialekt] til deg?  
33 L e::h ja: både og altså dei byter litt dei også men ikkje: ikkje like fullt kan du seie altså dei byter ut  
34 ord men ikkje full dialekt  
35 E nei på kva for ein måte då?

36 L e:h i form av at dei droppar kanskje å seie ikkje og så seier dei ikke (.) men dei har mykje andre (.)  
37 ord som (.) framleis er litt [D1-dialekt] men dei pyntar litt på det men eg veit ikkje om det er for  
38 å passe meir inn eller å verte meir forstått men (0.2) ja  
39 E =er det nokon (.) dei byter ovanfor eller er det snakk om nokre visse situasjonar som styrer det  
40 [eller?]  
41 L [det ] er same som for min del at når ein er med [folk frå D2-stad] så legg dei nok litt om og så er  
42 ein [D1-dialekt] saman med [folk frå D1-stad]  
43 (1.7)  
44 E når var det du fyrst vart gjort medviten på at du snakka eller beherska to dialektar?  
45 L e:h eg trur det må ha vore på barneskulen (.) for eg gjekk jo ikkje i barnehage e:h og det var ikkje for  
46 eg gjekk på barneskulen eg vart klar over at eg byta når eg var med dei (.) på skulen og så byta eg til  
47 noko anna når eg var heime  
48 (1.8)  
49 E ja kor gamal på barne e:h barneskulen trur du det [var-]  
50 L [eg ] tippar det var ganske tidleg e:h  
51 L om det er i fyrste andre tredje eller veit ikkje eg e:hm det er nok heilt i byrjinga for eg har jo alltid  
52 gjort det  
53 (1.2)  
54 E var det noko spesielt som gjorde at du på ein måte vart klar over det eller la du merke til det sjølv  
55 eller?  
56 L =ja: eg vart jo veldig (.) altså folk påpeika det jo veldig (.) i dei situasjonane der dei høyrde eg  
57 svitsja om (0.2) så viss eg var i telefonen med mamma når eg var med dei andre (.) så la la dei veldig  
58 merke til det og berre å: kva for ein dialekt er det du snakkar ((snakkar med D2-dialekt))  
59 L så: då kom det jo veldig tydeleg eh fram då  
60 E men kan du seie noko meir om >på ein måte< når du (0.2) tileigna deg eller lærte det her? veit du  
61 liksom noko om >eller er det berre< sånn at de[t all]tid har vore sånn for deg?  
62 L [nei]  
63 L eh eh det har aldri vore noko medvitent (.) så dei det det det var som at når eg vart opplyst om det  
64 sjølv så innsåg eg det sjølv at eg gjorde det (.) utover det hadde eg ingen formeiningar over .hhh det  
65 var ikkje noko ein prøvde på o:g ikkje noko eg hadde tenkt over heller før eg vart .hhh opplyst av  
66 andre åja du byter dialekt så (.) så vart eg klar over det sjølv  
67 E =ja vart du overraska (0.2) måten d[u vart opp]lyst om det?  
68 L [eh eh ja ]  
69 L ja eg vart veldig overraska eller sånn eg vart overraska kor mykje folk (0.3) e:h (0.2) la merke til det  
70 og tenkte over det fordi eg har jo aldri tenkt over det elle:r ja gitt det noko tanke eigentleg medan alle  
71 andre legg veldig veldig merke til det  
72 E kva trur du er grunnen til at andre (0.3) legg merke til det (.) så fort?

73 L litt med at det e:h dei kjenner meg (.) eh meg med den type dialekt pluss at det er jo ei litt rar >eller  
74 sånn< (0.2) ikkje rar dialekt men det er jo det er jo veldig annleis kontra [D2-dialekt]  
75 E mm  
76 (1.2)  
77 E tenkjer du at dei skil seg mykje frå kvarandre dei to dialektane?  
78 L ja: de:t det vil eg seie (.) altså kor mykje min skil meg det (.) det er jo ein ting men dei som er reint  
79 [D1-dialekt] då skil det jo mykje  
80 E ja tenkjer du at din [D1-dialekt] eller din [D2-dialekt] (.) skil seg frå dei som >på ein måte< berre  
81 >er monodialektale< altså at dei berre har-beherskar og brukar ein? [0.5 ] dialekt  
82 L [ne:i]  
83 L eigentleg ikkje (.) e:h eg følar ikkje det er ikkje eg følar ikkje det er det som differerer dei (.) det eg  
84 følar er forskjellen er (0.2) eigentleg kor brei dialekt du har og då er det eigentleg med kva du er  
85 oppvaksen med og kva for foreldre du har eller ja (.) altså berre innad i [D1-stad] så er det jo: uendeleg  
86 mange forskjellige: utgåver av [D1-dialekt] då (0.3) e:h og det er jo veldig få av dei som har ein  
87 reinspikka [D1-dialekt] viss ein skal etter boka liksom  
88 E kva tenkjer du at kjenneteiknar (.) din [D1-dialekt]? viss du skal-  
89 L ne:i altså eg har jo e:h (0.9) eg veit ikkje eg følar eg har alle hovudpunkta (.) på [D1-dialekt] e:h  
90 men det er-det er jo nokon ord som ikkje eg har fullt ut eller som kanskje er rare i kombo med [D1-  
91 dialekt] (1.0) men det er jo litt sånn kva ein er vande med sånn som at eg seier [dialektord] medan i  
92 [D1-stad] så er det ein del seier det medan nokon seier [annan variant av dialektord] og det er jo heller  
93 om (.) om det er [D1-dialekt] eller ikkje det er jo (0.2) .hhh også ein sånn vurderingssak nesten (0.2)  
94 men utover det så føler eg ikkje altså det er ingen det er ingen i [D1-stad] viss eg treff nokon ukjende  
95 der (.) så er det jo ingen som tenkjer over at min dialekt er annleis [så: ]  
96 E [nei så] du har ikkje fått  
97 kommentarar >på ein måte< på at-?  
98 L =eg får aldri kommentarar nokon av vegane så når eg er i [D2-stad] så får eg aldri kommentarar på  
99 [D2-dialekten] mi og viss eg er i [D1-stad] så får eg aldri (.) kommentar på [D1-dialekten] mi  
100 E men sånn e:h >på ein måte< det du sa no men sett i ljøs av [D2-dialekten] kva tenkjer du om på ein  
101 måte graden av ekte [D2-dialekt]?  
102 L =nei det vert litt same der også fordi det er også litt generasjongreie (.) eh både i [D1-stad] og [D2-  
103 stad] (0.2) viss du er ein gamal [person frå D2-stad] så er du veldig mykje [dialekttrekk] og alt det  
104 medan er du ein yngre e:h garde så: så er det både veldig annleis ord og tonefall e:h det-det er veldig  
105 forskjell >så eg< (.) min [D2-dialekt] passar nok min aldersgruppe er veldig lik den .hhh men den er jo  
106 ikkje så li:k på dei som er yngre enn meg eller dei som er eldre  
107 E mm  
108 L =e:h så er det jo litt kvar du er (.) altså er du frå [avgrensa stad på D2-stad] så (.) det er jo framleis  
109 [D2-dialekt] men det er jo ein heilt eigen (.) [D2-dialekt]

110 E mm (0.3) er det ein av dialektane du tenkjer er (0.2) e:h primærdialekten eller morsmålsdialekten  
111 eller kva ein kan kalle det?

112 L .hhh det er det som er litt rart for eg følar [D1-dialekt] er min morsdialekt

113 E mm

114 L =men det er jo på grunn av det er det vi snakkar heime (0.2) så det (.) det er jo det eg har (.) snakka  
115 mest i løpet av livet men også når eg er for meg sjølv .hhh så er det det eg tenkjer og det er det eg e:h  
116 (0.3) altså eg snakkar jo ikkje til meg sjølv men altså det er det som vert utgangspunktet då

117 E =så viss du på ein måte hadde tenkt ((host)) så kan ein liksom seie at du tenkt det på [D1-dialekt]

118 L [ja]

119 E [på] eit vis

120 L =så viss nokon sa at eg skulle seie ut tankane mine i løpet av ein dag så hadde det vore på [D1-  
121 dialekt]

122 E mm (.) indre fortellerstemme på [D1-dialekt]

123 L [ja:h. ] ((latter))

124 E er det noko som har endra seg eh (0.4) sånn i barndommen i ungdoms (0.2) alder og i vaksen alder  
125 >eller har du< (.) alltid opplevd at det har vore morsmålsdialekten?

126 L =nei alltid vore sånn  
127 (1.0)

128 E ja (.) kva tenkjer du er grunnen til at (.) at du alltid har opplevd (.) opplevd det som  
129 morsmålsdialekten? at dette ikkj- (.) ikkje har endra seg?

130 L e:h eg trur det er på grunn av det at eg faktisk har (0.2) to dialektar (.) fordi då har ein begge så det  
131 er ikkje noko som endrar seg (.) så det viss eg er ein plass meir eller mindre (.) så endrar det seg  
132 eigentleg ikkje (.) fordi eg har begge fullverdig uansett e:hm men e:h i hovudsak så er det jo på grunn  
133 av eg vaks opp med [D1-dialekt] og så har [D2-dialekt] vorte ein slags tillegg (0.5) e:h sånn eigentleg  
134 (2.1)

135 E ja kva ty- kva meiner du med >kva tenkjer du< rundt det at at [D2-dialekten] vert på ein måte  
136 dialekt nummer to men det er her [D2-stad] du har vakse opp?  
137 (1.3)

